– Han dro på svaret: Jooo, men det e' konfidensielt.

## Eg kan vera snille, hvis eg vil

En gutt skapte stadig vansker for læreren i undervisningen. Hun ba meg derfor om å ta en prat med ham. Vi snakket om problemene hans, og under samtalen kom det fram:

– Det e' egentlig ikkje frøken si skyld at eg oppføre meg sånn i klassen. Det e' egentlig mor mi eg e' galen på. For hu har sånn ein utidige måde å vekka meg på om morningen når eg ska' på skolen.

Jeg undret meg på hvorfor dette skulle gå ut over «frøken» og undervisningen hennes.

– Jo, når eg e vanskelige på skolen, så klage "frøken" te mor mi, og då bli 'u leie, for u' lige ikkje at der komme klager på meg.

Under samtalen videre kom han til å røpe:

– Hvis eg seie te meg sjøl, inni meg, at eg ska' vera greie, så får eg det te.

– Kan du 'kje sei det inni deg?

Vi satt tause en stund, uten å veksle et ord. Så sa han:

– Nå har eg sagt det.

Dette gjentok seg. I flere uker etter at gutten var på kontoret første gangen.

Han kom inn på kontoret, satte seg på den ene siden av bordet, og jeg satte meg på den andre.

Vi satt begge tause inntil han sa: "Nå har eg sagt det."

Og så gikk han tilbake til klassen igjen.

Og – tullet i timene opphørte.

## Forsnakkeler

Det hendte en gang at jeg forsnakket meg flere ganger i en 6.klasse.

Jeg nevnte flere ganger året 1983 når det rette skulle være 1985.

Da kom det fra ei jente:

– Du rektor ligge stadigt to år itte tiå. Men det komme vel av at gutter  
e to år seinare utvikla enn jenter.  
Der fikk jeg den. Kanskje hun hadde rett?

## Tannregulering

En dag ringte skoletannlegen og fortalte om ei jente i sjette klasse som skulle få tannregulering. Men før de kunne sette i gang, måtte hun trekke ei tann.

Men jenta møtte ikke opp på tannklinikken slik at hun ikke kunne henvise henne videre. Tannlegen spurte om jeg kunne snakke med jenta.

Jeg snakket med jenta og orienterte henne om problemet og la til:

– Verken tannlegen eller jeg kommer til å tvinge deg til regulering. Dette er et valg du selv får gjøre. Men det vil jeg ha sagt:

Du skal tenke på deg selv som ungdom når du ser deg selv i speilet og gjerne vil se pen ut slik jenter gjør på den alderen. Om du ikke tar imot reguleringen, vil du se ei jente med skjeve tenner og en uregelmessig tanngard. Kanskje du da vil angre.

– Tenk på det når du går her fra.

En halv time senere ringte tannlegen og sa: Tannen er trukket.

Flere år senere møtte jeg jenta igjen på en klasselfest.

Hun smilte med en vakker, vel regulert tanngard.

Jeg sa: De vakre tennene vil jeg ha litt ære av sammen med tannlegen.

Og det var hun enig i.

## Humlens flukt

Dette hendte tidlig i min karriere: Jeg underviste en klasse i musikk og jeg fortalte om de forskjellige instrumentene i symfoniorkesteret.

For å illustrere et instrument tok jeg med meg fiolinen min. Mine violinferdigheter er på stadium med en amatørmusiker. Jeg spilte en et enkelt musikkstykke som jeg behersket så noenlunde.

Da kom det fra en av elevene:

– Spel Humlens flukt, lærar.

Siden den gang har jeg aldri tatt fiolinen med meg på skolen.

## Tarzan-bukser

Som ung lærer fikk jeg til oppgave å sy Tarzan-bukser i en 3. klasse, sammen med en mannlig lærer på Ullandhaug skole.

Det hadde seg nemlig slik:

Det var vanskelig for skolens ledelse både å finne rom og kvinnelige lærere som kunne ta på seg formingsundervisningen for denne tredjeklassen.

Vi ble henvist til sløydsalen, men det var en bestemt forutsetning at guttene ikke skulle ha tresløyd. Helst skulle vi arbeide med tekstiler.

Noen kvinnelige kolleger fikk medfølelse med oss to mannlige lærere og ga oss tips om at vi burde sy Tarzan-bukser med de små. «Det er en festlig oppgave,» påstod kollegene.

Mønster fikk vi av noen som hadde erfaring med den slags»skoleskredderi.»

Buksene skulle sys som to trekanter. På sidene skulle vi slå maljer, og gjennom maljene skulle vi tre en snor, tvunnet i flere farger etter fritt valg.

Noe måtte elevene få velge selv.

Buksene var «vendbare» i det hver trekant besto av et gult og et brunt stykke bomullsstoff som ble sydd mot hverandre.

Dette ga en rekke interessante fargekombinasjoner

Men å sy disse tøystykkene sammen var ingen lett sak verken for lærere eller elever.

Først skulle det brune og det gule stykket sys sammen med tråklesting.

Vi kalte det bare for «opp-og-ner-sting.»

Da det var gjort, skulle trekantene få sine permanente sting ved at de ble sydd sammen med kastesting som fagfolk kaller det.

Vi kalte det bare for «rundt-og-rundt-sting.»

Vi brukte grove nåler som burde være lette å tre.

Men der bommet vi. Det meste av undervisningstiden gikk med til å «tre tauen inn i nålå» som ungene sa.

Vi lærere gikk derfor alltid rundt med ei saks i lommen slik at vi kunne klippe vekk den delen av «tauen» som ungene hadde slikt på.

Vi lærere syntes at resultatet av innsatsen var svært tilfredsstillende.

Men vi hørte aldri mer snakk om Tarzanbuksene etter at elevene fikk dem med hjem. Vi foretok derfor en aldri så liten rundspørring en tid senere for å høre om buksene var i flittig bruk, eller om de var helt utslitt.

Vi kunne jo aldri være sikre.

– Eg tør aldri ta på meg den bukså. Kameratene mine ville le seg i hjel og mobba meg. Sa en.

– Eg heiv 'an opp på loftet med det sama eg kom hjem, svarte en annen.

– Me har brukt buksene ein gong då me lekte Tarzan i skogen på Vaulen, svarte en tredje.

Det siste svaret satte vi, lærere, pris på.

## Bokhandel i Strandvik

En lærer skulle sende rundt noen papirer til sine kolleger. Han var litt treg med å sende dem videre så jeg bemerket:

– Det står det samme på alle arkene slik at du trenger ikke lese alle.

Da kom det fra en kollega:

– Du veit, heima i Strandvik der har dei ' kje bokhandel så der lese dei alt dei kjeme øve.

## Fat under o'en

En gang jeg skulle ha praksis i første klasse, da jeg gikk på lærerskolen, fikk jeg en ubehagelig opplevelse. Jeg hadde fått til oppgave å lære de små O'lyden.

Barna lyttet til ord der denne lyden fantes, og de tegnet o'er i luften og på pultlokket.

For å gjøre det mer festlig foreslo jeg at barna kunne tegne en ost som bilde på et ord som begynner med O. Jeg foreslo også et barna kunne tegne et fat underosten.

Jeg følte at barna lærte det de skulle, og elevene ga tydelig uttrykk for at de hadde forstått alt.

Til slutt skulle de få skrive O'er i bøkene sine og tegne oster med fat under.

Da oppdaget jeg til min forskrekkelse:

Nesten samtlige elever satt og skrev O'er med fat under.

De har nok rett de som hevder at undervisning er en kunst.

## Me kan visst bestemma kam e vil

En gang jeg, som øvingslærer, hadde studenter i min klasse og skulle demonstrere klasserådsarbeid, vedtok elevene at de ikke ønsket at de voksne skulle være til stede mens de holdt klasseråd. Jeg måtte da, en tanke forlegen, forlate klasserommet sammen med studentrene.

Dette hendte en gang vi drøftet møblering av klasserommet. Jeg hadde min oppfatning mens de fleste elevene mente noe annet. Da elevene fikk sitt forslag vedtatt, ble en elev så begeistret at han utbrøt:

«Me kan visst bestemma ka' me vil i denne klassen.»

Klasserådet fikk også en rekke saker oversendt fra elevrådet til behandling.

## HVA ANDRE HAR OPPLEVD PÅ GAUSEL SKOLE

### Frøken driver med vranglære

En liten gutt sa en gang til "frøken" i en kristendoms-time:

– Det der så du seie nå kan 'kje vera rektigt, for eg har ei tanta så e' ivirigt med i Indremisjonen og hu har aldri nevnt någe om det der.

### Bere enn Jesus

Det hender at elevene blir imponert av læreren. Hør bare:

En av våre lærere opplevde følgende da hun skjente på sin 5.klasse for utidig oppførsel:

– Ofte er det slik at noen få ødelegger for alle, formante hun.

– Det er som en bukett blomster. Et par visne blomster kan ødelegge en vakker bukett.

Da kom det fra en gutt:

– Herlighet, frøken, du e' pitlamen bere enn Jesus te' å laga lignelser.

### Trekke skatten

Da jeg var lærer på Ullandhaug en gang på slutten av 1950 tallet, måtte en lærer skjenne på to 3.klassinger. Den ene av de to bar alltid ranselen for den andre.

– Du må bære ranselen selv og ikke la kameraten bære to ransler, skjente frøken.

– Men han får ei krona av meg for å ber an.

– Nei, det gjør eg ikkje protesterte den andre. Eg får bare 50 øre.

– Ja, men eg trekke skatten, svarte den første.

### Skolefritidsordningen

Dette hendte på skolefritidsordningen:

To gutter, Gorm og Geir, hadde kastet bort en joggesko som tilhørte ei jente slik at hun gikk med bare én sko det meste av dagen.

Da det nærmet seg tiden da jenta skulle gå hjem, sa lederen at nå fikk de to være med å lete etter skoen.

– Jenta kan ikke gå hjem på en sko, hevdet lederen.  
Men skoen var ikke til å oppdrive.

– Dette er alvorlig, sa lederen, jeg blir nødt til å sende melding til foreldrene  
deres om hva dere har gjort.

Guttene sto der skyldbetynet. Da sa den ene:

– Det e' kje så farligt for henne så bare har myssta ein sko. Det e verre for  
meg.

– Verre for deg? Ka meine du?

– Jo, du ser det at 'an Gorm e' beste kameraten min, og me to har gjort så

møje gale i det sista at mor mi har sagt at blir der merr klager på meg nå

så får eg ikkje vera kamerat med 'an Gorm lenger.  
Og så la han til:

– Det e' jo verre å myssta ein kamerat enn å myssta ein joggesko.

# Spritduplikatoren

AV KJELL A. JENSEN

Fram til begynnelsen av 1960 årene var det få lærere som hadde muligheter til å kopiere oppgaver som kunne aktivisere elevene. Men da spritduplikatoren kom på markedet på denne tiden, så åpnet det seg nye muligheter for mange lærere rundt om.

Tidligere hadde gjerne noen få fremgangsrike lærere lagt sine egne «spritduplikatorer» ved å støpe blokker av gelantin i a-fire format. Så skrev det med hektografiblekk på geleblokken det som skulle kopieres. Deretter ble ett og ett kopiark satt inn med sprit og lagt over geleblokken. På denne måten kunne en gjerne klare å få kopiert ett klassesett i til en klasse på 25 elever.

Etterpå ble geleblokken renset for hektografiblekk og nye originaler kunne skrives på geleblokken.

På denne tiden var jeg lærer ved Ullandhaug skole.

Når spritduplikatoren ble tatt i bruk, ble vi mindre avhengig av lærebøkene enn tidligere. Nå kunne vi lage egne oppgaver bedre tilpasset elevene og lokale undervisningsopplegg. Undervisningen kunne letttere differensieres og elever kunne selv få lage oppgaver til de andre i klassen. Både lærere og elever opplevde undervisningen mer spennende og interessant når kopimaskinen ble tatt i bruk i undervisningen. Elevene fikk skrive på arkene og de slapp stadig å måtte skrive av tavla i arbeidsbøkene.

Spritduplikatoren ble et virkelig pedagogisk fremskritt ved mange skoler. Det var særlig de yngre lærerne som utnyttet spritduplikatorens mange muligheter.

Behovet for kopieringspapir økte imidlertid sterkt ved skoler som utnyttet spritduplikatorene. På Ullandhaug skole fikk, rektor, problemer med kommunerevisjonen. Revisorene ville ikke godkjenne at utgifter til innkjøp av kopipapir ble ført på konto for «fritt skolemateriell.» Konto for fritt skolemateriell skulle brukes til innkjøp av lærebøker og skrivemateriell til elevene, hevdet kommunerevisjonen.

Da begynte noen rektorer å føre utgifter til kopipapir på konto for «kontorutgifter» slik at denne kontoen ble overskredet.

Kommunerevisjonen kom på banen igjen med reprimander til skolen.

Rektorene ble da irritert over slik manglende forståelse for bruk av nye læremidler i skolene. De førte utgiftene til kopiering der det passet og ignorerte reprimandene.

Det hender ofte både i skolen og samfunnet ellers at utvikling skjer gjerne når etablerte systemer blir utfordret av nye ideer og teknisk materiell.

# Eg fekk med meg ein eigen ballast

AV MAGNHILD MELTVEIT KLEPPA

Solvang skule på Hjelmeland brann ned ei natt i februar 1957. Eg gjekk i andre klasse og ser enno føre meg den raude himmelen over Almenningen og Valafjellet. Eg vakna av at mor gret. Ho var redd for at folk brann inne. Eg stod i lag med henne og undrast.

Brann er uhyggeleg. Brann tek ofte liv. Først morgonen etter fekk me høyra at det var skulhuset som brann. Ingen var såleis skada, men skulehuset var borte.

Etter det eg hugsar, vart det raskt ordna nye lokaltitar. Småskulen, 1.-3.klasse, sat ved langbord i den eine littlesalen på Hjelmeland bedehus. Storskulen, 4.-7.klasse, fekk eigne pultar og heldt til i den andre littlesalen.

Me var ti elevar i førsteklassen min. Liv-Åshild, Jenny og Aslaug, Arvid, Herbjørn, Terje, Lars, Arnfinn og Ståle. Ståle flytta til Finnøy før me byrja i sjette klasse. Me visste ikkje kor Finnøy var, men det høyrdest ut til å vera langt borte.

I sjette klasse var det så mange elevar i Vormedalen at skulen deira var for liten. Då sluttar Njål og Tore seg til klassen vår.

## Annankvar dag

Me gjekk annankvar dag på skulen. Skulen var firdelt, det betyr at berre første klasse gjekk åleine, andre og tredje gjekk i lag. Slik var det og i storskulen, fjerde og femte klasse gjekk saman, det gjorde også sjette og sjuande.

Lærarsituasjonen var stabil og god. Eli Bjelland var den einaste læraren i småskulen. Ho hadde og jentene i handarbeid i storskulen. Tor Sveinsborg var læraren vår i fjerde og femte klasse. Medan Eli var oppteken av å læra oss alt det grunnleggjande i lesing, rekning og kristendom, ser eg i ettertid at Sveinsborg prøvde å utvida horisonten vår noko meir. Han lærte oss til dømes i femte klasse å deklamera «Åsgårdsreien» som talekor på juletrefesten på bedehuset.

Han var også den som heldt mikrofonen då eg skulle deklamera «Det lyser i stille grender» på juletrefesten det året eg gjekk i andre klasse. Eg hadde funne denne songen av Jakob Sande i eit julehefte og lært han utanåt.

Mor og far gjekk i fjøset, veslesøstera mi og eg gjekk åleine på juletrefest. Mor meinte eg burde ta med teksten, det rekna eg sjølv som heilt unødvendig.

Så stod eg der då, på juletrefesten, og stansa plutseleg opp midt ut i andre verset. Eg kom ikkje på resten! «Denne teksten er ukjent for meg, hadde eg hatt han her, skulle eg hjelpt deg,» sa Sveinsborg.

Eg tok sats, byrja på nytt på første verset og let det stå til. Då kom alle fire versa på rams. Eg lærte noko då som eg har hatt stor nytte av alle dagar etterpå. Eg har alltid nokre stikkord i bakhånd. Og når det gjeld dikt, har eg heile teksten på lur sjølv om eg kan diktet utanåt og har lese det mange gonger før.

I fjerde og femte klasse hadde eg stor glede av å lytta til NRK si skulekringkasting og også delta i stil-

tevlingar dei arrangerte der. Eg var glad i å lesa og brukte alle sparepengane mine på bøker. Elles hugsar eg med glede alle bøkene i skuleboksamlinga. Eg trur eg las kvar einaste bok, også rekkja med Davy Crocket -bøker, sjølv om dei interesserte meg berre slik passe.

### **Mykje song**

I sjette klasse vart det store endringar. Då overtok Jone K. Kvame. Han hadde ikkje lærarutdanning på den tida og måtte nok på ein spesiell måte prova at han kunne vera lærar likevel.

Han var kreativ og engasjert. Han fekk fart på det kristne barne- og ungdomsarbeidet, yngresarbeid og ungdomsforening, bestilte filmar som han viste både på yngres og på skulen, han laga konkurransar som stimulerte somme av oss til det ytтарste.

Eg hugsar med glede historietimane og kan kalla fram side for side i historieboka med barn og flagg på framsida. Alt som handla om 1814 sit klistra.

Det var mykje song i skuletida mi. Me byrja og slutta dagen med faste salmar. I storskulen hadde me eigne songtimar, det kjennest som om me song Mads Berg si songbok for full hals fram og tilbake rett som det var.

Foreldra mine forpakta Prestegarden på Hjelmeland. Kyrkja og bedehuset var nærmeste naboar. Det tok fem minutt å gå til Vågen, Vågen med stor V. Der gjekk «Hjelmelandsfjord» til byen om morgonen og kom tilbake med folk, post og varer om kvelden. Ferie var trygge og gilde besök til besteforeldre og anna slekt i to andre bygder. 15 km var lang nok avstand til ei heilt annleis veke.

### **Livet i Vågen**

På kaien var det liv og røre. Me borna fylgte med på kven som hadde vore på bytur. Eit høgdepunkt var å

vera med postopnar Andreas Sømme og bretta aviser før han la dei i postkassane. Seinare skjøna eg at det var eit lurt trekk av han å ta nokre av oss 10-11 åringer med på innsida og delta i utleveringa av post. Viss ikkje, stod me på utsida, i venterommet, og heldt ein skrekkelig sjau. Me slo av lyset, og det toppa seg viss Sømme kom sint ut og bad oss om å roa oss ned.

Det var to daglegvareforretningar i Vågen. Dei konkurrerte seg i mellom om å ha det meste, frå matvarer til spikar og støvlar, klede og Porsgrunn porselen. Begge heldt seg med eige bakeri. Vart me sende eit ærend til Vågen ein føremiddag, kunne me vera heldige og få wienerbrødkalkkar i det eine eller det andre bakhuset. Folkeboksamlinga låg også i Vågen. Hyllene med bøker var uendelege samanlikna med skuleboksamlinga.

Av og til dukka det opp uventa besök ved frukostbordet heime. Rutebåten var ikkje tilpassa folk frå andre krinsar som hadde ærend i Vågen. Det gjorde godt med ein kaffikopp og ein drøs med far før dei offentlege kontora opna. Mor stilte elles med bakst og middagar til ulike samankomstar. Nokre ekstra rundt bordet var berre triveleg.

Om sommaren var byungar eit eige innslag. Nokre av dei gav inntrykk av å vera meir fornemme og høgståande enn oss andre. Me fann vel fort ut at me var rimeleg like på innsida.

På bedehuset møtte eg tidleg ansvar og oppgåver, humør og lagspel. På basarane og i barneforeninga som Eli Bjelland hadde ansvar for, fekk me ei innsikt i tilhøva ute i verda som gjorde at eg i femte klasse visste mykje meir om korleis folk levde i fleire land i Afrika og Asia, enn om tilhøva i Oslo og Nord-Noreg.

Å veksa opp på gard gir eit eige høve til arbeid og arbeidsglede. Di meir far skrytte, di meir tok eg i. Eg lærte tidleg hovudrekning av han. Me skulle til dømes

tynna tolv lange rekkjer med kålrot. Tre rekkjer vart til 1/4 eller 25 %.

Med ei krone pr rekkje, kor mykje hadde eg då tent når eg hadde tynna 9 rekkjer og kor mange prosent var det av 12?

Spennande småjobbar baud seg i nabolaget, postbod for to-tre husstandar, barnepass, luking, bær- og potethenting. Det var ein stor dag då eg kunne reisa til Hillevåg og kjøpa sykkel for eigne pengar.

Eg kjende meg nesten vaksen då eg som 12-åring fekk vera med og varta opp i eit bryllaup, og enda meir då eg same året var med far på eit politisk møte. Eg serverte då og, men det store var å kikka inn i salen gjennom eit hol i veggen i tida før matpausen og sjå rett på to levande stortingsrepresentantar.

På skulen var det mykje utanåtlæring og høyring. Eg likte å pugga salmevers, bibelsoge, reknereglar, grammatikk og årstal, men noko av denne lærdommen kunne nok vore presentert på meir inkluderande måtar.

## Lange friminutt

Kva gjorde me i friminutta? Før skulehuset brann, hadde me ein stor skulegard til disposisjon, men dei største elevane var nok dominerande der.

Eg hugsar glade stunder med slåball der Eli Bjelland stod i lærarinneforkle sitt med selta. Me heldt også veggball og hinka.

På bedehuset tramsla me flatt den vesle jorda og prydbuskane kring huset. Der var det kanonball, kanonball og kanonball. Ein sjeldan gong tok læraren i 6. og 7. klasse oss med til idrettsplassen Flåtene, der lærte me å spela handball. Om vinteren hadde me to minutt til nærmaste skråning.

Eg hugsar sikkert feil, men det er som om det alltid var snø om vinteren, og dermed også ekstra lange fri-minutt.

Skule 15 timer i veka i småskulen og 18 timer i stor-skulen, kva fekk me ut av det?

## Bygda – verdifull og oppdragande

Me måtte arbeida sjølvstendig. Me var elevar frå ulike heimar og lærte å ta omsyn til det. Me deltok i dei same aktivitetane og fann på mykje på eiga hand. Ofte opplevde me at vaksne sa frå dersom åtferda ikkje var slik ho burde. Eg hugsar nok best det samhaldet og ansvaret me fekk nedfelt for kvarandre, men vert bygdene for små, gir det og eit eige rom for å kjenna seg utanfor.

Etter eit år på framhaldsskule, bar det «ut i verda». Utdanning utanom Hjelmeland var sjølvsagt. Hybelliv for 15-åringar var nok til større bekymring for mødrene våre enn for oss som reiste. Mange kom aldri tilbake. Fire av elleve bur i dag i Hjelmeland.

Eg har mange gonger seinare tenkt at eg hadde med meg ein eigen ballast i møte med verda utanfor. Eg fekk tidleg erfaring i å møta ulike folk og situasjonar. Heimane våre var ulike på innsida. Foreldra våre hadde ulike yrke, varierte inntekter og ulike meininger. Eg deltok i arbeid og lytta til diskusjonar mellom vaksne. Tillit og oppmuntring betyr mykje.

Samstundes er denne blandinga av haldningar me finn på bygda, både verdifull og oppdragande - og av og til slitsam: Stå på, me ser du gjer det bra og likar det. Du er ei av oss. Men ikkje tru at du er noko!

*Lærarutdanninga på Stord blei etablert i 1839. I åra framover fekk mange lærarar i Rogaland utdanninga si ved denne institusjonen. Først i 1954 fekk Rogaland lærarutdanning i Stavanger. Slutten av 1800-talet var ei politisk og kulturell bryntningstid i vårt land. Mange elevar ved stiftseminara deltok aktivt på den radikale sida. Ei av dei store sakene var framvoksteren av nynorsk, og det blei skipa ei rekke mållag i bygd og by. Eit av dei første mållaga blei oppretta ved lærarutdanninga på Stord i 1877.*



## Eit unikt studentlag. Målvinarlaged 140 år

AV NILS MÆHLE

**Den nye Høgskulen på Vestlandet (HVL)** skal ha nynorsk som hovudmålform. Dette er naturleg sidan dei tidlegare høgskulane Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskolen i Bergen hadde det same. Dette vedtaket har også sterke historiske røter i Målvinarlaged på Stord lærarskule.

**Målvinarlaged** vart skipa 13. januar i 1877, og er det nesteldste lokalmållaget i landet. Berre Vestmannalaget skipa i Bjørgvin (Bergen) 1868 er eldre. Truleg er Målvinarlaged også ein av dei eldste studentorganisasjonane i Noreg. Dette har sjølvsagt samanheng med at lærarutdanninga på Stord går heilt tilbake til 1839. Til samanlikning kan eg nemna at Bergen lærerskole vart etablert i 1953.

I 1927 var **Målvinarlaged** 50 år, og det vart markert med ein storlagt fest 22. januar på Stord lærarskule. I samband med markeringa kom det ut eit festskrift med Sverre Hausberg som skriftstyrar. Hausberg tok

lærarutdanning på Stord i slutten av 1920-åra. Dette er interessant for meg som hadde Hausberg som lærar i folkeskulen tidleg i 1950-åra, og som var tilsett på Stord lærarhøgskule i 14 år frå 1971.

**Det går fram av festskriften** at markeringa 22. januar var slik berre lærarutdanninga kan festa. Det var vakker musikk, opplesing av dikt til jubilanten, ei lang rekke talar og mykje god mat. Det heiter m.a. slik i festskriften: «Gymnastikksalen var oversleg vent pynta med granbar og kristorn, og småflagg lyste fram or det grøne. Festen tok til med at formannen i mållaget baud oss velkomne og bad oss syngja «Harde Vestland», ein song som Andres Bergo hadde dikta for høvet. – So gjekk lyden ein vakker opningsmarsj etter felor og piano. Etterpå steig folkehøgskulestyrar Lars Eskeland fram på golvet og sa fram dette maktfylte fyrekvedet: TIL FEMTIÅRSHØGTIDI I MÅLLAGET PÅ STORD.»

**Festskriftet** fortel gripande og intenst om den første tida for Målvinarlaget. Målstrevet var bannlyst på Stord lærarskule på denne tida, laget vart skipa etter ein hard storm – med lover og alt som høyrer til. Dei første møta i mållaget var hemmelege, både med omsyn til sakliste, stad og tid. Hardingen Oddmund Vik var den første formannen. Om han heiter det i festskriften: «Han hadde havt det i seg heimanfrå, at det var ei skam for norske karar å danska, og tala kvammamålet sitt breidare di verre kameratane knota, til dess dei tok etter.»

**Målvinarlaget** har ei rik og aktiv historie, særleg dei første 50 åra. Laget gav ut eit eige medlemsblad, Målvenen. Til kvart medlemsmøte kom bladet med eit omfattande nummer, 30 – 50 sider. Heile bladet vart lese opp på medlemsmøtet, og utgjorde såleis eit viktig innslag. Elles var den første tida prega av at laget vart møtt med fiendskap både frå styrar (rektor) og lærarane ved lærarskulen. Medlemene på si side satsa heller eksamen enn å gje opp norsk språk.

Etter kvart endra dette seg. Både styrar og lærarane støtta opp om målsaka, og det vart eit godt samarbeid med Målvinarlaget. Mange av lærarane deltok på møta i laget, ofte med innleiingar. Severin Eskeland gjekk på Stord lærarskule 1897-1900. Siste skuleåret var han formann i Mållaget. Eskeland vart rektor på lærarskulen i 1917. Det heiter slik i festskriften: «Frå den tid hev alle skriv som skulen hev sendt ut vore på norsk.»

### **Målvinarlaget** heldt arbeidet ved like i 1930-åra.

Etter magre år på 1940-talet tok arbeidet seg opp att det neste tiåret, og 1960-åra var ein relativt aktiv periode. Sigmund Sunnanå skriv 04.04.17 i ein e-post til meg: «Eg var medlem i Målvinarlaget då eg var elev ved lærarskulen frå 1952 til 1956. Saman med ein annan elev som heitte Markus, var eg til og med utsending til årsmøtet i Vestmannalaget i Bergen. Eg kan ikkje hugsa noko om Målvinarlaget frå då eg var lektor frå 1962 til 1966.»

**Målvinarlaget** er i desse dagar 140 år. Eg hugsar laget frå tida mi som lærar ved Stord lærarhøgskule. Det var då framleis ein viss aktivitet. Så vidt eg veit, er det ikkje liv i laget i dag. Men eg kan i alle høve slå fast:

- Målvinarlaget som det eldste studentmållaget i Noreg representerer eit særmerkt og heilt originalt innslag i norsk høgare utdanning
- Festskriften med skriftstyrar Sverre Hausberg gjev eit unikt bilet av viktige overgangsår i norsk kultur- og utdanningshistorie

Eg viser til dette, og vonar det no vert skrive ei samla historie om Målvinarlaget ved Stord lærarskule. For meg er det her naturleg å utfordra Høgskulen på Vestlandet, som språkleg har røter tilbake til dette laget.

# På skulepulten 1946-1953

AV ENOK LAUVÅS

Eg er fødd året 1939, før sommaren, dermed var eg sju år ved skulestart i 1946. Sju år ved skulestart og sju år på den same skulen og sju år med den same læraren. Alle åra i 2-delt skule. Mange av bøkene hadde eg i fleire år. Dermed er eg kvalifisert for å skriva ein del minne frå denne tida. Eg var fødd til å verta bonde, men eg blei lærar. Skulemuseumslaget i Rogaland samlar inn skuleminne. I denne artikkelen er det erfaringar frå 2-delt skule som er i fokus. Som «erstatningslærar» var eg tre år lærar i 2-delt skule. Det er skuleslaget, læraren og bøkene som står i fokus.



*Enok framfor barndomsheimen, klar for å starta i storskulen på Lauvås skule, året 1949.*

Skulen var Lauvås 2-delte skule, Hetland kommune, nå Sandnes. Småskulen var tre år og storskulen var på fire år. I denne tida var det ikkje mange elevar på kvart års-steg. Det var ein gutt til, og så var det ei jente, altså bare tre elevar i min klasse alle sju åra. Me var aldri meir enn 10 elevar i småskulen i mi tid. Eg møtte dei same elvane igjen i storskulen, dessutan ein årgang til i 4. klasse. Eg var ferdig med folkeskulen i 1953. Det året var det 32 elevar i alt, omtrent like mange i småskulen og storskulen.



*Slik om lag ser eg ut nå, midt på 2010-talet, altså pensjonist.*

FYRSTE KAPITEL

*Um folkeskulen: fyremål og skipnad.*

§ 1. *Fyremål.*

Kvart herad skal halda so mange folkeskular som trengst. Folkeskulen skal hjelpe til å gjeva borna ei kristeleg og moralsk uppsedding og arbeida for å gjera dei til gagns menneske både åndelege og kroppsleg.\*)

§1 i «Lov um folkeskulen på landet frå 16. juli 1936».

Frå *Norske skulefolk I*, 1952. på s. 582, hentar eg ut denne informasjonen om Sverre Helle, læraren min. Han var fødd 28.april 1901 i Stavanger. Foreldre var kommunearbeidar Michael Helle og Hanna Berge. Eks. artium 1921, Stord lærarskule 1922. Spesialutdanning i



Skulefoto 1953, både storskulen og småskulen. Sjølv sit eg til høgre. To elevar er ikkje med her.


engelsk. Lærar på Lauvås i Riska. Bibliotekar Riska Folkeboksamling.

Frå boka *Skolesoge i Sandnes fram til 1970* av Børge Undheim ser eg at Sverre Helle kom til bygda i 1922 og var her til 1961. I tida 1962 til 1968 var han på Hommersåk skule. Han døde 10. april 1968, alder nær 67 år.

Både som elev 1946-1953 og som lærar i 2-delt skule 1958-59, 1959-60 og 1961-62 var Normalplanen gjeldande skuleplan. Min referanse er 4. opplag 1954. Skulen skal i samsvar med planen ha desse faga og dette timetalet: Kristendomskunnskap 3 (småsk.) og 4, norsk 12 (småsk.) og 10, heimstadlære 5 (bare småsk.), soge 2 (storsk.), geografi 2(storsk.), naturfag 4 (storsk.), rekning 6 (småsk.) og 6, skriving 3 (småsk.) og 3, teikning 2 (bare storsk.), song 1 (småsk.) og 1 ½, handarbeid (her står ikkje timetal), kroppsøving 1 ½ (bare storsk.). Totalt 30 timer i veka i småkulen og 36 timer i storskulen.

Småkulen og storskulen gjekk annankvar dag. Småkulen tysdag-torsdag-laurdag, 5 timer, frå kl. 9 til 14. Storskulen gjekk frå kl. 9 til 15, altså 6 timer. Veketimetalet over med 30 og 36 timer går altså over to veker. Det var middagspause på 30 min. Dei andre friminutta må faktisk ha vore så lange som eit kvarter. Det er slik eg hugsar det. Eg ser i ettertid at eg som lærar var ikkje lite «fjernstyrt» av slik me hadde det på Lauvås. Eg vil ta for meg fag for fag. Men først litt om lærar Helle.

Han var ikkje gift. Han hadde eige hus, men det huset var på Hommersåk. Han sykla til skulen på Lauvås i heile mi skuletid. Seinare fekk han seg bil. Han hadde stort sett dei same kleda kvar dag, ofte var det nikkers og sixpence-hua. Somme sa at han bare hadde denne dressen, men eg har nå sett opptil tre variantar. Han var ikkje ny for kvar dag, det er sikkert, mest ikkje for kvart år heller. Sjølvsagt hadde han sykkelklype på buksebeinet.



Skulehuset på Lauvås etter påbygg med sløydsal i 2.høgda 1948.



Normalplanen kom i 1939


På mange vis var han vel ein «anonym person». Han hadde sin faste plass i kyrkja. På Lauvås var han lærar for fleire generasjonar. Det var tre personar frå Lauvås som var i gravferda på Eiganes gravlund i Stavanger. Søster Inga, Inga hadde i mange år ansvar for helsekontrollen, Torger var lenge med i skuletilsynet og eg var nokså nyleg ferdig utdanna lærar. Eg hugsar det blei sagt at Sverre var glad i blomster på minnemøtet. Han hadde nasjonal holdning under krigen. Ei tid var han arrestert, men alle personlege opplevingar eller privatliv sa han aldri eit ord om. Ingen kan hugsa at han smilte eller lo.

Eg trur lærar Sverre Helle var lojal mot målet for skulen. Det vil som regel vera ulike meininger om ein lærar. Eg har ingen negative merknader for opplegget i mi skuletid. Helle gjorde sitt beste for at skuletida skulle vera bra for alle. Han var fagleg sterk og var rettferdig. Det er muleg han ikkje såg samspelet mellom elevar skikkeleg, eller at han ikkje våga gripa inn. Det var også mobbing i mi tid.

Eg vil framheva spesielt at lærar Helle gjennomførte skuledagen slik det var praktisk muleg, noko eg også praktiserte i 2-delt skule. Med andre ord: Etter mi vurdering er det ikkje muleg å innfri alle intensjonar i Normalplanen med tre og fire klasse-steg saman. Den få-delte skulen har mange gode kvalitetar, men her er også utfordringar som krev «at ein skjer gjennom» og ser kva som er muleg.

## Kristendomskunnskap


Alle dagar starta med ein salme og bønna Fadervår. Planen seier at «Opplæringa i kristendomskunnskap skal hjelpe til å gjeva borna kristeleg og moralsk oppseding (§1 i lova)». Første time kvar dag var dette faget på timeplanen. Det er enkel matematikk å slå fast at dermed fekk faget 3 timer i veka og 6 timer



Lærebo i seks skuleår,  
heilt frå 2.klasse.



Det er muleg at denne boka  
ikkje kom før i 4. klasse.



Kanskje det bare var i 6. og  
7. klasse me hadde lekse her.

over to veker. Som lærar i to-delt skule hadde eg det også slik. Eg trur det var forventning om at kvar dag skulle ta til med kristendomskunnskap.

Nå var dette faget eigentleg tre-fire fagområde: Bibelsoga var tema alt frå første klasse, men boka fekk me seinare. I storskulen meiner eg det var slik at me hadde bibelsoge ein dag, katekisme (kristenlære) neste skuledag og kyrkjesoge den tredje dagen. Me blei høyrde i leksa. Eg hugsar at ein gong talde eg talet på gonger eg las eit stykke frå bibelsoga. Det var mellom ti og tjue, men då kunne eg det utanboks.

Som lærar møtte eg same fenomen. Elevane reiste seg opp og sa fram heile historia. Eg sa at dei kunne bare fortelja hovudinnhaldet, men elevane var vane med at dei skulle kunna bibelforteljingane akkurat slik dei stod i Vogts Bibelsoge. Katekisma blei lærð på same måte. Eg kan ikkje hugsa at det var problem med å læra bod, bøner og truvedkjenning heilt rett, også med Luther si forklaring. Dessutan om dåp og nattverd, Bibelorda lærte me ikkje på same måten.

Kyrkjesoga blei det ikkje stilt dei same krav til. Me hadde aldri lekser til mandagen. Kyrkjesoga blei lagt til denne dagen. På mandagen las me også tekstar i bibelen. Ei tid las me frå Mosebökene. Det var ein god del kjedeleg stoff her, hugsar eg.




Det var ein del plansjar med bibelske motiv på skulen. Læraren fortalte medan me såg på plansjen. Desse blei nytta mest i småskulen. Dei minste hadde ikkje lekser. I storskulen var det slik at leksene blei lengre for kvart året, men same forteljinga, og same katekismeteksta fekk ein høyra i fleire år, så det er ikkje rart at dette fagstoffet blei skikkeleg innprenta.

Utalet av salmer var stort sett slik det går fram av Normalplanen. Mot jul blei julesanger øvd inn. Mot påske var det påskesalmer. Nasjonalsongar kom fram om våren. Somme morgen- og kvelds-salmer var alltid på repertoaret., slike som *Syng i stille morgonstunder* og *Fager kveldsol smiler*. Dette med å pugga salmevers har dei fleste minne om. For min del har eg ingen vonde minne her. Eg førde tradisjonen vidare som lærar. Eg registrerte ikkje motvilje mot salmevers. Det var nok forventa at slik skulle det vera. Som avslutting på dagen reiste me oss opp og song ein salme frå Landstads rev. salmebok. Eg trur me hadde kvar si salmebok under pulten. I småskulen var det nok bare eit vers eller to som alle kunne.

## Norsk

Her skal det vera 12 timer i småskulen og 10 timer i storskulen. Sagt med andre ord er det norsk i to timer kvar skuledag i småskulen. Men slik trur eg det var i storskulen og.

I småskulen var læraren opptatt med første klasse ein time, og denne timen måtte dei andre arbeida med noko på eiga hand, slik som å skriva noko eller lesa lågt. Det var ikkje noko klart skilje mellom norsk, skriving og teikning alltid. Læraren administrerte, og det læraren sa var lov. Eg trur nok lærar Helle og også eg sjølv hadde intensjon om å vera lojal mot Normalplanen, men samtidig var det overordna å ha alle elevane i gang med noko. Det er jo merkeleg at småskulen ikkje er ført opp med teikning. Litt teikning var det kvar dag og i mange fag. Det var nok meiningsa at teikning og heimstadlære høyrde saman.



Desse hefta blei nytta i mi tid på Lauvås skule. Elevane kan arbeida på eiga hand. Alt måtte skrivast inn i ei skrivebok, Det var ikkje lov til å skriva i bøkene. Andre skulle ha bøkene eit anna år. Eit heft for 2. og 3. kl., eit for 4. og 5. kl. og eit heft for 6. og 7. kl.

Eit eksempel på oppgåve;

*eit hovud — hovudet, ei kjerring — kjerringa.*

- II. Så finn gutane på å laga ei kjerring til snømannen. Dei let henne få eit skaut på —. Så kler dei på henne ein bluse av grønt ty. Ermane stappar dei fulle av høy. Ho får vottar på liksom mannen, og ein pinne til sigarett. No kan — og ta seg ein røyk.

*Ord som rimar: pus — mus, sjå — gå, sprang — lang, to — katteklo.*

32. Det var ein gong at kattepus  
nett skulle til å ta ei —.

Å skrva stil var jo også ein aktivitet som ikkje kravde læreren på plassen. I småskulen fekk me somme tider eit bilde, eller det blei hengd opp ein plansje, og så skulle elevane skriva «ein stil» om dette, I storskulen var det også stilar som skulle skrivast heime, eller ein starta på skulen, så kunne ein gjera ferdig heime. Ofte var det val mellom tre oppgåver. Som heimestil kunne ein få hjelp av foreldre og søsken. Det er mange historier om det. Eg hugsar likevel aldri at dette var noko problem. Mine foreldre hjelpte aldri.




Illustrasjon til oppg. 31 hos Asheim. Slike illustrasjonar sette fantasién i gang.


Nordahl Rolfsens lesebøker hadde slitestyrke. For min del hadde eg bøker som kom i 1940. Med Normalplanen kom det krav om at tredjeparten av leseverket skulle vera på sidemålet. Norske kunstnarar har illustrert bøkene.

Grammatikk skulle me også læra. Konrad Asheim sine tre hefte var til hjelp, men i alle fall siste skuleåret fekk eg ei spesiell grammatikk-bok Norsk

*ABC-boka mi. Den kan eg aldri gløyma. Eg trur me fekk slik bok alt første skuledagen.*



*I andre bandet av leseboka står det om bestemor. Det sluttar med at «bestemor fell frå». Det var livets alvor. Så avsluttar det med ei salme av Blix: Å tenk på Gud i ungdoms år.*



*grammatikk for folkeskulen* av Rasmus Stauri. Åttande utgåva er trykt i 1940. Denne boka har eg ennå. Dei fleste ville nok ha brend opp boka, men faktisk likar eg ennå å lesa om ordklassane og setningslekkar. Eg deler nok denne interessa med få andre. Legg merke til at det i oppg. 31 står om kjerringa at ho får «ein pinne til sigarett. No kan – og ta seg ein røyk.» Slik kunne det vel ikkje stått i dag.

Lærar Helle var flink til å lesa sjølv. Han hadde ei bok «på lur», og ikkje så sjeldan las han ein halvtime høgt for oss. Det var nok i storskulen. Eg kan ikkje gløyma ei bok om Biggles. På internett ser eg at dette er bøker av W.E. Johns. Veldig spennande!

#### Å TENK PÅ GUD I UNGDOMS ÅR

Tone: Kom hit til meg, enhver især.

Å tenk på Gud i ungdoms år!  
All vokster god må gro om vår,  
om han skal grøde gjeva.  
Så lat då Gud ditt hjarta få  
frå ungdom og til alder grå!  
Då vert det lyst å leva.

Å tenk på Gud i ungdoms år,  
når voni lyser ven og klår  
som vår i ljose lundar;  
når hjarteliv som blomen sprett  
og seg for ljuset opnar lett  
og etter kjærleik stundar.

*Elias Blix.*

Skulen var i mi skuletid prega av «ei kristeleig og moralsk oppseding», noko som kom fram også i andre fag enn kristendomskunnskap, slik som forteljingane om bestemor i Nordahl Rolfsen, utgave 1939, men også i utgave 1954.


## Rekning

Etter Normalplanen skal det vera 6 timer både i storskulen og i småskulen, rekning var det altså kvar dag. I alle fall i storskulen var dette fast i andre time. Også som lærar praktiserte eg at andre time var timen for rekning. Alle klassar hadde rekning den same timen. Her var det «individuell undervisning». Alle heldt på med sitt. Ein gong i veka var det heimelekse i storskulen. Då skulle det leverast inn utførde oppgåver. Innføringsboka var av betre papir enn kladdeboka. Reknestykka skulle førast inn med penn og blekk, sjølv sagt helst utan blekkflekkar. Også i norsk var det kladdebøker og innføringsbøker. Eg hugsar læraren minna oss om at det var papir-rasjonering. Alle sider måtte nyttast fullt ut.

Det var nok i dette faget at det kom forestillingar om flinke og mindre flinke elevar. Her var det dette spørsmålet melde seg: Kor langt er du komen? Sjølv om prestasjonane i norsk kunne variera, så fekk elevane same oppgåva. Alle skreiv stil, men bare dei beste stilane blei nemnde som framifrå gode. Men i rekning var det plassen i boka som fortalde korleis det stod til.

Karakter fekk me alt frå andre klasse. Me kalla det klassar, i alt sju, men offisielt var det bare to klassar. Skuleåret 1952-53 gjekk eg siste året i andre klasse, 7. skuleår. I rekning hadde eg karakteren Godt+.

Far min gjekk siste året 1902-03, akkurat 50 år tidlegare. I den tida starta og slutta skuleåret med påske. Det ser ut for at korkje eg eller far min har hatt problem med å innordna oss på skulen. Me har fått godt



Rekning var eit viktig fag. Me hadde Aam. Johansen sine bøker på Lauvås. Det var fire hefte, eit for starten i første klasse, deretter var det hefte for to klassesteg i kvart hefte.

Fra 1.april 1902 til sommar 1903.

Kristendomskundskab	1,5-
Norsk munnlig . . .	2
-,, - skriftlig . . .	2,5
Regning . . . .	3,-
Skriving . . . .	2
Jordbeskrivelse . . .	1,5
Historie . . . .	1,5
Naturkundskab . . .	2

Anmerkninger:  
(Her anføres også om barnet deltar i sang).

I alt det du gjør, så  
husk på enden!  
Tak for alt, Ola!  
O. Aarnes

skussmål, men far min sitt er vel meir enn originalt:  
«I alt det du gjør, så husk på enden! Tak for alt, Ola!  
O. Aarnes»

## Skriving


Minstekravet etter Normalplanen er «Tydeleg, enkel, skikkeleg og nokolunde snøgg skrift som fell naturleg for eleven.» Det skal vera 3 timer til skriving både i småskulen og storskulen. Med skule annankvar dag betyr dette ein halv time kvar dag.

Skriving var ein aktivitet eit eller fleire årstrinn kunne halda på med på eiga hand, medan læraren tok seg av andre oppgåver, slik som lesing med førsteklassingane.

I skriveverket til Kleveland (skjønnsskrift) var det slik at du skreiv «oppå» det som var skrive i heftet, deretter skulle du skriva på eiga hand, men innanfor avgrensa linjer, så får du karakter for både skrift og orden. Ingen skreiv vel finare enn læraren. Lærar Helle var ein «ordensmann». Handskrifta hans var eksemplarisk. Både inspirasjonen frå læraren og skriveverket til Kleveland gjorde at fin skrift blei vurdert høgt.



Jon Kleveland:  
«Skriveverk i ni hefter.  
Etterlikning av  
Overskriftsmetoden forbunt  
ifølge lov.»



## Geografi (landkunne)


Ein lærar har som folk flest sterke og svake sider. Det er blitt sagt om lærebøker at ei god lærebok kan kompensera for ein mindre god lærar og for dårleg undervisning. Men her er det spørsmål om evne til å nytta læreboka. Leseferdigheten er nøkkelen. Som lærar har eg sett at det er samsvar mellom lesing og rekning. Men også mellom lesing og dei fleste andre fag, naturleg nok.

Somme lærebøker kom i nye utgåver og mange opplag. Eg hadde Horn si *LANDKUNNE FOR FOLKESKULEN* ved Bernhard Stokke. Nynorsk utgåve ved Olav Midttun, 11. opplaget. Same boka, rett nok ein god del forandra gjennom tidene, var seigliva.


Å finna fram på kartet var populært. I klasse-

rommet var det mange kart som kunne trekkast ned. Elevane fekk som oppgåve å finna London i England osv. Dersom dette ikkje gjekk så bra, slik at læraren måtte hjelpe til, eller ei verre skam, ein annan elev måtte fram. Me la jo merke til kven som raskt kunne orientera seg. Men eg kan ikkje hugsa at det var mobbing på bakgrunn av prestasjonar på skulen.


I samsvar med Normalplanen er timefordelinga for orienteringsfaga i storskulen slik: Naturfag 4, soge 2 og geografi 2. Det blei truleg ikkje praktisert slik. Det var ein time kvar dag, og veka var på tre dagar, dermed var det ein dag med geografi, ein dag med historie og ein dag med naturfag. Det var lite av utstyr til eksperiment i fysikk. Eg kan ikkje hugsa at naturfaget skulle ha eller fekk dobbel så stort omfang som dei andre faga.



Landkunne, utg. 1941



Utg. 1948



Utg. 1948



*Slike plansjar hadde læraren på materialrommet. Dei blei nok nytta mest i småskulen.*

## Soge

Det står i Normalplanen: «Opplæringa skal gjera elevane føre til å nytta vanlege handbøker og annan litteratur.» Slike pålegg i planen for skulen var sjølv sagt bare fine formuleringar utan handfast realitet. Det var vel ikkje ei einaste handbok i skulestova. Eg kan heller ikkje hugsa at læraren hadde andre bøker enn læreboka, som han hadde på same måten som oss elevar. Ved opprykk til storskulen fekk elevane lærebok i soge, geografi og naturfag. Desse bøkene hadde ein i fire år. Alle hadde om det same, men det var nok slik at somme år starta det med verdssoge. Verdssoga var om lag tredjeparten av boka. Læraren hadde nok eit system. Men hovudvekta trur eg var om dei gamle norske kongane. Det var dette som verkeleg var soge med stor S.

I ettertid har eg undra meg over at læraren aldri trekte fram noko personleg, altså noko han sjølv hadde

opplevd, eller noko aktuelt. Lærar Helle var forsiktig. Det var lite å referera til det han sa. Aldri noko politisk kontroversielt.

## Naturfag

Av mål for faget nemner eg frå Normalplanen: «Å vekkja interesse for og kjærleik til det plante-og dyrelivet som borna har omkring seg, så dei ikkje gjer uturvande skade, men lærer å verna om plantar og dyr (dyrevern, naturfreding).» I praksis var det slik at lærebøkene var «pensum».

Naturen var jo straks utanfor døra, men eg kan aldri hugsa det blei lagt vekt på det. Det var boka som var det første og det siste.

## Heimstadlære

Planen for faget heimstadlære er på 13 sider i Normalplanen. Det har fått 5 timer i småskulen og bare der. Det er muleg å seja at heimstadlære held fram med orienteringsfaga i storskulen, ikkje minst med naturfag. Faget skal «gjeva borna kjennskap til heimbygda, serleg til naturen og arbeidslivet der.»

Heimstadlære var ukjend som ord før eg sjølv var lærar. Eg trur ikkje dette var tema på Lauvås skule heller. Det var neppe nokon systematisk gjenomgang av naturen, og slett ikkje av arbeidslivet. Det var ein kjøpmann, ein del bønder og nokre få fiskarar. Ein del foreldre hadde arbeid elles og. Men eg trur aldri Helle tok dette opp som tema. Nå kan eg sjølv sagt ikkje hugsa slike ting nå, men eg hugsar jo personen Helle, og eg kan ikkje tru at han ville nemna noko av lokal karakter. Helle var av natur ein snill og beskjeden person. Eg trur faktisk han opplevdé å bli mobba av elevar i periodar, kanskje ikkje den tida eg gjekk på skulen, men eg har hørt om episodar både tidlegare og seinare.

Helle blei nok diskutert i bygda, og somme meinte nok at han ikkje var flink nok til å halda disiplin i skulen. Den siste tida var han på Hommersåk skule og hadde klassar på lågare alderstrinn. Eg er nokså sikker på at han blei «tvangsflytta» bort frå Lauvås. Det var nok ikkje slik han ønskte det. Han var lærar til han blei sjukmeld og døde ikkje lenge etter.

Heimstадlære var nok ikkje noko fag i småskulen. Eg trur at dei fem timane var mest slik dagleg: Kristendomskunnskap, rekning, munnleg norsk, skriftleg norsk og alle andre ting: litt song, ein god del teikning, sjølv om teikning ikkje var fag før i storskulen, og så var det ballspel ute, av og til leiking inne, sjølv om kroppsøving heller ikkje var fag før ein kom i stor-skulen. Eg hugsar faktisk at me leika «bjørnensov» inne. Det var siste time ein laurdag.

## Song



I sangtimane kunne me ofte få velja sanger.

Me hadde aldri med oss heim sangboka. Her var det ikkje pugging av vers, det var bare salmevers som måtte læresta utanboks.

Nordahl Rolfsen har skrive sangen, men her er den omsett til nynorsk, truleg av Knut Liestøl som hadde hovudansvar for nynorsk-versjonen av Rolfsens lesebøker.

Etter Normalplanen skal det vera 1 time med song i veka i småskulen og 1 ½ time i storskulen, halvparten av dette i 3-dagars veke.

Mads Berg var standard-verket på området, men me må ikkje gløyma at det var sangar både i ABC-boka og lesebøkene.



### FYRSTE BOLKEN

#### ALT HAR GUD SKAPT

Tone: Jeg er trett, og går til ro.  
Gode Gud, du alt har skapt  
med ditt ord og med di kraft:  
luft og ljós og sjø og land,  
dyr i skog og fish ved strand,  
frukt på tre og gras på bo,  
sol og sky og regn og snø.  
Alt som finst, av stort og smått,  
har du skapt, og skapt det godt.

1 — Hultsen. I. Nynorsk.

1

«Gode Gud du alt har skapt» møter me ganske snart i første boka. I dag ville denne sangen vera suspekt. Det ville bli oppfatta som forkynning, og forkynning er som kjent akseptert i norsk skule. Lærar og lærermiddel skal vera nøytrale med omsyn til religion, ein stor forskjell på før og nå.

Det står i Normalplanen at notelære er minstekrav. «Notesystemet, g-lykel. Noteverde opptil fjerdedeler, repetisjonsteikn og bindebøge.» Det står mykje meir og, men alt dette hadde eg aldri hørt om før eg måtte læra det i lærarutdanninga. Eg kan trygt slå fast at Normalplanen ikkje var retningsgjevande for sangtimane.

Men det var sangtimar, som regel ein heil time. Og då var det ingen forskjell på om du gjekk i fjerde eller sjuande klasse, Me måtte til og med synga solo ein sjeldan gong, for læraren skulle avgjera om me kunne synga. Men me fekk ikkje karakter i song

I Normalplanen heiter det at i småskulen skal du ha lært minst 5 songar og 5 salmer. I storskulen summerer eg opp for alle fire åra. Elevane skal då ha lært minst 36 sangar og like mane salmer. Ja, i 7. skuleåret skal elevane også læra «kyrkjelydsvara», med andre ord ein del av liturgien i Den norske kyrkja. Det blir svakt å seia at tidene har forandra seg. På dette området er det som var påbod dengong nå nærmast blir vurdert som forbod i dag.

Lærar Helle var brukbar flink til å syngja. Han hadde alltid i mi tid «skulejuletrefest». Me skulle av og til øva inn sangar og opptre som kor på festen. Både eg og andre har minne om at me ein kveld måtte komma til huset hans for å øva. Nokre måtte syngja andrestemme. Han hadde orgel i stova. Dette med andrestemme gjekk lagt over det eg kunne prestera. Førstestemme var jo å syngja på vanleg måte. Eg heldt meg til det. *Deilig er jorden* var nok den meste brukte song for innøving.

Eg kan mange sangar og salmer. Det er ingen tvil om at desse melodiar har eg lært på folkeskulen. Eg er sikker på at me kunne fleire klassiske sangar «i mi tid» enn det som er vanleg i dag. Men engelsk hadde me ikkje på skulen. Det var tilbod om å læra engelsk på Hommersåk utanom skuletida.

## Teikning

Det står 8 sider i Normalplanen om teikning. Som for alle andre fag er det sett opp mål, mistekrav, rettleiing og arbeidsplan for skuleåra. Arbeidsplanar for kvart skuleår var ikkje aktuelt på Lauvås. Dersom det var ei oppgåve i teikning, så var ho for alle. Dessutan er det vel slik at ein elev i 4. skuleåret kan vera like flink som ein annan i 7. skuleår. Men det kunne nok vera slik at nokre elevar teikna medan andre gjorde noko anna.

Fargeblyantar var det i skapet. Det var ikkje alltid fargestubbar av alle sortar heller. Eigentleg er det utruleg alle dei krav som er formulerte i planen, ei bok som skriv seg tilbake frå før krigen. Mykje blei sett på vent i tida 1940-45, men også i den første etterkrigstid er ein god del av planen bare ønsketenking, for realiteten var ein annan.

I etterkrigstid var det mangel på utdanna lærarar. På Lauvås var dette stabilt. Helle var her. Ingen rekna med at det skulle bli forandring på det. I det store og heile var Helle respektert og om han vel ikkje var favoritt av ein lærar, så visste me ikkje om nokon annan heller. Det var slik det skulle vera.

Eg ser at teikning ikkje har vore «mitt fag». Men læraren har nå sett karakteren «Godt» på vitnemålet. Det er nok heilt rett. Eg har aldri kome på at læraren var partisk (urettferdig).

Det var altså 6 timer til disposisjon i storskulen. I grove trekk trur eg disponeringa var slik: Kristen-domskunnskap, rekning, skriftleg norsk, munnleg norsk, orienteringsfag og andre fag som teikning, skriving, song og kroppsøving. Somme fag var nok «salderingspost». Hovudsaka for læraren var nok å få alt til å gå opp, få dagen til å flyta på ein brukbar måte. Dette var overordna Normalplanen. Eg har tenkt sjølv på same måten som lærar i to-delt skule.

## Kroppsøving

Kroppsøving var vel ein siste time med å «slå ball». Me gjekk også bort til krossen ein gong i året og målte opp 60 m. Me «tok idrettsmerke». Så var det å springa det beste me vann og læraren tok tida. Av og til måtte me strekka hender og rulla med hovudet. Det var nok dette som var linjegymnastikk.

Det står 14 sider om kroppsøving i Normalplanen. Det startar slik: «Landsskulen arbeider under svært ulike tilhøve i dei ymse bygdene både med omsyn til ...» Under rettleiing les eg; «Øvingar i skulestova (klasserommet) driv ein når ein ikkje har gymnastikksal og heller ikkje har høve til å ha kroppsøving ute. Ein bør ikkje driva gymnastikken i klasserommet lenger enn 15 min. om gongen ...»

Eg trur ikkje me hadde kroppsøving fast på timeplanen. Det var bare så vidt me hadde timeplan. Alle dagar var tilnærma like. Me fekk greie på kva som var lekse og når det var innlevering av reknebok (innføringsbok) eller norskbok (stilebok). Det var opp til kvar og ein å halda greie på dette.

Men det var jo slik at dei fleste hadde fysisk arbeid heime annankvar dag, og ofte etter skuletid og. Dei fleste i storskulen hadde sykkel. Det var ikkje lite av «gymnastikk» (arbeid heime) totalt sett i den tida, men altså ikkje i regi av skulen.

## Handarbeid

Det står ikkje oppförd timetal i Normalplanen. Handarbeid for gutter var sløyd. For jenter var det «saum med hand ... osv, stopping, lapping og spøting. Klippa etter mønster ...osv. og litt einfelde prydsauum.»

Eg hadde sløyd, naturlegvis. Eg trur det var dobbeltimar, kanskje var det alle tre timer etter matpausen. Det er muleg dette bare var ei tid på året. Kanskje var det på vårparten. Eg gissar på at det var mandagar. Me hadde jo aldri lekser den dagen. Helle var også lærar i sløyd. Det kom nok ei dame utanfrå, ei fra Hommersåk, og ho hadde handarbeid med jentene nede i klasserommet. Søster mi seier det var på bedhuset, og at frøken var Gudrun Olsen.

Eg vil påstå at eg lærde mykje i desse timane. I dette faget er eg kjend med heile minstekravet, slik det står i planen.

Det står slik på s. 18.:

«Elevane skal kunna:

1. brukar rett den vanlege sløydreiskapen som skulane har,
2. setja i hop arbeid med spikrar, skruver og innfelling,
3. finna høveleg storleik og form på eit sløydarbeid som eleven skal planleggja og gjera,
4. laga ein liten ting etter framlagd teikning.
5. laga ein liten, einfelt ting etter eige val og forma han sjølv etter eiga teikning.
6. røra ut oljefarge og måla tinga, reinsa og stella målarkostar og penslar.»

Dette som står om eigne teikningar stemmer nok ikkje. Det var ei bok med teikningar på sløydsalen, som altså var eit rom over skulestova.

#### 4. Skuleåret.

Skuleåret tek til i tida 15.—20. aug. og sluttar 23. juni med barnegudsteneste i kyrkja. (22. om den 23. fell på sundag). Feriar og fridagar må ein avmåta slik at ein får 39 undervisningsveker i året.

#### 5. Opplæringstid o. m.

1. Skulen byrjar og sluttar kvar dag med bøn og salmesong eller med bøn eller salmesong.
2. Kvar opplæringstime er på 45 minutt. Mellom 3. og 4. time skal det vera ei maktøkt og fristund på 20 minutt.

Etter at me fekk sløydsal (1948), så var skulen slik: Inngangen var eit bislag med støypt golv. Me kom inn i ein gang med trapp opp til høgre, opp «til sløyden», som me sa. Til venstre var det dør inn til eit materi- alrom. Rett fram var døra inn til skulestova. Her var kateteret rett fram. Omnen var til venstre, med same me kom inn, Så var det tre skap i skulestova. Nede til venstre, oppe til høgre og nede til høgre, tett ved døra. Det var tre par vindu på to sider av skulestova. Det var høgt under taket, truleg minst 3 m. I taket hang det lampar, kanskje så mange som seks. Eg hugsar at det var eit par bilet på veggen, ikkje meir heller, men ganske store, og med motiv frå krigen og frigjeringa. Men læraren sa aldri eit ord om desse biletta, men det var nok han som hadde plassert dei der.

Etter at eg hadde skrive ferdig, kom eg på at det nok var ein lokal plan i tillegg til Normalplanen.

Det stemmer. Skuleplan for Hetland folkeskule vart vedtatt i skulestyret 1. april 1949. På side 31 står det at det skal vera 39 undervisningsveker i året. Dette er vel meir enn minstekravet i Normalplanen. Dermed er det rom for noko omprioritering, og likevel kunna innfri krav om timetal.

#### SKULEPLAN

FOR

#### HETLAND FOLKESKULE

Vedteken i skulestyret 1. april 1949.  
Godkjent av overfyllet 7. apr. 1949.




STATENS LÆRERSKOLEKLASSER  
STAVANGER  
BOKAHLAUS TØYMARK — ØYVANNSKE

Timetalet i denne planen er slik for småskulen og storskulen:

Kristendomskunnskap	4-5	Npl.	3-4
Norsk	12-12		12-10
Heimstidlære	4-0		5-0
Soge	0-2		0-2
Geografi	0-2		0-2
Naturfag	0-3		0-4
Skriving	3-1		3-3
Rekning	6-6		6-6
Teikning	0-2		0-2
Song	1-1		1-1 1/2
Handarbeid			
Kroppsøving	0-2		0-1 1/2

Eg hugsar nok feil. Eg påstår tidlegare i artikkelen at kvart friminutt var på 15 minutt og matøkta var på ein halv time. Det siste kan vera rett. Eg budde ikkje så langt frå skulen. I alle fall siste året så sykla eg heim og hadde middag. Eg var alltid på plass når fjerde time starta.



Hjemmestyrkene overtar Akershus festning.

Men så var det også slik at kanskje ingen andre enn læraren hadde klokke. Eg fekk klokke sommaren 1952. Men det var læraren si «pipta» som avgjorde når neste time tok til. Det var heller ikkje ringeklokke som fortalte når timen var slutt. Men lærar Helle starta nok

og slutta skuledagen etter klokka. Det var elevar som skulle ha skuleskyss over til Uskakalven, så dette var sjølv sagt på avtalt tid. Mange elevar hadde lang veg å gå, meir enn 4 km.

# Barndomsminne frå Mosterøy krigsåra 1940–1945

Av Sigmund Sunnanå



*Heimehuset*

STAVANGER 2020

# Forord

I 2020 er det 80 år sidan krigen kom til landet vårt og 75 sidan det blei fred. I samband med at det var markeringar av dette, kom eg til å tenkja etter kva eg hugsa frå krigsåra. Eg begynte å skriva, og etter kvart dukka både det eine og andre minnet opp. Det blei til slutt mange sider. Dei som les dette, vil kanskje synast det er mange detaljar. Eg har teke desse med for å gi eit lite bilet av dei store endringane som har skjedd på alle samfunnsområde frå krigstida til i dag.

Dette heftet er i første rekke ei forteljing om kva eg hugsar av hendingar, om korleis eg hadde det og om kva eg stelte med i desse åra. Det er også ei forteljing om familien min og om kor viktige foreldra og syskena mine var for meg i min oppvekst. Der det har passa, har eg prøvt å setja framstillinga inn i ein lokalhistorisk og lokalkulturell samanheng. Eg har også teke med litt frå lokal krigshistorie.

Dette er mi subjektive forteljing basert på mine minne om opplevelingar og hendingar og noko som eg anten er blitt fortalt, har lese, hørt, opplevd eller erfart. Nokre opplysningar har eg henta eller faktasjekka frå bøker og papir som eg har på mitt kontor. Som viktige kjelder har eg nytta livssoga til far min, Birger Lindanger sine bygdebøker om Rennesøy og internett. Dei fleste bileta er fotograferte foto i gamle album, men nokre er henta frå bøker eg har i bokhylla og frå internett.

Sidan så mykje er basert på minne, betyr det at noko av det eg har skrive, kan vera unøyaktig eller feil. Eg set difor pris på å få tilbakemelding om eventuelle korrigeringar eller utfyllande opplysningar.

Frå heimen og foreldra mine fekk eg med meg grunnleggjande verdiar, eit positivt syn på livet, arbeidsglede, arbeidsvilje og pliktkjensle. Samværet med syskena mine har på ulike måtar sett sine merke på livet mitt. Me hadde alltid nære og tette familieband, og var innstilte på å hjelpe kvarandre. Kameratane, naboane og lokalmiljøet var også kvar på sin måte med på å gjera Mosterøy til ein suveren plass for meg å veksa opp på.

Heftet er mest aktuelt for min familie og mi slekt og mine venner, men kan også vera av interesse for folk på Mosterøy og andre som er interesserte i lokalhistorie.

Stavanger, november 2020.

Sigmund Sunnanå.

# Barndomsminne frå Mosterøy krigsåra 1940–1945

## Då krigen kom

Eg var nesten ti år då krigen kom til landet vårt. Morgonen 9. april 1940 stod eg og Einar, kameraten min, bak eit steingjerde på Mosterøy og såg dei tyske flya flaug som svarte fuglar over hovuda på oss. Vi høyrde drønna av kanonskot og knitrande mitraljøser då flya skulle ta motortorpedobåten *Ægir* i Byfjorden. Eit tysk skip, *Roda*, var søkt. *Roda* hadde lege for anker i Byfjorden og ein annan tysk båt ved Fjøløy. Begge var lasta med krigsmateriell, og båten ved Fjøløy hadde også soldatar om bord. Dei var klare til å gå til kai i Stavanger når tida var inne. *Ægir* greidde å skyta ned to tyske fly før båten blei råka av bomber, blei sterkt skadd og sett på land på Hundvåg. 8 nordmenn omkom. Me høyrde også drønn frå havet der tyske og engelske krigsskip var i kamp.

Det var ein underleg dag. Dei vaksne gjekk tagale og alvorlege. Dei hadde kvelden før høyrt på radioen at eit tysk skip lasta med tyske soldatar og krigsmateriell hadde blitt søkt utanfor Lillesand. Dei vaksne var difor budde på at noko alvorleg kunne skje. Far min var lærar, men det blei ikkje halde skule denne dagen. Dei vaksne prøvde å få tak i kva som skjedde, men det var ikkje så lett. Det var lite nytt å få på radioen for den hadde Quisling overtatt. Eg merka alvoret, men forstod nok ikkje heilt konsekvensane av det som skjedde.



Sigmund 8 år


Dagen etter var den store panikkdagen. Til liks med andre byar blei det i Stavanger spreidd rykte om at engelske fly skulle bomba byen. Folk fekk meir eller mindre panikk, og for i hui og hast ut av byen på syklar og i bilar og lastebilar. Til Ryfylke og øyane kom folk med rutebåtar, med skøyter og i småbåtar. Folk tok inn hos familie, venner og kjente i bygdene rundt Stavanger.

Til oss kom det to familiar med fleire born. Mennene var att i byen. Konene gret og var svært redde for korleis det skulle gå med ektefellane. Mor serverte mat, og utsida kvelden kom ungane seg i seng, og far fann fram kurongspelet. Dette letta stemninga, og det blei til dels muntert rundt bordet. Det blei ikkje noko av bombinga. Morganen etter reiste familiane med rutebåten tilbake til Stavanger. Av den eine kona fekk eg ein blå femkronesetel. Det tykte eg var mykje pengar. Mange av dei som kom til øya denne dagen, blei verande utover sommaren. I fleire veker budde ein liten familie på loftet i det gamle skulehuset.

Einar Vaula og eg var frå me var ganske små, gode leikekameratar. På den store steinen som låg inntil hønsehuset, var det ein liten dam der me hadde små trebitar som båtar, og me reiste over «sjøen» og drøynde om at me ein gong skulle styra *Askøy* – ein av rutebåtane som gjekk til Stavanger. I ei open grøft ovanfor huset laga me dammar og hadde kvernkallar.

Etter kvart blei steinrøysa mot naboeigedommane ein viktig leikeplass. Her grov me oss ned i røysa for å laga hytter. Me laga vegger av Stein, og jamvel tak med tresokkar som me av og til tetta med tare som me kørde heim frå stranda med ei handkjerre. Ein av aprildagane då me jobba med eit hytteprosjekt, høyrd me brått flydur og knitrings av kuler over oss. Det var eit engelsk bombefly som hadde to tyske fly etter seg. Det engelske flyet blei råka. Me såg røyken og at det til slutt gjekk i bakken på Østhusvik på Rennesøy. Me høyrd etterpå at alle i det engelske flyet omkom. Det står i dag ei minnestøtte der flyet fall ned.

Dei to eldste brørne mine, Olav og Endre, gjekk begge på Voss landsgymnas då krigen byrja. Olav gjekk siste året, og skulle ha avsluttande eksamen. Endre gjekk andre året. Olav hadde sommaren før vore ute på ei kort rekruttopplæring. Han møtte difor til mobilise-



Olav som soldat

ringa på Voss. Vossevangen blei bomba og lagt i grus. Nesten berre kyrkja stod att. Det blei difor ikkje noko meir skule. Foreldra mine var svært urolege for korleis det hadde gått med dei to gutane deira. Det var lite opplysningar å få, men far fekk til slutt telefonkontakt med husverten der dei budde, og han kunne stadfesta at dei var i live.

Ein dag dukka Endre plutselig opp heime. Han hadde sykla over til Hardanger og ut Åkrafjorden. Deretter hadde han teke seg over til Ryfylke og over Finnøy til Mosterøy. Olav var i Bergbataljonen, og var med denne over til Valdres. Då dei kapitulerte, fekk

Olav tak i sivile klede og kom seg – på strabasiøs vis – heim til Mosterøy. Eg høyrdet aldri at han fortalte om kva han eigentleg hadde vore med på. Olav var nok ingen krigar, så eg reknar med at han hadde administrative- eller sanitetsoppgåver.

Eg høyrdet dei vaksne snakka mykje om korleis det gjekk med krigen. Kampane i Dirdal og på Austlandet blei relativt snart avslutta. I Narvik og i Nord Noreg var den norske motstanden sterkare, men 7. juni var det slutt. Då måtte Kongen og regjeringa reisa til England. For oss på Mosterøy var det lite informasjon å få. Ein kunne ikkje lenger stola på radioen, og heller ikkje Stavanger Aftenblad kunne fortelja om forhold som ikkje passa den tyske krigsmakta. Far lika ille at entreprenørar med norske arbeidrarar (til og med frå Mosterøy)



På Mastravarden  
17. mai



Ved Svertahola  
17. mai  
Frå venstre:  
Sigmund, Vilhelm  
Voll, Martin  
Ramndal, Bernhard  
Kåda, Einar Vaula,  
Ester Vaula, Bjørg  
Ramndal.

alt i aprildagane gjekk i tysk teneste med å byggja ut flyplassen på Sola, på Forus og andre militære anlegg.

Det var ikkje lov å feira 17. mai, og det var ikkje lov å visa det norske flagget. Far tok likevel med seg skuleelevane til ein stad nedanfor Mastravarden for å ha ei lita markering der. Eg fekk vera med på dette, og eg hugsar at elevane ikkje viste flagga før dei var nesten oppe ved varden. Me song, og far fortalte om grunnlovsdagen og om den vanskelege tida som nå var kome. Også året etter fekk eg vera med på 17. mai feiring på Mastravarden, men så blei det slutt. Det var altfor farleg, og far kunne bli arrestert.

## Litt om Mosterøy og om då foreldra mine kom dit

Frå 1884 til 1965 bestod Mosterøy herad (kommune) av øyane Mosterøy (med tilknyting av bruer til Klostero� og Fjøløy), Bru, Sokn og Vestre Åmøy. Frå 1884 til 1923 hørde også Kvitsøy med til heradet. Mastravarden med sine 154 meter over havet er høgaste punktet. Flateidda var ca. 12 km<sup>2</sup>, og folketalet ca. 750. Dei fleste som budde i heradet, dreiv med gardsbruk og/eller fiske. Det var fire skulekrinsar i heradet. To på Mosterøy: Utstein Kloster og Vaula, ein på Vestre Åmøy og ein på Bru for elevar frå Bru og Sokn. Mosterøy herad var ein del av Rennesøy prestegjeld og Rennesøy lensmannsdistrikt. I 1965 blei Mosterøy og Rennesøy slått saman til Rennesøy kommune.

Foreldra mine, Vilhelm og Cesilie, kom til Mosterøy frå Stamnes i Hordaland i 1921. Dei to eldste brørne mine, Olav og Endre, var med på flyttelasset. Familien budde først i lærarbu-staden som var ein del av skulehuset i Vaulakrinsen frå 1884. Huset hadde eit klasserom i den eine enden og bustad i den andre. Ovanpå var det soverom og ein sal der heradsstyret hadde møta sine. Ei lita løe og eit jordstykke på tre mål følgde med bustaden.



Vaula skule med lærarbustad. Det nye huset ca. 1935  
1884



Av Lasse Vaula kjøpte far nokså snart eit utmarkstykke på ca. 60 mål. Han fekk i første omgang dyrka ca. 20 mål. Dette var eit stort arbeid fordi det var uhorveleg med stein, og hard leire gjorde grøftegravinga vanskeleg. Far leigde arbeidsfolk som stod for nydyrkinga. Det var folk frå Mosterøy, men også ein svensk framandarbeidar. Som liten hørde eg at han var svær til å arbeida. Steinene blei bruk til å mura steingjerde mot vegen mot aust og sør. Mykje Stein blei lagt i røys langs steingarden som grensa til Lars Ramndal sin gard og tomta til Emil Vaula, far til Einar.

I 1929 bygde foreldra mine hus på dette jordstykket – tre fire hundre meter nord for lærarbustaden og løa. Far har seinare fortalt at det var herleg å flytta frå den tronge lærarbustaden og inn i dette store nye huset. Samtidig med bygginga av huset blei det sett opp eit hønsehus og utedo. Tomta rundt huset blei gjerdar inne med steingardar, og det blei planta poppel og lønn på innsida av steingardane. Etter kvart som desse trea vokst til, gav dei god livd for vinden. I hagen blei det planta rips- og solbærbuskar, eple og plommetre. Nokre biku-



Familien ca. 1935. Bak: Arne, Endre, Olav. Framme: Cesilie, Harald, Vilhelm med Sigmund på fanget, Kirsten.

ber fekk også plass i hagen. Av og til fekk eg bistikk i panna. Då hovna eg opp slik at eg nesten ikkje kunne sjå. Familien bestod etter kvart av far, Vilhelm (1892), mor, Cesilie (1998), Olav (1918), Endre (1920), Arne (1922), Kirsten (1925), Harald (1928) og Odd Sigmund (1932).

### Tyske soldatar kjem til Utstein Kloster

Det var ikkje lenge før tyske soldatar kom til Mosterøy. Alt sommaren 1940 kom det soldatar som skulle stå for bygginga av eit festningsanlegg på Fjøløy. Ein tysk offiser var ute på Utstein Kloster for å finna ein høveleg stad for mellombels innkvartering av soldatane. Han var mellom anna på klosteret, men der møtte han arkitekt Gerhard Fischer som var i gang med restaureringsarbeidet der. Fischer var redd for at innkvartering

av soldatar kunne føra til at heile anlegget brann ned. Fischer var ein temperamentsfull bergensar som også kunne tysk. Den tyske offiseren blei så utskjelt at han kom seg av garde i hui og hast.

Resultatet blei at dei tyske soldatane skulle innkvarterast på skulehuset. Elevpultar og undervisningsmateriell blei tekne ut og plasserte på bedehuset der elevane i klosterkrinsen skulle få undervisning. Eg hørde til Vaula skulekrins på den andre sida av øya. Ein sundag var eg saman med Einar og såg på dei tyske soldatane som heldt til på leikeplassen utanfor skulehuset. Somme av dei var også ute og gjekk på vegen. Ungane på kloster hadde alt lært at dersom dei ropte «Hast du drops?» kunne dei av og til få drops av soldatane. Eg kan ikkje hugsa at eg fekk smaka dropsen, og det ville i tilfelle bli teke ille opp av far min.

Det var eit stort anlegg som skulle etablerast på Fjøløy. Det var ein kai der frå før. Denne skulle utbe- trast, og det skulle byggjast brakker og lagast kanonstil- lingar, underjordiske gangar og bomberom. Tyskarane hadde difor bruk for mykje arbeidsfolk. Særleg for folk på Kloster som hadde opplevd trонge tider på 1930-talet, blei dette ein attraktiv arbeidsplass med relativ god lønn. Det kom også arbeidsfolk frå Stavanger og andre kommunar. Ein mann på Kloster som hadde motorbåt og frakta tyskarar frå Finnesand (der skulehuset låg), til Fjøløy, gav uttrykk for dei gode tidene då han sa: «Farvel fattigdom. Velkommen rikdom».

Bønder på øya blei utkommanderte til å stilla med hest og kjerre for å frakta bygnings-materialar, stein, sand og grus m.m. To bønder frå Askje køyrd forbi huset vårt når dei skulle til og frå Fjøløy. Det var ei strekning på 10–12 kilometer. Hestetransporten gjekk ikkje så fort, så dei to mennene korta tida med å stå i kjerrene og prata saman. Eg hørde omen av praten då dei kom gjennom Lisaskogen og forbi huset vårt og forsvann ned bakken mot Hestavika og Dysjalandsvågen.

Kameraten min, Bernhard Kåda, fekk vera med faren då han var av garde med hest og kjerre til Fjøløy. Han fortalte at det var ikkje berre kjedeleg arbeid på fortet. Han hadde fått vore til stades på noko dei kalla revy. Her blei det fortalt vitsar og morosame historier om folk og artige sider ved arbeidet på anlegget.

Tyskarane rekvirerte også hestar og høy til for. Mange bønder måtte visa fram hestane sine på leikeplassen ved skulehuset på Vaula. Eg var svært glad for at den gilde hesten vår var for gammal til å stilla. Tyskarane tok med seg dei beste hestane. Eg trur at dei som måtte gi frå seg hesten, fekk betaling, men det er eg ikkje sikker på. Bønder måtte også gi frå seg høy som skulle brukast til for til hestane. Det galdt då å gi frå seg det ringaste høyet. Lars Ramndal hadde noko

gammalt høy liggjande som han leverte. Hans kom- mentar etterpå var at det var uvisst om hestar ville eta høyet hans.

I 1941 var brakkene ferdige og soldatane kunne flytta ut av skulehuset. Det måtte gjerast ein del reha- biliteringsarbeid før lærar Lars Oma og elevane kunne flytta inn igjen, men glede var stor då dei igjen kunne ta skulehuset i bruk.

### Illegal aktivitet

Ein dag på vårparten 1941 registrerte eg nokre under- lege lydar frå rommet på kvisten. Eg fekk klar beskjed om at eg ikkje måtte gå inn i dette rommet. Samtidig fekk me besøk av tanta mi og mannen hennar frå Ølen. Det undra meg at dei måtte få eit anna soverom enn det på kvisten som var det vanlege gjesterommet. Tanta mi og mannen fekk god mottaking, men eg syntest det var ei litt rar stemning i huset. Seinare fekk eg greie på at det var motstandsmannen Bernhard Håvardsholm som hadde halde til på kvisten. Han hadde kome frå Eng- land og hadde vore rundt i Ryfylke for å oppretta kontaktar for motstandsarbeidet. Han hadde kome til Mos- terøy i ein robåt som han la i Vaulavika. Folk hadde undra seg over kva slag båt dette var. Far har fortalt at han ein kveld gjekk saman med Håvardsholm og Olav for å finna ein mogeleg landingsplass for engelske fly. Håvardsholm hadde meint at den mest høveleg staden var på vegen mellom Harald Dirdal og Kåda.

Etter opphaldet hos oss, rodde Håvardsholm vidare nordover til Haugarlandet. Han omkom ikkje så lenge etter. Han var med *Blida* då denne båten forliste i eit veldig uver på veg frå Bømlo til England i november 1941. Hadde tyskarane fått greie på at han hadde budd hos oss, hadde nok far min lege tynt an. Det var svært strenge straffer for dette.

Far var med i ei gruppe på tre lærarar som leidde

lærarmotstaden i Rogaland. Dette var sjølvsagt ikkje noko me i familien visste om. Lærar Børge Undheim i Høyland var leiar for gruppa. Dei måtte møtast i løynd, og far hadde ulike forklaringar på at han måtte reisa til Stavanger eller andre stader for å møta dei andre. Gruppa fekk meldingar frå den nasjonale leiinga i Oslo om korleis lærarane skulle forholda seg til utspel som kom frå Quislingregjeringa. Gruppa sende deretter dei såkalla parolane ut til lærarane gjennom kontakt-personar i eit nettverk som dei etablerte.

Dei fleste lærarane over heile landet ytte tappert motstand mot Quislingregjeringa sin freistnad på å fremja nazismen gjennom skulen. Då lærarane nekta å melda seg inn i Lærarsambandet, blei lærarar over heile landet arresterte i april 1942. I Rogaland blei dei arresterte lærarane samla i fengselet på Lagårdsveien i Stavanger. Her blei det så mange at det blei fullt kaos. Heldigvis var lensmannen i Rennesøy i Stavanger den dagen arrestordren kom. Då han kom heim om ettermiddagen, telefonerte han til lærarane på Mosterøy og Rennesøy og bad dei møta på rutebåten til Stavanger neste morgen, så skulle han ta dei med til politiet i byen.

Det var sjølvsagt svært vondt for familien at far skulle arresterast. Eg fekk høyra det då eg var saman med far og brørne mine nede ved løa der far fortalte korleis brørne mine skulle gjera ting når han var borte. Eg begynte å hiksta, og gjekk heim og sette meg på do og gret. Om kvelden diska mor opp med god mat, og heile familien var samla for å ta farvel med far. Me visste jo ikkje når me kunne få sjå han att. Medan me sat ved bordet, ringde telefonen. Det var lensmannen som fortalte at han hadde fått melding frå Stavanger om at fengsla var fulle, og at arrestasjonen av lærarane på Mosterøy og Rennesøy var utsett. Dei skulle difor ikkje møta på rutebåten neste morgen. Eg trur at eg sjeldan har kjent meg så glad.

Dei fleste av dei arresterte lærarane blei sende til Grini. Mange av dei kom med i ei gruppe på ca. 500 lærarar som i april blei sende til Trondheim og deretter stua om bord i *DS Skjerstad* for å bli frakta vidare til ein fangeleir ved Kirkenes. Dette var ein relativt liten båt. Det var difor svært trøngt om bord, lærarane fekk lite mat og dei sanitære forholda var elendige. Turen tok 17 dagar, og det blei ei svært strabasiøs og fæl reise.

I august gjekk ein tilsvarande transport frå Grini til Trondheim og vidare med *DS Bodø* til to fangeleirar på Kvenangsfjellet i Nord Troms. Denne båten var sertifisert for 150 personar. Om bord var det ca. 500 fangar + mannskap og vaktsoldatar. Også i denne transporten var det med lærarar frå Rogaland. Denne gruppa fekk ei like fæl reise som dei som reiste med *DS Skjerstad*. Resten av lærarane frå Rogaland blei verande igjen på Grini, mellom dei Lars Omdal, bror til mor mi.

Familiane til dei arresterte lærarane miste inntekt, og mange fekk vanskar med å skaffa seg mat m.m. Gruppa som far var med i, fekk til oppgåve å samla inn pengar og mat til lærarfamiliar i Rogaland. Eg var av og til med far til Stavanger der me besøkte lærarfamiliar og leverte pengar, kjøtt, egg og andre matvarer. Det var ikkje uproblematisk å få levert desse varene. Når båten kom til byen, kunne ein bli utsett for kontroll. Det ein hadde av matvarer, kunne bli beslaglagt. Ein kunne også bli ransaka på gata for å sjå om ein hadde illegale blad eller andre ulovlege ting på seg. Dette ville i så fall føra til arrestasjon. Dei gongene eg var med far, blei me aldri kontrollerte. At far hadde med seg ein liten gut, kunne kanskje gi inntrykk av at dette var folk som ikkje hadde til sinns å gjera noko mot styresmaktene sin vilje.

Tyskarane og nazistane forstod etter kvart at det var uehdig for deira omdømme å ha arresterte lærarar på Grini, i Kirkenes og på Kvenangsfjellet. Det blei ordna

med eit slags kompromiss. Først blei lærarane på Grini sette fri. Seint på hausten 1942 blei også dei arresterte lærarane i Nord Noreg sende heim. Lærarane fekk mykje ros for motstanden sin mot nazifisering av skulen. Deira haldning og kamp fekk mykje å seiia for heile motstandsarbeidet vidare. Quisling skal ha sagt i ein tale at «dere lærere har ødelagt alt for meg». I Kirkenes skal ein tysk offiser ha sagt til ei gruppe lærarar at dersom dei tyske lærarane hadde gjort som dei norske, så hadde ikkje Hitler kome til makta. Dermed kunne krigen vore unngått.

Det er sagt at det første som forsvinn ved ein krig, er sanninga. Me kunne ikkje lenger stola på det som me høyrdde i radioen eller las i avisar. Folk likte å høyra nytt på BBC der Toralv Øksnevad frå Sandnes blei ei legende som «stemmen frå London». For den tyske okkupasjonsmakta blei dette eit problem. I 1941 blei alle radioapparat samla inn, og det blei forbode å høyra på London. På Mosterøy blei radioane låste inn på kommunestyresalen på det gamle skulehuset. Som nemnt ovanfor, låg løa vår ved sida av dette huset. Far hadde nøklar både til skulehuset og til rommet der radioane var plasserte. Om morgonane kombinerte han difor stell av dyra og mjølkinga med å høyra nytt frå London. Han ville fått streng arrest dersom det hadde blitt oppdaga.

Lensmann Austbø i Rennesøy likte ikkje å måtta lyda ordre frå dei nye styresmaktene, til dømes å arrestera lærarane. Alt i mai 1942 sa han opp jobben som lensmann. Det gjorde også andre lensmenn i fylket. Resten av krigstida hadde Rennesøy ein nazist til lensmann. I det siste krigsåret plomberte han døra inn til rommet der radioapparata var lagra. Heldigvis oppdaga han ikkje at dette rommet hadde ei takluke. Far og brørne mine tok seg inn gjennom denne luka og henta ut radioen. I staden la dei nokre ting i øskja med

nokolunde same vekt som radioen. Dei grov ei hole i jordgolvet i hønsehuset som dei isolerte og plasserte radioen i ein kasse med lokk på. Kassen blei skjult med jord som dei tok bort når radioen skulle brukast. Her sat dei då og høyrdde på nytt frå London medan hønene spankulerde til og frå.

Den mest dramatiske hendinga på Mosterøy kom i april 1944 då Lars Ramndal blei arrestert. Politiet hadde fått tak i brev han hadde skrive til nokre ungdommar om korleis dei skulle forholda seg til styresmaktene si innkalling til arbeidsteneste. Det kom mange politifolk, og dei ransaka både huset, løa og dei andre husa på garden. Dei fann skrivemaskinen som han hadde gøymt i høyet. Eg hugsar far for og stakk papir inn i holer i steingjerdet. Han var nok redd for at politiet også ville koma til oss. Han har fortalt at han blei svært engstelig då Malena, kona til Lars, kom seint på kvelden for å få råd om kva ho skulle gjera. Ho var sjølvsagt fortvila og redd for alt som skjedde. Heldigvis kom ikkje politiet til oss. Ein av politifolka var ein frontkjempar frå nabogarden til Søndenå på Sandeid. Han kjente nok til far, og far trudde at kanskje han bidrog til at besøket av Malena ikkje blei følt opp. Lars blei dømd, og sat i fengsel på Berg fangeleir ved Tønsberg. Ei av oppgåvene hans var å beinka spikar. Han var på Berg til freden kom i mai 1945.

Også andre mosterøybuar blei arresterte. Johan Vaula, eldste bror til Einar, var matros på rutebåten som gjekk mellom Stavanger og Kvitsøy. Han formidla meldingar til og frå Stavanger/Kvitsøy. Han blei arrestert og sendt til Grini der han var til freden kom. Sverre Haugvaldstad var i politiet, og blei saman med politifolk frå heile landet sendt til Tyskland. Nærast ved eit under overlevde politifolka slutten av krigen ved Hamburg, og alle kom heim fredsdagane i 1945. Alf Aske blei også arrestert. Eg kjenner ikkje til grunnen til at

han kom i fengsel. Broren, Tolleif , var styrmann og omkom då skipet hans blei torpedert i Atlanterhavet.

Ikkje lenge etter at landet var okkupert, blei det innført rasjonering på dei fleste varer, og det blei oppretta forsyningssnemnder som skulle stå for utdeling av rasjoneringskort m.m. i kommunane. På Mosterøy blei Dortheahuset på Edlandsgarden teke i bruk til kontor for forsyningssnemnda. Der skulle Leiv og Marta Edland administrera ordninga. I dette huset var det fleire rom, og Leiv fekk med seg tre naboar for å spela bridge av og til om kveldane. I rettsoppgjøret etter krigen kom det fram at ein mann frå bygda nok lurtte på kva som eigentleg gjekk føre seg bak blendingsgardinene i Dortheahuset. Det blei lagt fram eit brev som han hadde skrive til lensmannen om at han burde undersøkja dette nærmare. Lensmannen hadde sendt brevet vidare til politiet i Stavanger. Dette medførte at det kom fleire politimenn til øya. Dei ransaka huset, og tok med seg dei fire bridgespelarane til forhør og arrest i Stavanger. Det heile enda godt. Politiet godtok at det var uskuldig kortspeling desse karane dreiv med, og dei kom heim dagen etter.

## Mat og matstell

Eg opplevde aldri noko slag naud under krigen. Me hadde ein liten gard med fire kyr, ein hest og ein gris som ble slakta før jul. Me hadde høns og dyrka poteter og grønsaker, og plukka bær og frukt i hagen. På vårparten kom silda, og me åt sild i ulike variantar: Både steikt, kokt, salta og røykt. Det var min jobb å røykja sild som blei hengt under taket i eit dokkehush som far hadde sett opp til syster mi då ho var liten. Eg fyrte med einer som gav god røyk, men den svei ofte i auga. Av og til fyrte eg så sterkt at sild datt ned i eldmørja i baljen som eg hadde til grue. Noko av den røykte silda blei hengt til tørk, og var i speke om våren då gauken gol.

Naboen, Tomas Selvik, stod for slaktinga av grisen. Han hadde ei stor treklubbe som han slo i skallen på grisen. Eg hugsar ennå ulet frå grisen før det andre slaget kom. Så var det å stikka grisen med kniv, få blodet oppi ei bøtte og vispa det så det ikkje skulle koagulera. Så blei grisen køyrd heim og lagt i eit stort trekar med glodheit vgn som stod utanfor kjellardøra. Tomas og far måtte skunda seg og skrapa busta av grisen før vatnet kjølna. Etterpå blei grisen hengt opp i steinbukken, skoren opp og innvolane tekne ut og tekne vare på, og griseskrotten blei partert i høvelege stykke.

I den tida hadde me verken fryseboks eller kjøleskåp. Mykje av kjøttet og flesket blei salta, og noko av kjøttet blei hermetisert i store Norgesglas. Grisehovudet blei nyitta til å laga ulike slag sylte. Eg var med mor og laga pølser. Då mol eg kjøttblandinga i ei kvern med tut på inn i reingjorde tarmar frå grisen. Det blei gode pølser. Blodet frå grisen blei brukt til å laga ymse slag blodmat. Eg gledde meg i lange tider til middagar med blodkomlene som mor laga. Oppbevaringa av fersk kjøtt og fisk blei betre då far leigde ein fryseboks i det store kommunale fryseanlegget på Jorenholmen (der parkeringsanlegget er i dag). Då kunne me leggja inn høvelege pakkar som me kunne ta ut til søndagsmidagar eller til middagsselskap mor og far inviterte til.

Me drakk mykje mjølk til brødmaten. Av og til sette mor tallerkar med mjølk i eit skåp til surning. Med sukker på blei dette herlege rømmekoller. Det var min jobb å kinna smør. Me hadde ei kinne med sveiv som eg dreiv rundt så fort eg kunne for å gjera fløyten om til smør. Me hadde vedomn som mor kokte på. Det var ikkje alltid så lett å fyra slik at varmen blei passeleg. Blei det for varmt, kunne til dømes grauten svi der som me ikkje passa på å røra. Det var helst havregraut det gjekk på. Me dyrka harve som me leverte til Fiskå Mølle, og fekk mjøl i retur.

På nyåret 1941 kom det elektrisitet til øya. Ein del av anleggsarbeidet blei gjort ved dugnad, til dømes å setja opp stolpar. Det blei strekt høgspent- og lågspentlinjer, og plassert ein transformator oppe ved Lisaskogen. Høgspentlinja gjekk i Vaulamarka aust for huset vårt. Eg ser for meg Harald Dirdal spikra opp skilt der det på annankvar stolpe stod anten «Høgspenning livsføre» eller «Høyspenning livsfare». Språkleg jamstilling blei gjennomført på ein kanskje meir konsekvent måte enn i dag?

Mor hadde eit søskenbarn som var gift med Bjarne Eide fra Heskestad. Han dreiv som elektrikar i Stavanger, og foreldra mine fekk han til å leggja opp det elektriske anlegget i huset. Dette betydde mellom anna at parafinlampane kunne skiftast ut med elektriske lampar. Det var stor stas då me kunne skru på ein brytar i staden for å tenna den store parafinlampen over stovebordet. Av og til osa denne lampen fælt. Dersom me brukte for mykje straum på same tid, begynte lyset å blinka. Ei vippe passa på at me ikkje brukte meir straum enn me hadde bestilt.

Elektrisiteten betyddde også at me nå kunne få elektrisk radio. Inntil radioen måtte leverast inn og bli plassert på loftet på det gamle skulehuset, var det fantastisk å få inn NRK med vermelding, dagsnytt fra London, musikk med meir. På kjøkkenet fekk mor ei elektrisk kokeplate som ho kunne bruka i tillegg til vedkomfyren, og ein liten tank på veggen over vasken til å verma vatn i.

Under krigen var det meste rasjonert. Me fekk rasjoneringskort på kontoret hos Leiv og Marta i Sørenhuset på Voll. Det var to butikkar i nabologat – Johan Hodne ved Vodlakaien og Lars Voll i Vodlamyrå litt lenger aust for kaien. Varene kom med dampbåten *Øybuen*. Det meste av varene kom frå Stavanger, men brødet kom i store trekassar frå bakeria på Vikevåg. Johan

Hodne køyrd brødkassen med hest og kjerre frå kaien til butikken. Det lukta godt når brødkassen blei opna. Det var kjekt å koma heim og smaka på det ferske brødet – gjerne med sukker på. Det var ulike kornsortar i brødet. Kaffien var ei blanding av knuste erter og hesteblomrøter - såkalla surrogatkaffi. Eg likte best det brødet som mor baka.

Når me handla, blei det klypt merke av rasjoneringskort. Det var ulike merke for til dømes mjøl, sukker og erstatningskaffi. Det var også eit eige merke for kokesjokolade. Eg var alt som liten sparsam så eg tok berre små bitar, og hadde sjokolade liggjande i ei skuffe til han var nesten kvit.

I mellomkrigstida hadde det som sysselsettingstiltak blitt opparbeidd ein sti som me kunne nytta når me skulle handla hos Lars Voll. Stien gjekk over ei til dels blaut utmark aust for garden vår, og bar namnet Sorpestien. Hos Lars Voll kjøpte eg mellom anna Løviks brus som eg fekk til trøyst dersom eg var sjuk og måtte liggja til sengs.

Frukt og grønsaker var det ikkje på butikkane. Eg trur ikkje at eg før krigen hadde smaka bananar, men i 1943 blei ein båt med frukt torpedert utanfor Kvitsøy. Det dreiv i land ein del frukt, mellom anna bananar og eple. Me ungane gjekk i stranda og fann bananar. Dei smaka litt salt, og rotna snart, men me tykte det var stas å gå i stranda og finna frukt.

## Arbeid på garden

Eg kom tidleg med i arbeidet på garden. Me hadde ein snill hest, og eg blei ofte sendt for å henta han i utmarka. Då fekk eg han inntil ein stor stein, og kleiv oppå ryggen hans. Deretter gjekk han heim til løa der far eller ein av brørne mine sela på og sette han i arbeid. Me hadde felles plog med ein nabo, og lånte også hest av kvarandre når me skulle pløya. Eg styrde då gjerne

hestane medan far styrde plogen. Om somrane når det var lite vatn, gjekk eg med kyrne til Hestavika i enden av Dysjalandsvågen der det var nokre kjelder som kyrne kunne drikka av. I det heile lika eg å stella med dyr. Eg lærde difor tidleg å mjølka og gi kyrne mat. Julaftan blei det gjort ekstra reint i fjøset, og kyrne og hesten fekk meir mat enn vanleg.

Det var Arne som var den flinkaste til å stella garden. Han hadde vore dreng hos Dagfinn Edland, Harald Dirdal og på Auestad i Høyland. Dessutan hadde han gått på Øksnevad jordbrukskule. Det var tidleg klart at han skulle overta garden når den tid kom. Nest etter far min var Arne det store førebiletet mitt. Han var ti år eldre enn eg, og frå eg var ganske liten dilta eg i hælane på han, og prøvde å gjera ting slik han gjorde. Arne var ein god pedagog. Han sette meg til å gjera ting eg kunne meistra, og gav meg ros og oppmuntring.

Arne ville gjera garden større, og sette i gong med nydyrkning. Då var det å bruka spade, spett, pikke og steinbukk. Det var så mykje stein at det var mest ikkje råd å få spaden ned i jorda. Når torva var snudd, var det å grava opp all steinen og leggja han oppå jorda slik at han kunne køyrast bort. Steinbukken måtte til når større steinar skulle opp. Eg hjelpte til med å halda sveiva på rullen med vire på når Arne sette jarnklypa på steinane. Når steinen skulle opp, overtok han svevinga. Ein gong heldt det på å gå gale. Jarnklypa glapp, og sveiva slo tilbake med stor kraft og snerta håret på hovudet mitt før ho stansa i ryggen min.

Større steinar måtte sprengjast med dynamitt. På den tida hadde ein ikkje boremaskinar, men måtte bora hol i steinen med minebor og slegge. Eg fekk jobben med å sitja på ein mjølkekraakk og snu mineboren medan Arne slo på mineboren med ei slegge. Me måtte heile tida ha holet fuktig. Med jamne mellomrom måtte me difor fylle på med vatn. For at ikkje vatnet skulle spruta opp,



Løa, flyttet hit fra Stavanger på 1920-talet

snurra me ei tøyfille rundt boret. Når holet var høveleg djupt, pressa me dynamitt ned i det med ein pinne, sette ei lunte med knallperle på ned i dynamitten og dekka holet med blaut jord. Så tende me lunta, sprang vekk og ropte «Fyr Her» før smellet kom, og steinen låg knust i bitar. I ettertid har eg tenkt at det var godt Arne var så god til å sikta. Hadde han ikkje råka toppen på boren, kunne det sett stygt ut for fingrane og hendene mine.

Å driva med steinsprenging kunne nok også vera farefullt. Eg høyrde om ein barsking på Hodnefjell som dreiv med boring og sprenging av stein. Han dunka dynamitten så hardt med mineboren ned i holet at skotet gjekk av, og mineboren fauk opp i panna hans. Naboane tok seg av han, og segla han til dokteren i Stavanger. Då dokteren hadde undersøkt mannen, sa han at dersom dette hadde hendt ein stut, så hadde han dauda, men sidan det var Ivar Hodnefjell, så ville han nok stå det over.

Livet og arbeidet på garden hadde sin bestemte årsrytme. Om våren var det å pløya, harva og plukka stein. Eg syntest åkeren såg fin ut då det meste av steinen var borte. Men steinen kom tilbake våren etter og så år etter år i fleire generasjonar. Det må den dag i dag plukkast Stein om våren i denne åkeren.

Så stod gjødslinga for tur. Gjødsla blei køyrd ut frå gjødselkjellaren under løa. Ho blei først lagt i små dungar og etterpå spreidd utover åkeren med greip. Med ei handpumpe som hadde ei lang stong, pumpa me lannet frå lannkummen under fjøset oppi ei trerenne som førte lannet ut i ein lukka trekasse. Denne var montert på ei kjerre som me fekk låna hos Lars Ramndal. Bak på kassen var det ei kran som kunne opnast når lannet skulle spreiaast ut på enga. Eg hadde ofte jobben med å pumpa, og eg tykte det lukta sterkt. Kunstgjødsla var rasjonert. Av den fekk me berre kjøpa ei viss mengd.

Etter harvinga var det det mangt som skulle i jorda. Me lånte ein såmaskin av Dagfinn Edland når kornet skulle såast. Me lånte også tromla hans til å sletta åkeren med. Eg tykte det var kjekt å sitja på setet og styra hesten når dette skulle gjeraast. Me hadde sjølv ein plog (hypp) med eit trekanta plogskjer til å laga forene der potetene skulle setjast og gravast over etterpå. Seinare nytta me denne plogen til å hyppa potetåkeren for å ta knekken på ugraset. Ei hol stong av blekk med hjul på blei brukt til å så ulike sortar grønsakfrø. Det blei sådd frø for mellom anna gulrot, kålhabi, raudbetar og formerkål. Når spirene var passeleg store, måtte dei tynnast. Då kraup me i forene, laga høveleg avstand mellom plantene og luka ugras. Av og til gjekk timane seint i dette arbeidet.

I dei siste krigsåra hadde Einar og eg av og til jobb med å henta stein, tynna neper eller andre rotfrukter, luka ugras og vera med i potetopptaket på gardane til Dagfinn Edland og Harald Dirdal. Me starta kl. 0800

om morgonen og slutta kl. 1900 om kvelden med berre pausar for middag og non. Lønna varierte litt, og me syntest me tente godt når me fekk ei krone timen. Eg tykte ofte det tok lang tid å fylla Stein i kjerra hos Dagfinn Edland. Hos Harald Dirdal brukte me ei heil økt på å krypa gjennom forene frå løa og langs vegen til grensa mot Kåda for å tymna neper og luka ugras. Særlig tykte eg økta frå non ca. kl. 1600 til kveldsmaten kl. 1900 var lang. Men me stod på, og gledde oss til å springa til Grønevollen for å sparka fotball etterpå.

Høyonna var ei strevsam tid. Far sat på slåmaskina medan hesten drog maskina som slo graset. Etterpå var det å setja ned hesjestaurar og leggja den første strenge. Me la så gras på denne strengen før me la på neste streng, i alt fem strenger dersom eg ikkje hugsar feil. Av og til rauk strengen. Då var det kome ein «engelskmann», det vil sei ein knute på strengen. Dette var alltid kjedeleg fordi me då måtte ta ned det graset som me hadde lagt opp, skøyta strengen og så leggja graset opp på nytt. Etter ca. ei god veke og veret var bra, var høyet turt, og me kunne køyra det inn i løa. Far eller ein av brørne mine leste høyet opp på høysleden. Eg hjelpte gjerne mor med å jamna til slik at høyet ikkje skulle ramla av. På låven brukte dei vaksne høygaflar til å få høyet over i høystålet. Eg kan ennå kjenna den gode angen av turrhøyet.

Etter høyonna kom bærplukkinga. Som nemnt ovenfor, hadde me ein hage med bær og frukttrær. I tillegg til eggva var bæra mor si inntektskjelde. Ho selde egg og bær til oppkjøparar i Stavanger. Før krigen hadde eggva og bæra hennar blitt sende vidare til oppkjøparar i Oslo og England. Eg tykte bærplukking var svært kjedeleg, særlig solbær fordi det tok så lang tid å fylla korga. Det blei difor lange opphold på do. Me brukte avisar til dopapir, så her var det lesestoff nok.

Hausten kom, og me måtte slå, turka og treska kor-



net. Far slo kornet med langorven, og me brukte sigden til å laga høvelege kornband som me batt saman med ein bendl. For å turka kornbanda sette me dei saman i stakkar. Når kornbanda var turre, køyrdé me dei inn i løa og la dei oppå høyet. I nabolaget var det eit treskeverk som blei brukt av mange gardar. Eg hugsar duren når kornbanda blei putta inn i treskeverket og mengda av støv i lufta. Under krigen skulle det leverast ein viss del av kornet til styresmaktene. Det var difor viktig å gøyma vekk nokre sekker som ikkje skulle teljast med i den totale kornmengda dersom kontrollen kom.

Potetopptaket kunne vera vera greitt dersom veret var fint, men surt dersom det var småregn og blaut jord. Far eller ein av brørne mine pløgde opp ei for med poteter, og så var det for oss å grava potetene fram or jorda. Me hadde ei bøtte for store poteter, og ei for små. Dei store samla me i kjerra og tømde dei inn i kjellaren gjen-

nom ei luke i muren. Nokre kjerrelass blei køyrdé til Vodlakaien der potetene blei lasta om bord i ei skøyte som skulle til Bergen. Potet-trafikken til Bergen var i mange år ei viktig inntektskjelde for folk på Rennesøy og Mosterøy.

Under krigen var det leveringsplikt av poteter, og det kom folk som målte volumet av potetbingen i kjellaren. Småpotetene blei lagra og nytta til mat for hønsa og grisene. I kjellaren hadde me ein vedomin med ein stor koparkjel oppå der me kokte småpotetene.

Gulrøtene, kålrabien, raudbetane, kål og andre rotfrukter blei samla i haugar på åkeren. Over dei blei det lagt halm og jord slik at dei kunne halda seg friske endå om det kom frost. På den måten kunne me ha friske grønsaker gjennom vinteren. Formergen blei nytta til mat for kyrne utover mot juletider.

På landbrukskulen på Øksnevad hadde Arne lært



Mor steller hønsa

å laga drivbenker. Dette var karmar av tre som det blei lagt glasrammer over. I drivbenkene sådde han frø til mange slag planter, mellom anna kål, tomat og tobakk. Eg hjelpte han mellom anna med å vatna og passa på at det ikkje blei for varmt for plantene når sola skein på glasa over karmane. Me planta kålplanter i åkeren, og Arne selde også planter til folk på øya. Han averterte jamvel kålplanter til sals i avis, og sende planter med rutebåten som skulle til folk i Stavanger -området.

Jorda nedanfor steingarden ved heimehuset låg i livd for nordavinden. Når sola skein, blei her varmt og godt. Her hadde Arne tomat- og tobakksplanter. Me hausta tomatar som smakte godt. Blada på tobakksplantene blei tørka i løa, og etterpå leverte til ein tobakksfabrikk i byen. Arne fekk tilbake øskjer med det som blei kalla heimeavla tobakk. Under krigen var det stor mangel på

tobakk. Avisa hadde mange annonsar om ting som folk ville byta bort mot å få tobakk. Ingen i familien vår røykte. Eg trur ikkje Arne fekk så mange ønskjer att av tobakksblaða, og eg veit ikkje kva han gjorde med tobakken. Kanskje selde han den til butikkar i byen eller til folk på øya som var sugne på å få seg ein røyk. Eg kan heller ikkje hugsa at han fekk ting i byte for tobakk.

Saman med Harald var eg med på å utvikla ein liten «kaninfarm». Harald var godt og vel fire år eldre enn eg, så han var sjefen. Me hadde denne «farmen» inntil Harald i 1943 reiste til Voss på landsgymnaset. Med hjelp av dei eldre brørne våre fekk me laga nettingbura til å ha kaninane i. Nettingbura plasserte me på ein del av enga som me fekk til disposisjon. Av og til måtte bura flyttast fordi kaninane skulle få friskt gras eller fordi dei grov holer for å koma seg ut. Om somrane slo me gras med stuttovr for å gi kaninane mat morgon og kveld. Dei måtte også ha forsyning av vatn. Kaninane fekk para seg, og dei fekk mange ungar. Eg trur at me på det meste hadde 20 – 30 kaninar. Om vintrane hadde me nokre færre. Dei hadde me i ein del av hønsehuset. Der gav me dei kålrot, gulrøter og andre rotfrukter.

Far hjelpte oss med å slakta kaninane. Dei blei flådde, og skinna turka under taket i løa. Far betalte litt for kaninkjøttet som gjekk til husbruk. Mor stelte kjøttet før det blei servert til søndagsmiddagen. Saman med gode poteter, saus og grønsaker, var dette gode søndags-middagar. Nokre av dei slakta kaninane selde me til ei forretning i byen (Vervik) som dreiv med omsetning av kaninkjøtt. Skinna blei selde til eit Bergensfirma (Rieber) som hadde mottak i eit hus i Børeviga. Ein mann som tok imot, såg rart på denne gutungen som kom for selja kaninskinn. Men eg fekk betaling.

Pengane som eg tente, la eg på ei sparebørse som eg hadde fått av Stavanger Sparekasse (nå SR-bank). Eg

følte meg alltid stolt når eg gjekk i banken og fekk sett inn sparepengane. Dette var pengar som eg skulle bruka til noko spesielt. Dei blei derfor ståande i banken, og «overlevde» både militærtenesta, lærarutdanninga på Stord, universitetsutdanninga og huskjøp i Oslo. Først då me hausten 1974 kjøpte huset i Stokkahagen 21 i Stavanger, måtte «kaninpengane», som Turid kalla dei, takast ut og gå inn i det store pengesluket.

## Skuletida

Forutan å vera lærar i Vaulakrinsen var far formann i skulestyret. I 1933 tok han initiativet til å få bygt nytt skulehus i klosterkrinsen. Han laga sjølv teikningane til huset på grunnlag av typeteikningar frå departementet. Martin Hodnefjell var snikkar, og stod for bygginga. Det var stor strid om huset skulle ha kvist. Saka var føre tre gonger i heradsstyret, og løvvinga på 300, kroner (som kvisten kostar) gjekk til slutt igjennom med ordførar Lars Ramndal si dobbeltstemme.

På slutten av 1930-talet blei det vedteke at nytt skulehus skulle byggjast også for Vaulakrinsen. Huset blei teikna av arkitekt Imsland, og Martin Hodnefjell stod også her for bygginga. Huset fekk ein annan utsjånad enn den vanlege byggeskikken på øya. Somme syntest det såg ut som eit naust, og ein kveld tok nokre ungdommar og plasserte robåten til far i det uferdige bygget.

Det nye skulehuset stod ferdig på nyåret 1940. Det var stor innviingsfest. Festen, som blei omtala i Stavanger Aftenblad, blei kombinert med ei innsamling av pengar og klede til krigen i Finland. Krigen kom også til vårt land, og difor blei dette eit av dei siste skulehusa som blei bygde i Rogaland før på 1950-talet. I Skolehistorisk årbok for Rogaland 2011 er det ein omtale av det nye skulehuset.

Eg fekk såleis byrja på skulen i eit nytt skulehus.



*Utstein kloster skule 1933*

Sidan både eg og kameratane mine, Einar Vaula og Martin Ramndal, budde nær den gamle skulen, hadde me fleire gonger vore innom og følgje oppplæringa for dei minste elevane. Overgangen til ordinær skule var difor ikkje så stor. Den vanlege skuleplikta starta når ein var sju år. Grunnen til at eg venta til eg var åtte, veit eg ikkje heilt. Kanskje var det mor og far som tykte det var greitt at minsteguten var liten så lenge som råd? I alle fall kom eg til å gå saman med dei litt yngre kameratane mine i ein årgang på ni elevar.

Rammene for skulen var fastsette i lova om landsfolkeskulen frå 1936 og Normalplanen for landsfolkeskulen frå 1939. Denne planen innførde arbeidskuleprinsippet med vekt på elevaktivitet som pedagogisk prinsipp i oppplæringa. Planen inneholdt mellom anna kva for lærestoff ein skulle arbeida med kvart år, og gav rettleiing om korleis læraren kunne leggja til rette opplæringa. Det var progresjon i lærestoffet slik at ein tok utgangspunkt i det nære og arbeidde seg mot det fjerne, frå det kjende mot det ukjende, frå det lette mot det vanskelege. I fældelt skule, der fleire årskull var samla i same klasse, var det ofte ei utfordrande oppgåve for



Vaula skule 1940

læraren å differensiera opplæringa slik at elevane i dei ulike årskulla fekk opplæring i lærestoffet som stod i læreplanen.


Det var tredelt skule både på Vaula og Utstein Klosterr. Elevane gjekk på skulen annankvar dag. Dei minste elevane gjekk i småskulen, og dei største i storskulen. Lærarinna, Olaug Mjånes, hadde småskulen i begge krinsane, og lærarane, far i Vaula og Lars Oma i Klosterr, hadde storskulen. Olaug Mjånes hadde nok den stridaste jobben. Det var ca. 5 km. mellom krinsane, og ho laut sykla i alle slags ver for å koma fram.

Då eg byrja på skulen, hadde klassen først framhaldskulelæraren, Ingvar Tveit, så fekk vi ei lærarinne som heitte Hadland, så ei som heitte Solberg før Olaug Mjånes kom ved juletider. Ho blei verande som lærar på Mosterøy heilt til ho blei pensjonert på 1970-talet. På ulike slags tilstellingar var ho flink til å lesa frå Torvald Tu og Ajax. Ingvar Tveit kunne ikkje syngja, så han imponerte med å spela til salmane og songane frå eit lite trøorgel som han plasserte på kateteret.


I grunnen hugsar eg lite frå tida i småskulen. Kombinasjonen skule ein dag og leik og arbeid den andre, passa meg godt. Eg kan ikkje hugsa at eg nokon gong opplevde skulen som kjedeleg, eller at eg hadde vanskår av noko slag. Det var vedomnar i klasseromma. Når straumen var borte av og til om vintrane, sat me i mørket ved omnen medan Olaug Mjånes fortalte eventyr. Det var gildt. Olaug Mjånes var snill! Eg kan ikkje hugsa at eg eller nokon andre fekk skjenn. Av og til når det var stygt ver, fekk me springa på sokkeleisten på loftet over klasseromma. Dette var veldig kjekt, og enda oftast med store hol i sokkane. Før jul lærde me julesongar og laga julekorger og annan pynt som me fekk med til juletreet heime.

Eg hugsar meir frå tida i storskulen. Far var ein flink lærar. Han kunne fortelja levande, og han forklarte ting på ein enkel og lettfatteleg måte. Samtidig som han var motiverande, stilte han klare og strenge krav. Det var aldri problem med disiplinen. Sidan me var fleire årskull i same klasse, måtte noko av opplæringa differensierast. Medan eit årskull fekk opplæring i eit fag, kunne andre årskull arbeida individuelt med ymse slag oppgåver, til dømes i reknning, lesing i leseboka eller i ei anna bok eller å læra å skriva fint i ei blå bok som heitte Nytt System. Dette siste var kjedeleg, og eg lærde aldri å skriva fint. Samtidig kunne me både læra noko nytt eller repetera noko me hadde lært før, ved å høyra på undervisninga for andre elevar.

Alle timane byrja anten med ei salme eller ein song. Mange songar kunne me utanåt, andre stod i heftet: *Songar for Heim og Skule*. Kristendomskunnskap var eit sentralt fag. Me lærde salmar, og gjekk gjennom dei ti boda, trusartiklane, fadervår og innsetningsordal til dåpen og nattverden i Sverdrups forklaring til Luthers katekisme. Mykje av dette måtte me kunne på rams. I bibelsoga fortalte læraren dei bibelske forteljingane,



Bibelhistoria



Nordahl Rolvsens lesebok



og me elevane fekk i lekse å kunne fortelja dei att med eigne ord for heile klassen.

Skulen hadde mange plansjar som illustrerte ulike hendingar i bibelsoga. Desse var med på å konkretisera opplæringa. Seinare har eg oppdagat at mange av framstillingane på plansjane var reine kunstverka. På veggen hang eit kart over Jødeland. Eg studerte nok ikkje dette kartet like grundig som ein trønder stortingsrepresentant Jon Leirfall fortalte om. Denne trønderen meinte at han etter å ha studert kartet over Jødeland i sju år, og følgje Jesus sine vandringer opp og ned på kartet og til ulike område og stader, så følte han seg kvalifisert til å bli jordskiftedommar i Israel.

Norsk var eit viktig fag. Her las me både høgt for heile klassen eller stille for oss sjølv i leseboka eller andre bøker. Me fekk låna bøker på skulebiblioteket som me også kunne ta med heim. Læraren hadde oftast ei spanande bok som han las høgt for oss, gjerne på slutten av dagen. Dette var alltid gildt.

I grammatikk lærde me om ordklassar, bøygde substantiv og adjektiv, og analyserte setningar for å finna subjekt, predikat, objekt og kompliment. Me skreiv stilar som gjerne blei lesne opp for heile klassen. Eg likte godt norsktimane. Då eg seinare kom vidare på skule, oppdaga eg at eg hadde fått med meg mykje kunnskap som andre ikkje hadde fått endå om dei hadde gått på skular i byområde med lengre skuletid. Inge Bø, som hadde gått i fådelt skule på Tasta, har fortalt at han hadde same opplevinga då han byrja på gymnaset på Kongsgård skole i Stavanger.

Me hadde dessverre ikkje obligatorisk framandspråk i landsfolkeskulen på denne tida. Seinare i livet sakna eg grunnleggjande opplæring i engelsk. Den gode opplæringa eg hadde fått i norsk grammatikk, var likevel til




Plansjen Metrisk mål og vekt

god hjelp då eg seinare skulle læra andre språk, særleg tysk, gammelnorsk og latin.

Rekning var eit populært fag. Her fekk me grundig innføring i dei ulike rekneartene. Det var artig å bøya sterke og svake verb i alle tider frå infinitiv til andre kondisjonalis. Når det galdt lengdemål, fann me lengda på ein millimeter, centimeter, desimeter på ein meterstokk. Ute på vegon målte me opp kor langt ti, femti, hundre, fem hundre og ein kilometer var. Når me rekna med tal i rekneboka, kunne me såleis ha konkrete førestillingar om kva tala betydde.

Det same gjorde me når det galdt holmål. Her hadde me vatn i beger som viste milliliter, centiliter, desili-



BERNHARD STOKKE

# FOLKET VÅRT

GJENNOM TIDENE

J. W. CAPPLENS FORLAG

ter og liter. Det hende at når det gjekk i surr for oss når me rekna med tal, at me måtte ta fram begera og fylla dei med vatn frå vassbøtta for at me skulle skjøna reknestykket. Liknande konkretiseringar blei nytta når det galdt mål og vekt, sirkelen og overflater med meir. På veggen hang ein plansje som viste ting som konkretiserte ulike reknearter. Den kunne vera nyttig å sjå på når me streva med oppgåver i rekneboka. Mange av oss elevar tykte at rekning var det kjekkaste faget.

Historie var også eit kjekt fag. Sidan det i klassen var fleire årskull, delte læraren opp historia i ulike bolkar slik at alle til slutt fekk gjennomgått dei viktigaste hendingane både i noregssoga og verdssoga. Læraren

fortalte, og me elevane fekk i lekse å lesa i læreboka og fortelja for heile klassen det me hadde lært. Me lærde om Stortinget og styringsverket i landet vårt. Vikingtida engasjerte, og eg las Snorre sine kongesagaer med stor interesse. Det var også kjekt å lesa bøker om Fridtjof Nansen, Roald Amundsen og andre nasjonale heltar. Også i historie fekk me sjå plansjar som viste fram dramatiske hendingar.

I geografi tok me for oss ulike land i dei fem verdsdelane. Kartstativet hadde kart over Rogaland, Noreg, dei nordiske landa, Europa, Afrika, Asia, Nord- og Sør Amerika og Australia. Me studerte karta, og fekk høyra om land og folk, viktige næringsvegar og byar og elvar. Me tok utgangspunkt i Mosterøy og Rogaland fylke før med hadde ein gjennomgang av kvart fylke i heile landet. Me laga kartskisser først av Rogaland der me måtte ha med øyar, fjordar, fjell, dalar, elevar og vatn med namn på større stader. Det same gjorde me for dei andre fylka i landet vårt. Etterpå stod dei Nordiske landa for tur, deretter landa i Europa og dei andre verdsdelane. Me fekk i lekse å øva på desse kartskisene så godt heime at me kunna teikna dei etter minnet neste gong me skulle ha geografi.

Seinare har eg hatt mykje nytte av dette. Det har såleis alltid vore lett for meg å sjå for meg land og geografiske område der eg har vore. Då eg seinare blei student og lærar, var eg i åtte somrar sjåfør på turbussar og køyrdi i dei fleste landa i Vest Europa. Det var då nyttig å ha geografisk oversikt over dei fleste landa i «hovudet». Kanskje la opplæringa i geografi ein hug i meg til å sjå og å oppleva dei landa og stadene me lærde om? Eg har i alle fall reist mykje både som turist og i jobbsamanheng, vore i alle verdsdelar og i svært mange land.

I naturfag hadde me biologi, fysikk og kjemi. Mange blomar, planter og dyr kjende me til frå dagleglivet, men også her var plansjesamlinga til god hjelp



Kart over Rogaland

når me skulle læra om meir framande arter. I fysikk hugsar eg spesielt eit apparat som laga elektrisitet når me sveiva ei glasskive gjennom eit tøystykke. Dersom ein elev stod på ei glasplate isolert frå golvet og heldt på ei kule på apparatet når ein av oss sveiva, så kunne han få straum i seg slik at håret reiste seg og det gneista når me tok han på nasen.

I praktiske fag hadde me teikning og handarbeid. Eg var ingen god teiknar, så dette syntest eg var kjedeleg. I handarbeid var det to vekers kurs for jenter og sløyd for gutter. Å vera på sløyden var svært kjekt. Me spikka, høvla og saga så sveitten rann. Det var ei bok med type-teikningar over ting som me kunne laga. Me starta med å laga blomsterpinnar, så skjerefjøler og etter kvart fuglekassar, skrin og båtar og bilar.

Me hadde ikkje eigne timar i kroppsøving, men me var svært aktive i friminutta. Då heldt med tikken, slo ball og fann på mange slags aktivitetar. Ekstra kjekt var det når me fekk læraren med på å slå ball. Det galtdt om å treffa han med ballen. Sidan løa vår låg like ved skulen, sende far meg av og til i friminutta i fjøset for å gi kyrne mat når ingen av brørne mine kunne gjera dette.

Far og gutane som var avgangselevar, reiste til byen

og kjøpte juletre. Av og til fekk også eg vera med fordi far skulle kjøpa juletre til oss heime. Det var stor stas. I underetasjen på skulehuset var det eit relativt stort rom som blei nytta til festar av ymse slag. Her blei treet og rommet pynta til julefesten tredje dag jul. Denne festen gledde me oss alltid til.

Far styrde festen, Lars Ramndal eller ein annan tala og mor stod for maten og kokte kaffi. Me ungar fekk ein papirpose med julekaker og anna godt. Etter at me hadde ete, blåste me luft i posane og laga eit stort smell. Det gildaste var å gå rundt juletreet. Klara Galta eller Kirsten, syster mi, spela orgel, og far styrde songen. Rundt treet laga me fleire ringar, og me ungane song av full hals. Av og til var det pausar med opplesing eller anna program, og julenissen kom også gjerne på besøk. Ein gong var eg og Bernhard Kåda julenissar. Då me gjekk ut, var det ein ungdom som kom etter oss og reiv av oss maskene for å sjå kven vi var. Det tykte me var dårlig gjort.

Elevane i skulane i Mosterøy herad hadde ei ordning med fri tannlege. Eg kan berre hugsa at eg under krigen var i byen hos tannlegen ein gong. Då tok far oss med til tannlege Øvre som hadde kontor rett overfor Turnhallen. Eg trur alt var i orden med tennene mine. Etter at me hadde vore hos tannleggen, fekk me fri til båten skulle gå heim om ettermiddagen. Eg og nokre av gutane kjøpte små pistolar som me kunne fylla med vatn. På den tida var det eit plankegjerde rundt eit stort hol på Sølvberget som var tenkt til tomt for nytt kulturbygg. Me tok pistolane med hit, fylte dei med vatn fra vasspyttane og leika «krig» rundt dette plankegjerdet med bygutar frå Sølvberget. Før me reiste heim, kjøpte nokre av dei største gutane humlesigarettar i forretninga til Berntsen ved Steinkarkaien. Det lukta difor humle på båten utover Byfjorden.

Eg trur det var sommaren 1942 at far tok med seg

dei største gutane på sykkeltur. Eg fekk lov til å vera med på denne turen. Me reiste med båt til Sauda. Båten skulle innom mange stoppestader, og me var ikkje framme før i kveldinga. Då me sykla gjennom Saudasjøen, såg me russiske krigsfangar arbeidde med å byggja eit fabrikkanlegg der. Far hadde avtalt med ein bonde litt utanfor Saudasjøen at me skulle få overnatta i løa hans. Neste dag sykla me vidare til Ropeid, Imsland, Vikedal, Ølen og til Skjoldavik. Her gjekk båten neste morgen til Stavanger. Elevane fekk overnatta på båten medan far og eg sykla tilbake til far si syster i Ølen der me skulle bu.

På denne turen besøkte far lærarar i bygdene som me sykla forbi. Etter krigen fortalte han at han hadde brukt denne sykkelturen som skalkeskjul for å etablera eit kontaktnett for å senda meldingar til lærarane i Indre Ryfylke frå den motstandsgruppa han var med i.

Kor mange dagar far og eg var att i Ølen eller hos broren i Sandeid, hugsar eg ikkje. Det eg hugsar, er at me ein dag sykla til Etne og besøkte garden Berge som far til far kom frå. Denne garden ligg høgt oppe i lia på austsida av dalen. Det var bratt veg opp, og folket på garden dreiv med slåtten i bakkane der. Det slo meg at her var det lite sletteland samanlikna med Mosterøy.

Bestefar kunne følgja slekta tilbake til 1600-talet. I alle generasjonar heitte eigarane av garden anten Peder eller Lars. Den siste Peder selde garden på slutten av 1900-talet. Bestefar heitte Ole. Han kjøpte garden Søndenå på Sandeid, og tok namnet etter denne garden.

På eit visst tidspunkt blei garden Berge delt i Øvre- og Nedre Berge. På slutten av 1800-talet blei garden Nedre Berge selt til bestefar til den kjende AP-politikaren Gunnar Berge. Her voks far til Gunnar opp. Som vaksen busette han seg i Etne sentrum der Gunnar hadde sine barndomsår.


Innover i fjordane i Ryfylke var det mange små

gardar, og det er vanskeleg for oss i dag å forstå at folk kunne bu og levnæra seg på desse jordlappane. Det må ha vore sterke, arbeidsvillige og kreative folk som kunne greia dette. Det er ei historie om ein mann (Lars) som hadde budd på ein liten skrinn gard heile sitt liv. Han var død, og to karar i bygda møttest ved butikken og snakka om han som var død. «Kva var det eigentleg han Lars døydde av?» spurde den eine. «Nei, svara den andre. Det veit eg faktisk ikkje, og i grunnen har eg aldri visst kva han levde av heller».

### Reiser til byen

Eg likte godt å reisa til Stavanger. Før krigen køyrd Harald Dirdal lastebilen til Arne Aske. På denne bilen kunne det setjast eit hus på lasteplanet, og folk kunne bli frakta til og frå Kloster til Askje dersom dei skulle nyitta *Askøy* til byreisene. Arne Aske var skipper, båt- og bileigar. Eg var ofte i styrehuset sammen med far. Han og Arne hadde alltid mykje å prata om.


I Rennesøyruta konkurrerte «*Askøy*» med DSD sin



*Askøy*

dampbåt *Øybuens*. Dei to båtane starta om lag på same tid frå Stavanger om ettermiddagen. Då galdt det om å koma først til Bru. Endå om *Øybuens* gav på så svarte røyken stod opp skorsteinen, vann oftast Askøy kapp-løpet fordi denne båten hadde dieselmotor. Eg heldt alltid med *Askøy*, og tykte det var stas når denne båten vann. Då krigen kom, blei det mangel på drivstoff til *Askøy*. Båten blei difor selt til DSD, og skipper og mannskap overførte til dette selskapet. *Øybuens* blei då einerådande i Rennesøyruta.

For meg blei det etter kvart like gildt å reisa til byen med *Øybuens* som med «*Askøy*». I dei første krigsåra reiste eg saman med foreldra mine eller med anten far eller mor. Etter kvart reiste eg også åleine. Å reisa til byen med *Øybuens* var interessant og spennande. Me gjekk om bord på Vodlakaien i åtte-tida, og båten var innom og tok om bord folk og last frå kaiane Vikevåg, Dale, Askje, Vestre Åmøy, Sokn og Bru før han stemnde inn Byfjorden til Stavanger der han var framme ved Steinkarkaien i ti-tida.



*Øybuens*

Då folk var gått på land, var det losse- og lastearbeidarar som overtok. Sekker og kassar med ulikt innhald og skulle heisast på land med vinsjen som spydde ut damp. Dyr skulle fraktast i land og leiaast bort til slakthuset som den gongen låg på Kjerringholmen der Oljemuseet er i dag. Når eg reiste åleine, blei eg gjerne ståande i døra til varehuset ei stund og sjå på når dei lossa båten. Losse- og lastearbeidarane var muntre karar som hadde lystige kommentarar både til ting dei tok i land, og til kvarandre.

Ein mann frå slakthuset som gjekk rundt på fjordabåtane og henta småkalvar, kalla dei for «Kalva Jesus». Av og til sleit ein stut eller ku seg på vegen bort til slakthuset. Det blei stort oppstyr dersom ein stor stut for oppover i gatene. Folk prøvde å berga seg så godt dei kunne ved å springa til alle kantar og ved å redda seg inn i butikkar. Ofte blei slike hendingar omtala i avisar med Henry Imslands teikningar.

Sjølve reisa med *Øybuen* var ei fin oppleveling. Eg stod av og til på brua og såg gjennom glaset på kaptein Løvik. Han hadde tre gule stjerner på lua, og med fast hand på rattet manøvrerte han båten mellom øyar, holmar og skjer frå kai til kai. Når båten nærma seg ein kai, tok han hendelen på maskintelegrafen og sende meldinga «klar» ned i maskinrommet. Då båten nærma seg endå meir, sende han meldinga «stopp», og når båten seig inn mot kaien, «full fart etterover» medan han svinga på rattet og melde på nytt «stopp» når båten la inn til kaien. Når folk og varer var komne om bord, var det igjen å gi melding med maskintelegrafen, bakka ut og setja kursen mot neste kai.

Eg stod også i døra og såg ned i maskinrommet. Fyrbøtaren var sveitt, svart og skitten. Han opna av og til døra til glohaugen i fyrrrommet og lempa inn kol. Maskinisten for med oljekanna og smurde viktige ledd på maskinen. Når meldinga på maskintelegrafen kom,

gjorde han seg klar med ei stong som han førde fram og tilbake i samsvar med ordren som kom frå kapteinen.

Når båten la inn til kaien, stod ein av matrosane klar til å hiva på land trossa. Det var alltid ein mann på kaien som skulle ta imot og leggja tauylukkja rundt ein pollert, men eg hadde inntrykk av at matrosen tykte det var kjekt dersom han greidde å få tauylukkja rundt pollerten.

Frå dørropninga til ein av sidegangane såg eg folk balanserte på landgangen for å koma om bord, og når sekker og store ting skulle heisast ned i lasterommet. Dyr og mindre ting blei plasserte under bakken. Kaiane låg tett. Dei to matrosane og styrmannen hadde ein strid jobb med å halda orden på mjølsekker, kassar, pakkar og andre ting som skulle om bord eller i land. Det var viktig å få rett ting i land på rett kai

Ein gong på Sokn skulle dei ha ei ku om bord. Kua hadde nok mistanke om at dette ikkje var noko hyggelag reise, så ho sette alle fire føtene bastant i kaien. To mann skauv på bak, og ein drog i tauet framme, men kua rikka seg ikkje. Brått bykste ho til, for over båten og hoppa over rekka og ut i sjøen og sumde til lands. Etterpå sprang ho oppover vegen med halen rett ut. Dette berga nok livet hennar denne gongen.

Å vera matros på *Øybuen* var ikkje sett på som noko latmannsliv. Journalist Jone Laugaland skriv i boka «Fjordabåtene» om ein mann som var for retten. Han blei spurd om han var blitt straffa før. «Nei, svara mannen, men eg har vore eitt år matros på Rennesøyruta».

*Øybuen* hadde ein salong for menn framme og for kvinner bak. Dessutan var det benker å sitja på i sidegangane. Eg likte best å sitja i mannsalsalongen framme. Styrmannslugaren var ein del av denne salongen, og av og til fekk eg sitja der. Her hadde styrmannen kontoret sitt og ordna med billettar, fraktbrev og post. Frå sitjeplassen min kunne eg høyra mannsalonna

prata, og det var artig å høyra på morosame historier, muntre kommentarar og livlege diskusjonar.

På Dale kom det gjerne ein tysk soldat om bord. Eg tykte han hadde fin uniform og blanke sko. På beltet stod det «Gott mit uns». Brørne mine hadde fortalt kva dette betydde. Slik far min og brørne mine omtalte tyskarane, kunne eg vanskeleg tenkja meg at Gud var på deira side.

Det var stas å reisa til byen med far. Han møtte mange han kjente, og som han prata med på gata. Han stod for likninga på Mosterøy, og me var på kontoret til skatteinspektør Sørvåg der dei diskuterte skattespørsmål. Me var også hos advokat Erling Ueland. Han var frå Heskestad, og hadde kontor i Kirkegata. Far heldt seg stort sett til dei same forretningane. Han blei godt motteken hos Mæhle som selde klede og hos Dahle som heldt til i eit stort trehus på Jorenholmen. Dahle selde mjøl og andre ting folk trengte til hushaldet. I same huset var forretninga til Vervik som kjøpte slakta kaninar av oss. Hos T. Skretting blei det ordna med kunstgjødsel og kraftfor til dyra. Christ hadde slaktarforretning der me kunne kjøpa kjøttvarer. Christ var til og med ein gong heime på Mosterøy og slakta eit føl. Me var også av og til innom ein urmakar som hadde blitt nazist. Her måtte me vera varsame med kva me sa. Far fekk klypt håret sitt hos ein pratsam frisør som heitte Ellingsen i Breigata.

Som nemnt tidlegare, hadde far leigt ein boks med lås i det store kommunale fryseanlegget på Jorenholmen. I eit stort rom i ein av etasjane var det mange rekkr med slike boksar som stod oppå einannan og som folk kunne få leiga. Frå denne boksen henta me ofte søndagsmiddagar når me var i byen.

En laurdag, ikkje så lenge før båten skulle gå, var far og eg innom dette anlegget for å ta ut ein kjøttpakke. Ein mann tok oss opp med heisen, og me var

inne i fryserommet og tok ut pakken. Då me kom ut på gangen utanfor fryserommet, var heisen gått ned. Det var ikkje like kaldt i gangen som inne i fryserommet, men likevel temmeleg kaldt. Me venta litt, og prøvde døra ut til trappenedgangen, men ho var låst.

Eg forstod at far etter kvart blei uroleg, og han begynte å banka på heisdøra med ein jarnstokk som hang der. Etter å ha banka ei stund blei det endeleg liv i heisen, og ein mann kom opp og såg forundra på oss. Det viste seg at han som hadde teke oss opp, hadde gått heim for helga. Korleis det hadde gått dersom me måtte blitt verande helga over i gangen på fryseanlegget, er ikkje godt å seia. Etterpå klaga far til leiinga for fryseanlegget, og eg trur ikkje at døra ut til trappegangen nokon gong var låst seinare.

Det var også kjekt å vera med mor til byen. Ho hadde mange slektningar der. Morfaren , Lars Krogdal og kona kom frå Imsland, og hadde kjøpt gard på Våland. Gardstunet låg der Bernhard Hanssonsgate er i dag. Dei hadde tre barn: Kirsten, Gurine og Peder. Kirsten, mor til mor, reiste til Heskestad, og blei den første jordmora i bygda i 1892. Der blei ho gift med Endre Omdal. Gurine blei gift med ein som heitte Krag. Dei fekk mange barn, og når mor var i byen, besøkte ho ofte syskenbarna.

Peder overtok garden. Han var også snikkar, og etter kvart gjorde han garden om til tomter som han bygde hus på og selde. Sjølv bygde han seg eit stort hus i Bernhard Hanssonsgate. Me var ofte på besøk hos han og familien, og Kirsten, syster mi, hadde hybel der då ho under krigen gjekk på Hvarings handelsskole.

Mor likte godt å treffa familien. Eit av syskenbarna var gift med ein nederlendar som heitte Koymen. Han hadde utvikla ein metode for å laga perler av silderips. Perlene blei nytta til å laga halskjede og andre smykke. Me var også hos Gunhardt Krag som budde på Byhau-



Vodlakaien

gen. Her var to gutar som var litt yngre enn eg. Me leika saman, og dei var fleire somrar på Mosterøy. Brørne Hustvedt, som hadde leiketøyforretning i Østervåg, var slektingar til mor. Me var gjerne innom denne forretninga før båten skulle gå. Eg fekk gjerne ein liten bil eller ei anna leike med heim til Mosterøy.

Båten tilbake til Mosterøy gjekk kl. 1500. Lasterommet var oftast fullt av sekker og tunge kassar. Under bakken var det plassert lettare varer. I første halvdel av 1900-talet var det ikkje høve til å få kjøpa alkohol i Stavanger. Folk måtte difor skriva til Vinmonopolet i Bergen for å få sterke saker. Av og til låg det ein «polpakke» under bakken. Eg la merke til at folk kasta lange blikk på desse pakkane for å sjå kven som skulle ha dei. Somme hadde sikkert lyst til å kasta slike pakkar på sjøen.

Heimturen gjekk innom dei same kaiane som til byen. Båten blei ofte liggjande lenge i Vikevåg. Her var det mykje last som skulle inn i det store huset på kaien, og tomme mjølkespann skulle tilbake til Voll og

Utstein Kloster. Eg stod ofte og fraus saman med andre i kaihuset på Vodlakaien og venta på dei tomme mjølkespanna. Kaihuset var ein sosial møteplass. Her kunne mannfolka utveksla synspunkt og meininger om ting som skjedde. Somme hadde morosame historier å fortelja, så av og til var det ei heller munter stemning når me venta på båten. Eg likte godt når eldre folk fortalte om «gamle» dagar.

Me var til vanleg i land på Vodlakaien i femtida. Eg tykte alltid det var spennande å reisa til byen om morgonen, men det var også gildt å koma heim att.

På byreisene åleine hadde eg ymse slag ærend. Ofte var det å levera matpakkar til mor sine slektringar. Eg trur at foreldra mine rekna med at det ikkje var kontrollar på vanlege kvardagar, og at ein liten gut ikkje ville bli ransaka endå om det var kontroll. Det var verre då båten kom til byen på sundagskveldane. Då stod det ofte hirdfolk og tyske soldatar og tok matvarer som byfolk hadde vore på landet og «hamstra». Somme tømde mjølk og kasta kjøtt på sjøen så ikkje hirdfolka og tyskarane skulle få maten.

Ei reis til byen betydde også at eg kunne gå på kafe og kjøpa middag. Eg tykte alltid middagen på kafe smaka godt. Kvar haust var det haustmarken. I Hillevåg var det ein stad der ein kjøpte og selde dyr. I Øvre Strandgate var det Tivoli. Her svirra pariserhjul som av og til gav gevinst. Ein kunne også skyta med luftgæver, og kasta blink på boksar. Eg kan ikkje hugsa at det blei nokon særleg premie for meg.

### **Religiøst, sosialt og kulturelt liv**

Som nærmeste naboar hadde me to hovdingar som styrde det meste innan politikk og religiøst-, kulturelt- og sosialt liv i heradet. Kristian Edland hadde ein stor gard nord for oss, og Lars Ramndal ein fin gard i sør. Begge hadde vore ordførarar i Mosterøy. Kristian Edland var

stortingsrepresentant for Venstre 1932 – 1945. Han var såleis med då Stortinget i 1940 måtte flykta frå Oslo - først til Hamar og så til Elverum. Det var som kjent på møtet i Elverum at Stortinget gav den viktige fullmakta til regjeringa Nygårdsvold. Kristian Edland og to andre stortingsrepresentantar frå Rogaland hadde ei strevsamtur over fjellet då dei skulle heim til Rogaland.

Besteforeldra til Kristian Edland kom frå Gjesdal. Saman med broren kjøpte farfar hans skrivargarden på Voll av staten i 1865. Syster til Kristian var den landskjende Elisabeth Edland. På slutten av 1800-talet var ho ein svært populær talar som reiste over heile landet og tala om fråhaldssak, målsak og kvinnesak. Kristian og kona Serina budde saman med familien i det store huset som hadde blitt sett opp på skrivargarden. Forutan å driva garden, hadde dei også postopneriet i krinsen. Serina og Kristian hadde mange barn mellom dei ei dotter som heitte Kristina. Eg blei fortalt at ho trilla meg i barnevogna då eg var liten. Så vidt eg veit, står barnevogna i dag på biblioteket i Vikevåg.

Kristina var eit stort songtalent. Ho hadde teke til på Musikkonservatoriet i Oslo våren 1940, men på grunn av krigen slutta ho av utdanninga der og reiste heim til Mosterøy. Endå om ho truleg gjekk glipp av ein nasjonal og kanskje internasjonal songkarriere, så gledde ho på 1940-, 1950- 1960- og 1970-talet mange med vakker song både på Mosterøy, i Stavanger og andre stader i Rogaland. Ho song på bedehus, i kyrkjer og i større og mindre konsertlokale, og i morgonandaktane. Ho var ein kjær gjest på sjukehuset der ho trøysta pasientar med vakker song. Repertoaret var stort, og kunne passa for mange slags høve og tilstellingar. Som vaksen opplevde eg korleis ho med vakker song og godt humør kunne gripe ei stor festforsamling.

Far til Lars Ramndal kom også frå Gjesdal. Han kom til Mosterøy, og blei gift med Oline som hadde



*Hitler. Mussolini. Stalin*

gard på Dysjaland. Dei dreiv garden til Lars overtok då faren, Martin, døydde i 1935. Lars blei valt til stortingsrepresentant for Venstre i 1945, og var på Stortinget til 1965. Endå om han berre hadde folkeskule og folkehøgskule som grunnlag, var han i 20 år ein dugande og høgt respektert leiar av Justiskomiteen. Han gjorde mellom anna ein stor innsats for å få eit enklare lovspråk. Lars Ramndal hadde dessutan mange andre sentrale verv i norsk politikk og samfunnsliv, og i partiet Venstre gjorde han seg sterk gjeldande når det galdt å utforma og gjennomføra partiets politikk.

Særleg i åra før krigen leika Einar, eg og Martin, son til Lars og Malena, inne i huset, i løa, i smia, i kjerrehuset og på området rundt husa. Etter kvart kom også Inge frå nabogarden med i laget. Når det sprengde på, og buksekappen var vanskeleg å få opp, var det godt å få hjelp av Malena. Me hadde stadig prosjekt på gang, og drog med oss bordfjøler, hammar, spiker og andre verktøy til ulike stader på området. Eg høyrde aldri Lars var sinna fordi han ikkje fann att verktøyet sitt. Han kalla oss dei tre diktatorane i tida: Martin for Mus-



Bedehuset

solini, Einar for Stalin og meg for Hitler. Innimellan alle sine oppgåver og verv, fann han også tid til å vera sundagsskulelærar i krinsen. Han var flink til å fortelja, og gjorde det bibelske stoffet aktuelt og interessant ved å bruka eksempel frå daglege hendingar.

På slutten av 1800-talet og utover på 1900-talet var ungdomslag, mållag og fråhaldslag viktige organisasjonar i nasjonsbygginga. På Mosterøy blei det i 1910 oppretta eit ungdomslag som etter kvart fekk relativt mange medlemmer og dreiv eit aktivt lagstliv. Mitt inntrykk er at ungdommane på nabogardane Edland, Dirdal og Ramndal var særleg aktive. Då desse ungdommane etter kvart reiste ut, og mange av dei heimeverande ungdommane blei med i vekkinga i 1936 og fann sin plass på bedehuset, dabba aktiviteten i ungdomslaget av. Under krigen blei dessutan ungdomslagsarbeidet lagt ned både lokalt og nasjonalt.

Då foreldra mine kom til Mosterøy i 1921, blei far aktivt med i ungdomslaget. Då han gjekk på lærarskulen på Stord, hadde han kjøpt fele og lært å spela. Han

brukte fela både i skulen og i ungdomslaget. Mange av dei sterkt religiøse likte ikkje at klokkaren og læraren gjorde dette.

Far har fortalt at på ein julefest for skuleelevene på bedehuset heldt Ole Ellefsen (Brill Ola) andakten. Då far tok fram fela og spela til songane, gjekk Ole heim og var nesten på gråten. Før han gjekk, sa han at det var første gongen det hadde vore fele i dette huset. Han tykte nok at nå hadde verdsleggjeringa kome langt. Dei sterke truande såg på felespel som noko «syndig». Eg trur at far etter kvart opplevde reaksjonane så sterke at han la fela i felekassen og la ho vekk. Eg kan ikkje hugsa at eg nokon gong hørde at han spela på fela.

Også trekkspillet blei av mange av dei sterkt religiøse sett på som eit «syndens instrument». Både fele og trekkspel var forbunde med dans, drikk og ulivnad. Kanskje hadde folk fått dette med seg frå Pontoppidans forklaring som dei hadde pugga i skulen? I denne boka blei det åtvara mot «ugudelige geberder så som hoppen, dansen springen og lettsindig kyssen».

Då konfirmasjonen blei innført i Danmark/Norge i 1736, fekk Eric Pontoppidan i oppgåve å skriva ei forklaring til Luthers vesle katekisme. Boka fekk den ambisiøse tittelen: «Sandhed til Gudfryktighet – Indeholdende alt det, som den der vil blive salig, har behov, at vide og gjøre». I tillegg til dei fem partane: Boda, Trua, Fadervår, Dåpen og Nattverden med Luthers forklaring var det 759 spørsmål og svar til dei ulike partane som skulle lærast. Det var føresetnaden at dei unge skulle kunna det meste av innhaldet i denne boka for å bli konfirmerete.

I 1739 blei det bestemt at alle barn på landet i Norge frå 7-årsalderen skulle gå på skule. Dei skulle her læra å lesa i Bibelen og andre religiøse skrifter og dessutan tileigna seg så mykje kristendomskunnskap at dei kunne framstilla seg til konfirmasjon. Pontoppidans

forklaring blei i 150 år den sentrale læreboka i skulen. Mange barn og unge felte nok sine modige tårer når dei måtte pugga det som stod i denne boka. Dei fleste hadde nok vanskar både med å forstå språket og innhalten. Somme meiner likevel at det var denne boka som gjorde reformasjonen i 1536 kjent i landet vårt.

Det er ei historie frå ei bygd i Ryfylke om ein ung gut som var musikalsk, fekk seg trekkspel og spela til dans. Så kom han med i ei vekking, og då sette han trekkspelen på loftet. Etter nokre år kom han med i barne- og ungdomsarbeid. Då tok han fram trekkspelen på nytt. Då folk spurde han om det ikkje lenger var gale å spela trekkspel, svarte han: «Nei, det går bra nå. Eg har kopla ut bassane, og de forstår det at synda den sit i bassane den».

På Mosterøy var det to bedehus: Eitt på Finnesand for Klosterkrinsen og eitt på Dysjaland for Vaulakrinsen. I min barndom var bedehuset den sentrale religiøse, sosiale og kulturelle institusjonen. Det var stor møteaktivitet på bedehuset. Det var eit eller anna som skjedde gjerne fleire kveldar i veka. Av og til var det møteseriar som varde heile veker. Emissærar frå Det norske misjonsselskapet, Indre- og Ytre sjømannsmisjonen, Kinamisjonen med fleire kom og heldt møte, og reiste vidare til bedehus i andre bygder. Endå om dei religiøse møta var i stort fleirtal, var det også andre møte der tema var til dømes fråhaldssak, målsak eller aktuelle landbruksspørsmål.

Eg var ikkje på så mange møte, men ein gong var eg på eit møte der ein emissær frå Samemisjonen viste film. Me fekk sjå store reinsdyrflokkar som sprang over Finnmarksvidda og sumde over fjorden til øyar utanfor kysten. Det løgnaste for oss ungar var då mannen spela filmen tilbake. Me tykte det var löye då reinsdyra sumde bakover over fjorden og sprang baklengs over Finnmarksvidda og inn i filmapparatet igjen.

Dette var den såkalla Ryfylkebispen, Svend Foldøen, si stordomstid. Han reiste rundt til bedehusa i bygdene, tala og fekk i stand vekkingar. Han var fleire gonger på bedehuset på Mosterøy. Eg hørde aldri når han tala, men eg forstod at mana fram sterke bilet og brukte harde ord og krasse vendingar, særleg når han tok for seg Djævelen, Helvete og Synda. Ein gong han tala på bedehuset sat Kristina Edland i salen. Ho hadde vore i byen og pynta seg og teke permanent. Brått tok Foldøen ein pause i ordflaumen, såg på Kristina og sa: «Nå, Kristina, eg ser du har fått Djævelen i håret». «Ja, svarte Kristina, det er betre å ha han der enn i kjeften», (Denne historia har Skeiseid og Nordbø i våre dagar brukt i sine innslag.)

På den tida var det nok også andre som hadde førestillingar og meininger om religiøse spørsmål som me stiller oss undrande til i dag. Magnor Aske fortalte for nokre år sidan om tanta si som var aktiv på bedehuset under krigen og i etterkrigstida. Ho såg på Djævelen som den verste, men katolikkane kom som god nummer to. Generelt er me alle påverka av den samtidia me lever i. Det er vel nokså sikkert at om femti år vil folk stilla seg undrande til noko av det me i vår tid kunne tru, meina og gjera.

Far gjekk ikkje så ofte på dei vanlege møta på bedehuset, mor gjekk der oftare. Far syntest at forkynninga der var altfor mørk og fordømmande. Han var meir tilhengar av det kristne livssynet til Grundtvig som la vekt på dei lyse og glade sidene ved livet. Far heldt seg difor unna «svovelpredikantane», men gjekk gjerne og hørde på til dømes Kristian Edland, Lars Ramndal eller tilreisande predikantar som var meir på linje med hans livssyn.

Mange av ungdommane som var aktive i bedehusmiljøet, laga ei song- og musikkgruppe. Denne gruppa deltok med fin song og musikk både på dei vanlege

*Kvinneforeining.  
Bak: Laura Hodnefjell, Berta  
Bru, Margit Haugvaldstad,  
Bergit Bredal, Astrid Hodnefjell.  
Framme: Marta Karin Vaula?,  
Magnhild Hodne Skipenes,  
Bergitte Kåda, Cesilie Sunnanå.*



møta og ved andre tilstellingar. Folk sette stor pris på gruppa, og ho blei svært populær. Det var alltid kjekt å vera på møte der denne gruppa var med. Eg syntest dei song og spela svært fint.

Basarane var viktige tilskipingar på bedehuset. Dei forskjellige misjonsorganisasjonane hadde sine kvinneforeiningar som samlast for å laga ting til basarane. I ettertid har eg tenkt at det var imponerande kor mykje fint dei laga. Det var borddukar til langbord og småbord, teppe, hekla og strikka klutar, klede av ymse slag, sokkar med meir. Det blei også kjøpt inn mange bruks ting som skulle loddast ut, og dessutan dokker og forskjellige slags leiker for oss ungane.

Mor mi var med i fleire foreiningar, og eg trur ho

såg fram til foreningsmøta. Kvinnene på den tid måtte tidleg opp. Det var dei som tok seg av barna. Dei måtte dessutan kvar dag laga fleire måltid med mat til svoltne mannfolk. Dei stod for sying og vask av klede, stell av høns og hage, mjølking med meir. Arbeidsdagen var lang. Eg trur at for mange kvinner på den tida var det å vera saman med andre kvinner i foreining ei kjærkomen avveksling frå det daglege strevet.

Eg tykte det var spennande å gå på basar. På vegene og på fleire bord var det mange flotte gevinstar som skulle loddast ut. Basarane hadde eit fast opplegg. Først var det ei salme som skulle syngjast, og ein emissær som skulle tala. Etter talen og salmen sette kvinnene seg ved to langbord med kvar sine loddbøker, og

så kunne loddsalet byrja. Det var størst trengsel framfor loddsalet til dei mest populære gevinstane. Størst trengsel var det framfor ho som selde lodd til kakene. Foreningskvinnene var ekspertar i å laga gode blautkaker. Under loddsalet kunne ein gå ned i kjellaren og kjøpa mat og kaffi (surrogat). Det var god mat, og mange nyttet seg av dette. Me ungane kunne kjøpa mat og varm kakao. Eg likte godt kakao og brødkiver med egg og ansjos.

Ein basar var ei såpass viktig hending at av og til drakk to tre ungdommar seg fulle. Dei ville med dette setja ein ekstra spiss på kvelden. Dei var sjeldan inne og kjøpte lodd, men gjekk gjerne opp og ned på galeriet eller for utanfor og sjangla. Me ungane tykte det var spennande å fara etter dei og sjå kva dei fann på. Dei mest modige av oss, våga til og med å nappa dei i trøya bak for å få dei til å veiva med armane.

Når loddsalet var slutt, kunne trekkinga byrja. Lodda var oftast samla i ei stor korg, og vinnarlodda blei trekte ut, eitt om gongen. I loddbøkene kunne ein sjå kven som hadde vunne, og gevinst og namn på vinnaren blei lese opp. Eg merka meg at det ofte var ein litt eldre mann som vann den finaste dokka. Størst spenning var det når kakene skulle loddast ut. Å koma heim med ei god kake, kunne skapa fest i heimen. Ein gong vann eg eit slumreteppe, elles gjekk eg som oftast tomhendt heim. Arne hadde større vinnerlykke. Eg trur han vann alltid eit eller anna.

Rutesambandet gjorde at dei som kom til øya, måtte ha overnatting og mat. Emissærane tok difor inn på gardar, og blei gjerne verande der i fleire dagar. Eg kan berre hugsa ein emissær som overnattet hos oss, det var Rognøy, som reiste for Den Indre Sjømannsmisjonen. Eg trur dette hadde samanheng med at mor var leiar for kvinneforeininga for denne misjonen. Eg tykte Rognøy var ein godsleg og gild mann.

Endå om det kom få emissærar til oss, kom det mange andre som budde hos oss når dei kom for å halda foredrag eller hadde andre ærend til øya. Far var aktiv brukar av bedehuset i samband med at han fekk folk til å koma for å tala om ulike slag tema. Fråhaldssak og målsak var for han hjartesaker. Folk som tok for seg tema innanfor desse områda, var alltid velkomne til oss.

Han inviterte også folk som kunne snakka om litteratur, sosiale forhold og spørsmål som galdt oppseding og skule. Å snakka om politikk var ulovleg. Eg hadde inntrykk av at det var godt frammøte på bedehuset også til slike møte. Eg var av og til på møta, og hugsar spesielt at eg var og hørde på Knut Markus. Han var styrar på Halsnøy folkehøgskule, Lagtingspresident i Stortinget og blei etter krigen Skuledirektør i Bjørgvin. Eg hugsa ikkje kva han snakka om, men eg likte godt å høyra på då han tala. Etterpå sat eg i stova og hørde på når han og far snakka saman. Det var alltid gildt å kunne sitja i stova å lytta når far snakka med folk som var på besøk. Eg trur eg lærde mykje, og at eg ved dette fekk interesse for spørsmål som var aktuelle i tida. Eg blei aldri trekt inn i slike samtalar. På den tida måtte eit barn sitja stille og berre høyra på når dei vaksne snakka. Å seja noko i ein slik samanheng var uhøyrd.

## Fritidsaktivitetar

I min oppvekst var arbeidsdagane lange. For dei vaksne byrja dagen med mjølking og fjøsstell i fem sekstida. I løpet av dagen var det pausar for dei fire viktige måltida – frukost, middag, non og kveldsmat. Arbeidsdagen var for dei fleste slutt ved sju-/ halvåttetida om kvelden. Sundagen var fridag, men også den dagen måtte kyrne mjølkast og dyra ha mat. For kvinnene betydde sundagen ekstra arbeid fordi familien skulle ha god mat eller fordi eit eller anna selskap skulle haldast.

For oss ungar var det skule annankvar dag i tretti

Mosterøy-lag 1944:

Bak f.v.: Olav Sunnanå, Harald Sunnanå, Arne Sunnanå, Jan Ivarson, Leiv Edland, Sigurd Døskeland, Arne Galta, Olav S. Hodnefjell.

Foran: Karsten Hovland, Karsten Skibenes, Endre Sunnanå



veker i småskulen og trettiseks i storskulen, men under krigen blei skuletida redusert på grunn av ulike forordningar frå styresmaktene. Dagane me ikkje var på skulen, blei nytta til leikeaktivitetar av ymse slag, men frå elleve- tolv-årsalderen blei det det på dagtid etter kvart mindre leik og meir arbeid.

Vår, sommar og haust var Grønevollen ein viktig samlingsplass i fritida både for ungar og ungdommar. Når veret var lagleg, samlast me ungane og spelte fotball så ofte me kunne. Dei vaksne hadde faste treningskveldar. Då stod me ungane og såg på, og henta ballane som kom bak måla. Grønevollen var ikkje stor. Mellom dei to måla var det berre førti – femti meter. For oss ungane var banen stor nok til å ha kampar mot ungane i klosterkrinsen, men dei vaksne måtte ha større bane når dei skulle ha sine kampar. Dei laga difor til bane på ei eng som var rimeleg slett.

Eit år skulle Mosterøy ha kamp mot Rennesøy. Høyet var i hus, og det blei laga tilbane på enga til Lars Ramndal ovanfor brygga og naustet. Målstengene var to hesjestaurar med tau over. Tauet blei stramma til på festepålar på kvar side. Fotballkampane mellom Mosterøy og Rennesøy hadde høg prestisje. Det var viktig for mosterøybuen å slå «storebror» Rennesøy. Det var difor stor innsats frå begge laga. På Mosterøylaget var alle dei fire brørne mine med: Olav, Endre, Arne og Harald. Endre var ein resar, og Arne var også ein habil fotballspelar. Eg var mellom dei som såg på. Enga hadde blitt nytta som beite for Lars sine kyr. Det var difor ein del kumukker på banen. Ein spelar som hadde oppløp mot mål, hadde difor ikkje berre motspelarane å drilla, men måtte også kryssa mellom kumukker.

Ein gong såg eg at ballen på veg mot målområdet var nedom ei blaut kumukke. Spelaren som stod klar

til å stanga ballen i mål, fekk heile kuskiten over seg. Dommaren, ein bymann som heitte Eide og hadde hytte i Kådavågen, blåste i fløyta og stoppa kampen slik at ein kunna finna gras til å tørka av både spelaren og ballen før kampen kunne setjast i gong att. Kven som vann, hugsar eg ikkje. Kanskje hadde eg hugsa det der som Mosterøy hadde vunne?

Under krigen var det ikkje berre å gå i ein sportsbutikk for å kjøpa ny fotball. Dette var ei vare som ikkje var lett å få tak i. Eg trur difor at me brukte den same ballen i alle åra. Ballen var av lær med ei oppblåsbar gummiblære inni. Arne, bror min, hadde jobben med å halda ballen i stand. Eg hadde inntrykk av at han stadig lappa gummiblæra og brukte syl og bekatråd for å ordna læret.

Både under krigen og dei første tiåra etter var Arne primus motor i fotballen på Mosterøy. Like etter kri- gen var han ein av drivarane for å laga ny fotballbane. Kommunen løyvde pengar, og opparbeidinga blei gjort med stor dugnadsinnsats. Idrettslaget fekk såleis tidleg ein relativ god bane med nasjonale mål. Arne hadde mange verv. Han ordna mellom anna med treningsstider, lagoppstilling og fotballkamper, og var i mange år formann i laget. I 1965 blei han heidra med å bli utnemnd til æresmedlem.

Det var mindre med sportslege vinteraktivitetar. Den snøen som kom, for snart bort. Me hadde eit par ski som anten Endre eller Olav hadde teke med heim frå Voss. Dei var for store for meg. Ein morgon var det kome relativt mykje snø. Kirsten, syster mi, tok på seg skia og gjekk til ei veninne på Vaula. Om ettermiddagen stod eg på låvebrua og såg at ho kom berande på skia. Då var det ikkje ei snofille å sjå.

Av og til var det så mykje frost at isen bar – først på Storagrova på Dysjaland og etterpå på Storavatnet på Hodnefjell. Me hadde stokkaskeiser, og heldt tikken og

siste par ut. Det var mykje moro så lenge isen bar. Det hende også at det kom litt snø som la seg på den frosne jorda. Då var det å dra kjelkane opp til Jakobsbakken på Hodnefjell. Bakken var kort, men bratt, så me fekk god fart.

Vinteren 1942 var særlig kald. Vinden kom frå aust, og det trekte slik inn stoveglasa mot aust at me fekk berre litt varme dersom me sat tett inntil omnien. Resultatet blei at me flytta inn i det vesle kontoret til far som låg mot nord. Her var det ein etasjeomn som gav god varme. Seinare lærde eg at det var denne kuldeperioden som gjorde at dei tyske soldatane ikkje greidde å ta Moskva, og at tilbaketrekkinga mot vest tok til.

Me ungane fann alltid på noko å gjera anten det var sommar eller vinter. Eg trur det var vanskelegast å finna meiningsfull aktivitet for dei ungdommane som ikkje gjekk på bedehuset. Det var forbode å samlast til leik eller dans. Det hende likevel at ungdommen lurte seg til å dansa på litt avsides stader. Ein kveld hadde dei til dømes samla seg til dans på Vodlakaien.

Dansen var godt i gong, då Leiv Edland og Olav S. Hodnefjell fann på at dei ville gjera eit spikk. Dei tok dei to hestane på Edlandsgarden og rei nedover mot kaien. Då dei kom til bakken ned til kaien, fekk dei hestane i trav medan dei ropte noko som likna tysk. Det blei full forvirring på kaien, og ungdommane flaksa oppover bakkane. Han som spela trekkspel, slengde frå seg spelet, og det blei fortalt at han blei så redd at han for heim og la seg i senga og breidde dyna over hovudet.

Som nemnt ovanfor, var det ungdommar som samlast for å spela bridge. Andre spel var også aktuelle. Av og til om sundagar med fint ver samlast ungdommar seg i Loen hos Harald Dirdal for å spela poker, tjue-eitt eller knagg. Eg trur ikkje innsatsen var særlig stor. Me ungane kasta to- eller femøringar mot ein strek på

vegen. Den som kom nærmest streken med mynten, fekk velja om han ville ha krone eller mynt. Etter å ha rista og sleppt alle myntane ned på vegen, vann han alle som hadde den sida opp som han hadde valt. Me hadde ikkje så mange myntar med oss, og eg gjekk oftast heim med tomme lommer.

## Livet i heimen

I forhold til i dag var me ein relativt stor familie – seks barn + to forelder. Aldersspennet mellom oss barna var fjorten år. Eg – den yngste – var meir enn fire år yngre enn nestemann Harald. Det å vera yngst hadde nok sine fordelar. Eg fekk kanskje litt betre mat og andre gode, og kanskje også noko friare tøyler enn brørne mine hadde hatt. På den tida var det elles nokså vanleg med store familiarer. Bror til far, Peder, og kona, Liva, hadde til dømes tretten barn, og budde i eit lite hus på garden som far kom frå i Sandeid.

I tillegg til denne kjernefamilien hadde me i dei fleste krigsåra lærar Ingvar Tveit buande på kvisten. Han hadde full pensjon, og hadde difor alle måltid saman med oss andre i familien. Ingvar Tveit var ein dugande framhaldsskulelærar og ein kjekk kar. Han var frå Norheimsund, og reiste dit i alle feriar. Sommaren 1946 reiste far, Kirsten og eg til Norheimsund for å besøkje han. Då tok han oss med til ei seter på Kvamskogen. Det var før tunellane kom i Tokagjelet. Vegen var smal, og me såg lukt ned i avgrunnen. Eg tenkte ikkje då at eg ca. ti år seinare skulle vera sjåfør på buss med engelske turistar på denne vegen. Dei var nokså skremde, og ville helst ikkje sjå ned i avgrunnen. Ingvar Tveit fekk kreft, og døydde dessverre alt året etter.

Eg vokste opp i ein open og triveleg heim. Me hadde det gildt i lag. Familiebanda var sterke. Me lærde å ta omsyn til kvarandre og hjelpe kvarandre. Eg minneste kveldar då far las for oss frå spanande bøker eller for-

talde om sin oppvekst eller om historiske – eller kjende personar i nyare tid. Me spela gnav, kurong eller andre spel. Av og til sette Kirsten seg på orgelkrakken og spela medan far stemnde i å syngja med den sterke klokkaarrøysta si.

Særleg minnест eg julekveldane med julegraut, torsk og gode kaker, gang rundt julreet, pakkar med bøker, spel og nye sokkar og klede. Ein gong i ni- tiårsalderen gjekk eg ut på trappa utanfor bislaget og gret litt fordi eg fekk det for meg at alt dette gilde ville ta slutt ein gong. Då eg kom inn, såg mor at eg hadde tårer i auga. Ho lurte på om eg ikkje hadde fått noko som eg hadde ønskt meg. For meg var det tvert imot. Eg tykte eg hadde fått så altfor mykje.

Både far og mor var svært arbeidsame. Dei stod på frå grytidleg morgen til seine kvelden kvar på sine område. Far var utovervend og treivst med å vera med der ting skjedde og viktige avgjerder blei tekne. Han var ein stridsmann, uredd, oppteken av rettferd og kunne vera kvass i ein diskusjon om spørsmål han brann for. Mor var meir stillfarande. Ho tok seg av alt som skulle gjerast i heimen, og med dei hjelpermidla ein hadde på den tida, var ikkje dette lite. Begge var viljesterke og kunne stå stritt på sitt. Endå om far snakka høgast og argumenterte sterkest, var det likevel oftast han som måtte gi seg til slutt når dei var usamde om noko.

Huset var rimeleg stort, og passa godt for vår familie. I første etasje var det ein gang med trapp opp til andre etasje og ei ned til kjellaren. Her var kjøkkenet og to stover og eit litt mindre rom som far brukte til kontor. Den eine stova var til dagleg bruk, den andre til «best». Bestestova blei berre brukt når me hadde selskap eller gjæve framandfolk. Me var mange som skulle ha mat. Frukost, middag, non og kveldsmat serverte mor oftast på kjøkkenet, men også av og til i daglegstova.

I andre etasje var det ein gang med dører inn til kvisten og til to soverom på kvar side. Mor og far hadde det første og Endre og Olav det andre soverommet på nordsida. Kirsten hadde det første og Harald og eg det andre på sørsida. På kvisten budde Tveit. Dersom han ikkje var der, blei kvisten nytta til rom for overnattingsgjester. Dersom han var der, og ikkje noko rom var ledig, måtte me andre trekka saman slik at eit rom kunne frigjerast. Då låg Harald og eg i same senga.

Frå gangen gjekk det ei bratt trapp opp til loftsrommet (høgaloftet). Her hadde Arne laga seg eit eige rom der han av og til inviterte kameratar til å spela bridge. Resten av loftet blei nytta til lager. Her stod mellom anna ein motorsykkel som morfar hadde laga. Denne sykkelen står i dag på Lund bygdemuseum. Brørne mine hadde brukt sykkelen, men då krigen kom med bensinrasjonering, blei han sett på høgaloftet. Sykkelen var i betre stand då enn han ser ut på biletet nå. Eg syntest det var kjekt å sitja på sykkelen og fantasera om at eg køyrd i stor fart. På loftet var det også plassert mange andre ting som det var interessant å rota i.

Me hadde ikkje bad eller toalett. Ansiktsvask og handvask blei gjort i eit vaskefat på kjøkkenet. Her var det også utslagsvask. Eg kan ikkje hugsa at eg nokon gong hadde tannbørste. Av og til vaska eg føtene i vaskefaten. Til jul blei det hengt opp ein liten tank med varmt vatn på kontoret til far. Frå denne tanken gjekk det ein slange som enda i ein dusj. Eg stod i eit lite kar av plast og kjende det varme vatnet strøymde nedover kroppen. Det var herleg. Godt var det etterpå å ta på seg gode varme ullklede. Då kunne julehøgtida byrja.

Kroppsvasken fekk eg elles ved å bada i sjøen om sommaren. Då eg blei litt større, nytta eg av og til eit kommunalt badeanlegg i tilknyting til fryseanlegget på Jorenholmen. Ved å betala ein liten sum, kunne ein her få tildelt eit lite dusjkabinett. Av og til når eg var i byen,



*Motorsykkelen til bestefar*

spanderte eg på meg den luksusen det var å nytta dette anlegget.

Kjellaren hadde mange funksjonar. I dei første leveåra mine brukte me brønnvatn som foreldra og brørne mine bar inn på kjøkkenet. I vatnet var det nok jarn fordi det var nokså brunt. For å få reinare vatn fekk far laga ein kum i kjellaren som kunne samla opp regnvatn frå skifertaket på huset. Nikolai Aske sette opp ein mursteinsmur, og vatnet blei reinska ved at det trekte gjennom ein murvegg inni kummen. Vatnet blei tappa ut gjennom ei kran. Ulempa var at vatnet måtte berast i bytter opp trappa til kjøkkenet.

Særleg for mor blei det mange tunge vassbøtter å bera frå kjellaren og opp i kjøkkenet. For å slå vatn opp i varmtvasstanken måtte ho i tillegg opp på ein krakk. Endå om dei vaksne mannfolka av og til hjelpte til med vassberinga, var det nok oftast ho som måtte gjera dette. Det var ikkje rart at ho på sine eldre dagar fekk problem med både rygg og hofter.

I kjellaren var også potetbingen. Om hausten blei denne bingen fyldt opp av poteter slik at me hadde pote-

ter for heile året. I kjellaren var der også store stablar med ved. Om vintrane var sagkrakken og hoggestabben i flittig bruk. Her var også ein høvelbenk og eit skåp med verktøy. Eg likte godt å arbeida ved høvelbenken. Her laga eg båtar, trehestar, bilar og anna leiketøy.

Der var også eit stort bord som mor brukte til å kjelva ut potetkaker, lefser og annan bakst, til dømes smultrinjar og andre småkaker til jul. Baksten blei steikt på ei helle på ein vedomn. På denne omnen kunne ho også plassera ei stor koppargryte for å koka klede i når ho hadde klesvask. Denne gryta blei også nytta til å koka småpoteter i til høns- og grisefor. Eg hadde ofte jobben med å passa på at det var ved i omnen når noko skulle kokast.

Her var også ei relativ stor matbod med hyller i. Her kunne mor ha syltetøy, hermetisert frukt og kjøtt, tørrfisk og klippfisk, egg med meir. Rommet låg mot nord, og vindaugeet stod ope slik at det skulle vera kjøleg. Eg kan ennå sjå for meg mor sitja i det kalde rommet og vaska egg som skulle sendast til Stavanger. Dette var nok ikkje særleg bra for helsa hennar.

Mor sette «tæring etter næring». Ho sparte på alt som kunne brukast. Av prinsipp kasta ho aldri mat. Det som var att etter middagen, fekk me til kvelds eller neste dag. Matafall gjekk til for til hønsa eller grisən. Klede var det lite å få kjøpt. Eg «arva» klede etter dei eldre brørne mine. Mor sydde dei om slik at dei passa til meg. Ho hadde rokk og spann garn til å strikka sokkar, lusekufter med meir til heile familien. På vevstolen vov ho golv- og sengeteppe. Eg hadde av og til jobben med å klyppa opp og sy saman strimlar av tøy som ho skulle bruka i veven.

Ho var også svært flink til å laga mat. Far hadde lett for å be folk inn til ein matbit, og eg var ofte imponert over kor raskt ho diskar opp. Mor likte også å be folk

inn for å få mat. Eg trur at ho hadde det med seg heimfrå at alle som kom inn i huset, skulle få mat. Far hadde mykje folk som kom på kontoret, og mor syntest nok det var leit at dei skulle gå utan å få noko å ete. Av og til når det var skattespørsmål som blei diskuterte på kontoret, kunne tonen bli heller amper. Det var ikkje alltid så lett å akseptera at far hadde dokumentert at nokon prøvde å snyta på skatten. Somme kunne vera nokså sinna og raude i toppen når dei i full fart for ut av huset utan å bry seg om mor som gjerne ville gitt dei mat.

Forutan å laga alle måltid til ein stor familie laga ho også mat for andre. Når skatten skulle fastsetjast, var heile likningsnemnda samla i fleire dagar i ei av stovene på det gamle skulehuset. Då var det for mor å laga både middag og nonsmat for heile nemnda.

Ein gong hadde lensmann Austbø og ein annan mann noko som skulle gjerast på Mosterøy. Då tinga lensmannen middag hos mor. Eg sat i stova og såg at dei likte maten og åt godt. Kanskje var det den gode middagen til mor som gjorde at lensmannen aldri sa noko for at eg i seksten- /sytten -årsalderen begynte å køyra drosje for Arne? På den tida var det berre ein lastebil og elles berre hestekøyretøy og folk som sykla eller gjekk på vegane på Mosterøy. Dessutan var det i dei første åra trettito grinder som måtte opnast og lukkast for å kunne køyra frå kaien på Askje til Fjøløy. Det var derfor god grunn for lensmannen til å rekna med liten fart og minimale sjansar for ulykker med personskadar.

Lensmannen var elles halden for å vera ein greikar. I tillegg til å vera lensmann, dreiv han ein fin gard. Han reiste også som emissær. Det blei fortalt at han ein mørk haustkveld var ute og sykla. På den tida var det ikkje veglys, og alle hus var mørklagde på grunn av

blendinga. Uheldigvis var også naboen ute og sykla. Ingen hadde lys på syklane, og det enda med at dei rende saman. Lensmannen reiste seg, tok opp sykkelen og sa: «Du er ute og sykla du og».

Utan at eg har noko som helst dokumentasjon, har eg hatt eit inntrykk av at lensmannen syntest at mykje av det dei tenkte og sende ut skriv om i Oslo, ikkje alltid passa så godt for Rennesøy. Her måtte dei bruka «vedet» som hadde det, og som kjende dei lokale forholda. Ting det kom skriv om, kunne derfor leggjast bort eller tilpassast dei lokale tilhøva. Då eg seinare blei Skuledirektør- og deretter Utdanningsdirektør i Rogaland, tenkte eg av og til på lensmannen i Rennesøy når eg syntest at ting som kom frå Oslo, gjerne måtte få ein eigen vri for å passa i Rogaland.

Mor var familiekjær. Ho likte å invitera slektingane sine i Stavanger på sundagar til store middags-selskap med kaffi og kaker. Då dei reiste om ettermid-dagen, stod det igjen store stablar med skitne tallerkar, fat og koppar som skulle vaskast opp. Eg såg aldri at far hjelpte til med oppvask eller andre ting som hadde med matlaging å gjera. Kirsten og Harald var dei flinkaste til å hjelpe mor på kjøkkenet. Eg kunne nok hjelpt til mykje meir.

Mor hadde eit veldig godt minne. Då ho som ung jente var elev på Framnes ungdomsskule og skulle heim på juleferie, fekk ho og dei andre elevane melding om at dei skulle sleppa lekser, men at dei skulle læra *Terje Vigen* utanåt. Mor tok dette så alvorleg at ho seinare kunne deklamera 42 vers om *Terje Vigen* når det skulle vera. *Tord Foleson* kom også på rams. Ho blei 98 år, og både i familieselskap og i andre samanhengar kunne ho heilt til det siste bidra til underhaldninga med å dekla-mra både *Terje Vigen*, *Tord Foleson* og andre diktverk. Ho hadde ei god veninne som heitte Sigrid Bru. Når ho var på besøk, hadde dei to damene det gildt med å



Kyrkja på Askje

deklamera dikt, songar eller salmar for kvarandre.

Mor lærde meg tidleg å be ei enkel kveldsbøn. Seinare kom også Fadervåret med. Ho var oftast inne hos meg når eg la meg. Av og til når ho kom heim fra bedehuset, kunne ho fortelja om noko som ho hadde hørt på møtet. Eg likte godt å høyra spanande historier som emissærar hadde fortalt frå si tid som misjonærar i «heidningland». Når mor breidde dyna godt rundt meg og sa god natt, kunne eg sovna trygt og godt.

Seinare har kveldsbøna og Fadervåret følgt meg. Eg har ikkje alltid halde meg på «den smale vegen», og har mange ting å be om tilgjeving og nåde for. Likevel har eg ofte opplevd at Vårherre har vore raus og lagt mangt godt til rette for meg. Eg tykkjer at eg mange gonger har fått det eg har bedt om, men også «møtt veggan». Særleg i alvorlege hendingar som då Turid blei sjuk og gjekk bort, hadde Vårherre ikkje noko å gi. Men i bøna ligg det alltid eit håp. Som Kjell Bondevik sa: «Det er von i hengande snøre.»

Det låg til lærarjobben å vera klokkar i kyrkjene på

*Ektepara Oma og Sunnanå  
og Ingvar Tveit på tur til  
lærarmøte på Rennesøy.  
Jakob Finnesand er båtførar*



Askje og Utstein Kloster. Eg var ofte med far og mor til kyrkja på Askje. Me køyrd gjerne med hest og karjol når me skulle dit. Eg likte å sitja oppe på galleriet og sjå på når Lars Oma spela på orgelet og Racin Askø pumpa belgen. Det var eit fint samspel mellom dei to når lyden skulle forsterkast eller falla meir til ro.

Preika gjekk oftast over hovudet på meg, men det var kjekt å sjå på folk i kyrkjerommet og på far når han var klokkar. Etterpå var oftast Oma med oss heim til middag. Han var ein munter kar, røykte pipe, og han og far hadde mange artige ting å snakka om. For meg var det alltid kjekt å høyra på når dei snakka saman, men blanda meg aldri inn i samtalen. Det var som nemnt ein uskriven regel at barn skulle teia når vaksne folk snakka.

Utstein Kloster kyrkje hadde ikkje varme, så her

kunne det berre haldast gudstenester om sommaren. Eg var også med dit, og det var spanande å gå på oppdagingsferd i dei gamle klosterbygningane. Spesielt utfordrande var det å gå opp den smale vindeltrappa i tårnrommet. Å gå forbi det vesle rommet der munkar blei plasserte på straff, sette fantasien i sving. På same måten som etter gudstenesta i Askje, var me med Oma heim til middag som kona Ragna laga til. Det var alltid gildt å koma til dei. Dei hadde ein gut som heitte Steffen som var på same alder som eg. Me fann på mykje rart, og gjekk mellom anna opp på Rabnafjellet som låg like ovanfor lærarbustaden.

Familien Oma og vår familie hadde vekselvis juleselskap hos kvarandre. Her blei også gjerne andre familiær i krinsane inviterte. Dette var gilde selskap med god mat, song og leikar og spel som både vaksne og

barn var med på. Når me var hos Oma, blei det gjerne seine kvelden før far sela hesten og me sette oss i karjolen og for heim.

Heilt til Arne overtok garden på slutten av kri-gen, hadde far også ansvaret for garden, men dele-gerte mykje av arbeidet til oss ungane. Han hadde stor arbeidskapasitet, og begynte ofte arbeidsdagen i fire-femtida om morgonen og slutta gjerne ikkje før i ti-tida om kvelden. Han hadde sjølvsagt matpausar og andre pausar innimellom, og tok seg gjerne ein kort blund når det passa.

Det store prosjektet hans frå midten av 1920-talet og fram til byrjinga av 1950-talet var å få klosteret på Utstein over på offentleg eige og å få det restaurert. Han fekk Rogaland ungdomslag til å oppretta ei nemnd som fekk namnet: *Nevnden til Utstein Kloster bevarelse*. I dag ville me kalla dette ei *stifting*. Styret bestod av representantar for fleire organisasjonar og institusjonar med byarkitekt Erling Nilsen som formann og far som sekretær.

Far hadde fleire møte med eigaren av klosteret og klostergarden om å få kjøpa klosterbygningane med hagen. Eigaren, Eilert G. Schanke, var villig til å selja, men prisen var heller høg. Styret stod på og fekk Stavanger Aftenblad og andre aviser til å skriva om kor viktig det var å få det gamle klosteret i offentleg eige, få teke vare på det og få det restaurert. Styret fekk god og velvillig støtte for tiltaket, men det var vanskelegare å få inn pengar. Det prøvde med lite hell å samla inn pengar, og offentlege og private instansar hadde heller ikkje mykje å gi.

Far har fortalt at det også var andre som var interesserte i å kjøpa klosteret. Axel Lund, den danske «hotellkongen», vurderte å kjøpa klosteret med tanke på hotelldrift. Han åtte fleire hotell, mellom anna Sola strandhotell, Victoria hotell og Fevik strandhotell. Det

blei fortalt at ein gong Kong Haakon var gjest på Sola strandhotell, sa han: «De har jamma gjort det godt i Norge De, hr. Lund». «Ja, takk i like måte Deres Majes-tet», svarte Lund.

I eit oppsett i Stavanger Aftenblad 28. november 1925 blei det fortalt at den katolske biskopen i Noreg, Smith, var i byen. Han hadde vore på Mosterøy der han hadde møtt klostereigaren og diskutert kjøp av klosteret med tanke på å etablera eit munkekloster der. Dette skremde mange på Mosterøy. Dei kunne ikkje tenkja seg noko verre enn å få katolikkar til øya. Dei gav heller støtte til far sine tankar om at klosteret kunne vera ein stad der det kunne koma turistar og dessutan leg-gjast til rette for faglege møte og sosiale og kulturelle aktivitetar.

Hausten 1926 reiste far saman med Erling Nilsen til Oslo for å prøva og få statstilskot til å kjøpa klosteret. Då dei kom til Oslo, blei Erling Nilsen sjuk. Far blei åleine om å ta kontakt med Osloavisene for å få dei til å skriva om tiltaket. Mange aviser slo dette stort opp med mellom anna foto av klosteret. Både Aftenposten, Nationen og Morgenbladet skreiv på leiarplass at dette var eit kulturhistorisk minnesmerke av rang som ikkje måtte forfalla. Riksantikvaren, Harald Fett, skreiv i Oslopressa at det best bevarte klosteret i landet måtte takast vare på og få tilskot på statsbudsjettet.

Saman med Erling Nilsen hadde far kontakt med både statsministeren, Lyche, finansministeren og kyr-kjemineren om å få pengar på statsbudsjettet, men slutten av 1920- og byrjinga av 1930-talet var van-skelege økonomiske tider. Far fortel at han møtte stor velvilje og fekk ros for initiativet, men budsjettsituasjonen gjorde at dei ikkje kunne gi pengar til eit tiltak som dette. Far fortel at styret var på veg å gi opp då dei brått fekk svar på ein søknad om stønad til Pen-gelotteriet om at dei hadde fått kr 50000,- til innkjøp

*Gerhard Fischer på talarstolen 1965*



*Før fortel om klosteret*

av bygningane og til restaureringsarbeidet. På den tida var dette mykje pengar. Stortingsmann K.K. Kleppe og odelstingspresident Hans Aarstad, begge frå Rogaland, hjelpte til med dette.

Dei økonomiske tilhøva på denne tida gjorde at mange bedrifter, gardar og enkeltpersonar gjekk konkurs. Eigaren av Utstein Kloster gjekk også med i konkursraset. Etter det far har fortalt, var det mange uheldige omstende som ikkje skuldast klostereigaren som var årsak til dette. Heile klostereigedomen gjekk med

konkursen over til Rennesøybanken. Nemnda gjekk difor i forhandlingar med banken og fekk kjøpt klosterbygningane med hagen for 37500,- kroner. Eg har ennå kopi av skøytet frå 1935 i mine papir. Kloster-eigedommen elles blei tilbakeført til Schanke-slekta ved odel.

På den tida var arkitekt Gerhard Fischer den store eksperten på mellomalderbygg her i landet. I 1937 engasjerte nemnda han til å stå for kartlegging av historia til klosterbygningane og laga planar for restaureringsarbeidet og framtidig bruk. Arbeidet starta med omfattande arkeologiske utgravingar. På sundagar fekk eg av og til sitja på sykkelen til far når han skulle møta Fischer og kona samt direktør og arkeolog Jan Pettersen ved Stavanger museum. Dei drøfta arbeidet som var i gang og dei vidare planane for restaureringsarbeidet. Gerhard Fischer var ein veltalande bergensar. Eg kan ennå sjå han for meg der han står på ein jordhaug med flagrande kvitt hår og legg ut om korleis klosteranlegget hadde vore og korleis det skulle bli.

Under leiing av Gerhard Fischer heldt dei arkeologiske utgravingane, ivaretaking av bygningane og begynnande restaurering fram på slutten av 1930-talet, under heile krigstida og i etterkrigstida. Finansieringa

kom etter kvart med på statsbudsjetta. Folk frå klosterkrinsen blei leigt inn for å stå for det praktiske arbeidet. Mange av dei var svært dugande, og me kan i dag beundra fine murar og anna arbeid dei utførte. Kona til Fischer – også arkitekt – var aktivt med i arbeidet. Far sa ein gong at han tykte ho var flinkare enn mannen på mange område, mellom anna når det galdt å sjå kva som måtte gjerast og å finna praktiske løysingar. Eg trur ikkje ho fekk så stor takk for innsatsen eller blei rost i offisielle samanhengar. Mannen, Gerhard Fischer, fekk nok det meste av æra.

I 1953 blei nemnda avvikla, og ei større stifting blei oppretta med staten, Rogaland fylke, Mosterøy kommune, Biskopen i Stavanger med fleire som stiftarar. Det kom meir pengar over statsbudsjettet, og restaureringsarbeidet blei fullført i 1965. Dette blei feira med ei stor markering i august med mellom anna Kong Olav til stades. Det var mange talar. Gerhard Fischer blei heidra, og far fekk ros for initiativet han hadde teke med å få klosteret over på offentleg eige, og for arbeidet han hadde lagt ned i samband med restaureringa.

I sitt store verk om *De nasjonale strateger* har professor Rune Slagstad eit kapittel med tittelen *Kunnskap skal styra rike og land*. I dette kapittelet skriv han at Venstrestaten frå 1884 til ca. 1940 var eit demokratisk folkeopplysningsprosjekt med læraren som spydspiss. Dette er ein stolt periode i lærarane si historie.

Eg trur far var ein typisk representant for lærarane som Slagstad skriv om. Han var venstremann, målmann, fråhaldsmann og streid for nasjonale og kulturelle verdiar. I Vaula-krinsen stod han for feiringa av 17. mai, og tok initiativet til – og stod for gjennomføringa av kulturelle- og sosiale arrangement. Han var ein flink talar, og blei mykje nytta som talar ved tilskipingar både lokalt og i fylket. Han likte å snakka om nasjonale verdiar, målsak, fråhaldssak og spørsmål



*Far Wilhelm på klosteret*

som galdt skule. Han kunne vera kvass i ordskifte og stå sterkt på sine meininger.

Eg har tidlegare nemnt at han var lærar, klokkar, gardbrukar, likningsekretær, trygdekkassestyrar og stod for arbeidsformidlinga i heradet. I over førti år var han formann i skulestyret og tok seg av alt som galdt administrasjon av skulen i heradet, til dømes bygging av skulehus, tilsetjing av lærarar, innkjøp av undervisningsmateriell med meir. Han var formann for e-verket i Mosterøy og i Vestre Ryfylke e-verk og medlem i det første styret i Lyse kraftverk. Det var på den tida Lyse starta kraftutbygginga i Lysebotn, og far har fortalt om lange båtturar innover Lysefjorden då formannen i styret, tidlegare paraplymakar då finansrådmann i Stavanger, Johannes Johnsen underheldt med muntre historier.

I åra etter krigen var han vidare med i landstyret og i arbeidsutvalet i Norsk lærarlag. Det blei mange reiser til Oslo. Lærarlaget hadde på den tida ein drivande formann i Kaare Norum. Styret fekk mellom anna i stand ein avtale med staten om eit lønnsregulativ som skulle

gjelda for alle mannlege og kvinnelege folkeskulelærarar i heile landet. Prinsippet var lik lønn for likt arbeid. Regulativet førte til eit lønnsløft for lærarane som i mange år var lønnsleende i offentleg sektor.

I Rogaland var han formann i Rogaland lærarlag der han blei utnemnd til æresmedlem. Her tok han mellom anna initiativet til Skolemøtet for Rogaland. På den tida var det mange små skular i Rogaland – gjerne berre med ein eller ganske få lærarar. For mange av lærarane var det eit kjærkome avbrekk i kvardagen å få kunna reisa til Stavanger for å høyra på pedagogiske foredrag og treffa kollegaer. Møta blei lagde opp i samband med ei helg, og blei gjerne kombinert med fest i Atlantic Hall, teaterbesøk og gudsteneste i Stavanger Domkirke. Skolemøtet eksisterer ennå, og samlar ein dag kvar haust i Stavanger Forum ca. 2000 barnehagelærarar, grunnskulelærarar og lærarar i vidaregåande skule til pedagogiske og faglege kurs og foredrag.

Målsaka var ei hjartesak for far. Han var formann i Rogaland Mållag, og tok mellom anna initiativet til å få i stand nynorske handelsskular på Bryne og i Sandeid. Han var ein flink organisator, og tok initiativet til at likningssekretærane og trygdekassestyrarane skulle organisera seg og samlast for å drøfta spørsmål som galdt fag, lønn og arbeidsvilkår. Lista over kva han var engasjerte i kunne vore lengre.

I 1960 blei han tildelt Kongens fortjeneste medalje i gull. Skuledirektør Lars Beite overrekte medaljen på ei samling i skulehuset på Mosterøy. Far var stolt då han fekk invitasjon frå Slottet til audiens hos Kong Olav for å takka for medaljen. Dette var nok den gildaste turen til Oslo han hadde hatt. Då Turid og eg ca. 40 år seinare, var på Slottet for å takka for mi gullmedalje, fortalte eg Kongen at far min hadde fått gullmedalje av far hans. Kongen syntest dette var artig, og sa at han i farten ikkje kunne hugsa eit liknande tilfelle.

På grunn av krigen fekk ikkje dei som skulle ta examen artium våren 1940 eksamen, men berre vitnemål med standpunktcharakterar. Olav blei om hausten immatrikulert på Universitetet i Oslo, og begynte på filologistudiet der. Sidan det var vanskelege tider i Oslo, las han mykje heime, og reiste til Oslo for å ta eksamenar. Han var difor heldigvis heime då mange studentar i 1943 blei arresterte og sende til Tyskland. Olav var ein *lesehest*. Han las og arbeidde svært systematisk. Det var ikkje lett å få han til å endra den daglege rytmien. Ein gong gav far han kjeft fordi han ikkje ville vera med og berga høy, men Olav stod på sitt.

Då krigen var slutt, tok Olav historisk filosofisk embeteksamen ved Universitetet i Oslo. Seinare tok han også magistergrad i pedagogikk ved det same universitetet og ein lisentientgrad ved eit svensk universitet. Han skreiv mange bøker om historiske og pedagogiske emne, mellom anna eit stort bokverk om skulemannen og politikaren Johannes Steen. Han var lektor ved Nesna og Oslo lærarskular, konsulent i Forsøksrådet og førstelektor med professorkompetanse ved Universitetet i Oslo. Han var svært oppteken av lokalhistorie, og fekk mellom anna i stand bygdemuseum både på Nesna og på Mosterøy.

Endre reiste om hausten 1940 tilbake til Voss og fullførte dei to siste åra av gymnasiet der. Etterpå var han heime, og til liks med Olav begynte han å studera for å ta førebuande prøver. Men sidan universitetet blei stengt, blei han ikkje immatrikulert og fekk heller ikkje ta eksamenar. Planen hans var å ta til på universitetet når krigen var over.

Far har fortalt at Endre ønskte – som mange andre ungdommar på hans alder under krigen – å reisa til England. Far rådde han i frå, så dermed blei det ikkje noko reis for han. For å sleppa å bli kalla inn til arbeidssteneste tok han seg jobb som dreng hos Eilert Schanke

på Utstein Kloster. Han hadde også småjobbar, mellom andre hos Endre Surnevik på Dale der han var med i potetopptaket. Sonen på garden, Per, fortalte for litt sidan at Endre var ein iherdig arbeidsmann som var godt likt. Endre budde heime, og rodde kvar dag fram og tilbake mellom Vaulavika og Dale. Ein gong fekk eg vera med. Eg hugsar at der var mykje poteter, og at eg syntest det var ein fin gard med veltelte hus. Dessutan fekk eg svært god mat av kona på garden.

Endre meistra mange idrettar, og var nok den beste idrettsmannen av oss fem brørne. Dessverre omkom han 17. mai 1945 i ei tragisk drukningsulykke i Byfjorden. Dette vil eg skriva meir om seinare.

Som nemnt tidlegare, overtok Arne garden. Han fekk etter krigen bygt ny løe, og dyrka opp resten av utmarkstykket som far hadde kjøpt. Han pakta i mange år garden til Lars Ramndal medan han var på Stortinget. Garden fekk dobla areal då Arne kjøpte eit utmarkstykke av Jørgen Vaula på austsida av vegen som han dyrka opp. I 1962 bygde foreldra mine nytt hus på ein del av dette stykket. Arne starta like etter krigen med drosjetrafikk. Tidleg på 1950-talet begynte han også med bussrute mellom Askjekaien og Fjøløy. Han kørde også turbuss til land i Europa. Transportverksemda blei etter kvart utvida til å omfatta gods- og dyretransport. Gunvald Hummervoll dreiv ei tilsvarende verksemd på Rennesøy. Då Arne sluttar av og blei pensjonist, blei desse verksemndene slått saman. Dei la grunnlaget for det som i dag er Rennesøy Trafikk, ei stor verksemd med mange bilar og tilsette.

Kirsten tok handelsutdanning, og hadde kontorjobb hos Stavanger forsikringsselskap. Etter krigen blei ho tilsett i kontorstilling ved Ås landbrukskole. Ho arbeidde på Institutt for husdyravl, og professoren der, Skjervoll, greidde å avla fram grisar med ein ekstra kotelett. Ein annan professor ved instituttet, Gjedrem

frå Bjerkreim, var den første som begynte med forsking og utvikling av havbruk. Kirsten tok seg mykje av foreldra mine. Ho reiste heim i alle feriar, og då far døydde i 1968, var ho ei god støtte for mor til ho døydde i 1995.

Harald gjorde som Olav og Endre: Han reiste til Voss og begynte på landsgymnaset der. Etter å ha fullført examen artium i 1947, var han eit par år lærar i Brekke og i Jølster. Han tok engelsklinja ved Kristiansand lærarskule, og seinare vidareutdanning i historie og tysk på Universitetet i Oslo. Harald hadde lærarstilling i Dalen i Telemark før han blei tilsett ved Bryne landsgymnas/-vidaregåande skule der han blei verande til han blei pensjonist. Harald treivst godt som lærar. Han var dugande, samvitsfull og hadde god kontakt med elevane. Eg har seinare møtt mange som har fortalt at dei sette stor pris på å ha hatt han som lærar.

I min barndom var det ikkje noko som heitte TV, og under krigen stod radioapparatet på det gamle skulehusloftet. Dersom nokon då hadde sagt at eg om tjuefem år kunne sitja i stova og sjå på ein skjerm og få inn bilete med hendingar frå heile verda, ville eg sett på det som lygn og fanteri. Ein eldre mann på Mosterøy som tykte det var kome mykje nytt, skal ha sagt: «Nå har dei funne opp bilen, og nå har dei funne opp flyet, nå trur eg ikkje det er meir som kan finnast opp». Når me ungane skulle nemna noko som var heilt uråd å oppnå, sa me at det var like vanskeleg som å koma til månen. Eg har seinare tenkt at det er vel ingen generasjon før oss som har opplevd så store endringar på alle samfunnsonråde som vår. Kanskje vil det gå ei stund før komande generasjoner får oppleva noko liknande?

Lange ettermiddagar og kveldar haust- og vinter nytta eg fritida til lesing. Eg gledde meg kvar veke til å få Nynorsk Vekeblad. Eg hugsar spesielt forteljingane av Hallvard Sandnes om Folke Frøysnes og Skjoldmøyane, og teikneseriane om Smørbulkk og Vangsgutane.

Til jul fekk eg julehefta: Joletre, Smørbukk, Vangsgutane, Tuss og troll og ikkje minst: Knut Bergs eventyrlege reiser. Han reiste mellom anna til andre klotar i romskip. Av bøker kan eg nemna i fleng: James A. Cook sine indianarbøker, Daniel Defoes Robinson Crusoe, Robin Hood, Halvor Floden, Sven Moren og Rasmus Løland sine bøker og Gjenta frå landsvegen. Eg las om historiske hendingar og kjende personar, og ikkje minst stykke i Austlids og Nordahl Rolfsens lesebøker. Det var alltid ei bok under juletreet. Far kjøpte skulemateriell hos T. Torgersen i Kirkegata. Han hadde ei hylle med barnebøker. Når eg var med far innom denne bokhandelen, blei det oftast kjøpt ei bok til meg. Det er rart å tenkja på at alle barnebøkene eg las med stor glede, nok er heilt ukjende for barn i dag.

Under krigen var det store reiserestriksjonar. Folk måtte søkja og ha særskilt løyve dersom dei skulle reisa ut av fylket. For meg kunne det om sommaren vera to aktuelle turar Den eine til far sine familiar i Sandeid og Ølen, og den andre til mor sin familie på Heskestad. Saman med mor og far gjekk turen til Sandeid først med *Øybu* til Stavanger, og så ein annan dampbåt innover Ryfylke til Sandeid. Båten til Sandeid gjekk frå Stavanger kl. 1300. På turen innover var han innom ei mengd med kaiar. For å spara på kolet tok mannskapet på somme kaiar om bord ved som dei nytta til å halda dampen oppe. Tida gjekk seint, men eg tykte det var artig å sjå på alt som gjekk føre seg når båten var innom kaiane.

Me var ikkje framme i Sandeid før i sju – åtte tida. På kaien stod Peder, bror til far, og tok imot og med hest og karjol køyrdé han oss dei fem seks kilometrane til Sønnanå. Som nemnt tidlegare, var det tretten barn som voks opp i det vesle huset på garden. Straks dei var konfirmerte, måtte difor dei eldste flytta ut og ta seg teneste på andre gardar for å gi plass til yngre. Men

det var alltid plass til oss. Me fekk eige rom med gode senger. Om morgonen vaska eg ansiktet i bekken slik som dei andre ungane gjorde.

Eg kan ennå sjå for meg Liva, kona på garden. Ho administrerte ei heil bedrift. Ungane hadde ulike oppgåver som skulle gjerast. Somme skulle hogga ved, andre bera inn vatn, somme skulle dekka bordet, andre vaska opp. God mat fekk eg, og det var ikkje lite som skulle til for å metta mange vaksne og mange barn. Det var også store sundagsselskap då slektingar og nabobar kom på besök. I heimen fekk dei tretten barna eit godt grunnlag som vaksne å gjera ein aktiv innsats i familie-, arbeids- og samfunnsliv.

Sidan det var så mange ungar i ulik alder, fann me på mange kjekke leikar. Eg fekk etter kvart god kontakt med Lars. Han var ca. tre år eldre enn eg. Me kom seinare til å vera mykje saman. På slutten av 1940-talet var me drenger hos Arne og arbeidde på garden og stod mellom anna for bygginga av ny løe. Arne var sjefen, men Lars hadde vore med og bygt ei løe i Sandeid, så han hadde god innsikt og erfaring i slikt arbeid. Under sildefisket i 1948 tok alle tre seg fri frå byggearbeidet og reiste til Skudeneshavn for å tena pengar på sildelossing. Det var ein hard og kald jobb. Me sat i sild og auste silda med hov oppi ei hektolitertonne som blei heist opp i sjøhuset. Der blei silda salta i tønner. Dette var kvinnearbeid.

Ein laurdag var me i Kopervik for å vera med på å lossa ein trålar med sju hundre hektoliter sild. Me var to gjengar. Ein skulle vera om bord og fylla hektolitrane med sild. Den andre var på land og skulle ta imot og få silda i kassar som det skulle spikraast lokk på. Kvar andre time skulle gjengane skifta jobb. Lars og eg var med i den første gjengen på land. Lasterommet var bygt opp slik at det var skott på kvar side som skulle stabilisera sildelasta. Den første gjengen ville gjera

det betre for oss ved å ta ut mest mogeleg sild mellom skotta slik at me kunne få fast grunn under føtene. Presset på det eine skottet blei så stort at det brotna. Silda strøymde til, og ein stor karmøybu blei ståande til halsen i sild. Etter mykje strev, fekk me han opp. Dette var både første og siste gongen eg har sett nokon nesten drukna i sild. Me begynte arbeidet klokka halv to og var ferdige klokka halv åtte sundag morgen. Då tente med hundre og førti kroner. Det var ei heil månadslønn for ein dreng på den tida.

Om sommaren 1948 tok Lars og eg ferie og reiste på sykkeltur. Me hadde telt og soveposar, og primus til å koka mat. På den tida var det berre smale grusvegar, så me kom oss ikkje så langt kvar dag. Første etappe gjekk frå Stavanger til Flekkefjord. Vidare tok me toget til Kristiansand, sykla opp heile Setesdal og vidare over Haukel til Røldal, Suldal og indre Ryfylke og enda til slutt i Sandeid.

På smale og til dels bratte grusvegar blei dette ein relativt lang tur. Om kveldane sette me opp telt, laga mat og kjøpte mjølk på gardane. På Bykle fekk me herlege rømmekoller av ei kone og lov til å overnatta i høyloa hennar. Som takk stansa me litt igjen dagen etter og hjelpte til med å få inn høyet på garden. Eg opplevde at det ikkje alltid var lett å forstå dialekten i Setesdal når me snakka med eldre folk. Elles var me imponerte over alle sylvsmiene oppover dalen.

Når me skulle nedover dei bratte svingane til Haukeligrend og ned Austmannalia, måtte me spara på bremsene så dei ikkje skulle gå seg varme. Me fann difor nokre tre som me festa steinar til og drog etter syklane. Dette hjelpte på bremsinga då me i full fart for nedover svingane i Austmannalia. Me var trøytte og godt nøgde med turen då me endeleg kom heim til foreldra til Lars på Sandeid.


Turane saman med foreldra mine til Sandeid under

krigen omfatta også ein tur til Ølen. Der budde Karina, syster til far, og mannen Ole Klungland. Dei hadde seks barn, og den yngste, Harald, var nokolunde på min alder. Me leika saman, og bada i sjøen. Eg syntest sjøen var varmare i Ølen enn i Dysjalandsvågen. Til jordstykket deira høyarde det ein holme der tyskarane hadde sett opp ei kanonstilling. Det gjekk difor dagleg tyske soldatar forbi huset. Litt nærmere sentrum låg Revahallen. Her var det også mange tyske soldatar og mange hestar. Harald og eg stod ofte lenge og såg på kva soldatane stelte med.

Karina og Ole hadde eit handikappa barn som heitte Olav. Han hadde rom på eit lite skrakkamers, og me såg lite til han då me var på besøk. Han var handikappa då han kom til verda i 1918. Karina var ei sterk kvinne. Ho tok seg av han og stelte han i alle år før han på slutten av 1940-talet fekk plass på Nærlandsheimen.

I sytten- attenårsalderen ramla Harald og slo seg i hovudet då han gjekk på ski. Han fekk truleg hjernehisting, men blei gåande lenge før han kom til dokter. Legen forstod nok ikkje kva som feila han, og på den tida var lobotomi noko som kunne løysa alt som hadde med hjernen å gjera. Harald blei lobotomert, og det øydela livet hans. Han var i mange år på sjukehuset på Valen, og budde til slutt i omsorgsbustad i Ølen. Me kan takka og vera glade for at i dei sytti åra som er gått, er både legetenesta og helsestellet i dag av ein heilt annan kvalitet.

Saman med mor og far blei det årlege turar til bestemor Kirsten på Heskstad. Kirsten var den første jordmora i Heskstad. Ho fortalte om strevsame reiser når ho skulle innover til heiegardar og ta imot barn. Ofte rei ho på hesteryggen, andre gonger sat ho i snösleden over vatn der isen knapt bar, eller gjekk til fots med jordmorskreppe på ryggen. På somme stader var folk så fattige at dei mangla klede til dei nyfødde. Mange



gonger klypte ho stykke av jordmorforkleet slik at dei hadde klede til å ha rundt barnet.

Bestefar, Endre, hadde i yngre år vore i USA. Der hadde han lært om elektrisitet. I 1912 bygde han eit lite e-verk i bekken på garden sin i Omdal. Seinare selde han denne garden og kjøpte seg ein annan gard på Eide. Her var det meir vatn, og han bygde seg eit større e-verk og ei smie. E-verket kunne forsyne fleire familiar med straum. Bestefar var kreativ og dugande, og hadde eit godt handlag med alt han tok seg føre. Som nemnt tidlegare, laga han seg ein liten motorsykkel som han køyrdet til Stavanger med. Bestefar døydde i 1938.

Når me skulle til Heskestad, reiste me med Jærbanan. Eg stod i vindauget på vogna og såg damplokomotivet pusta og pesa, og spydde ut røyk når det for

over Jæren til Egersund og vidare til Heskestad. På Heskestad var det spanande å gå i smia til bestefar.

På Heskestad budde også Oline, syster til mor. Ho skreiv mange dagbøker. Barnebarnet, Anita Kolstad, samla i 2009 fleire av bøkene i ei bok som ho gav ut. Boka vekte stor interesse, fekk god omtale i media og blei selt i fleire hundre eksemplar. Oline var gift med Sigwart Eide. Han var ein hardhaus, og blei 107 år gammal. Oline og Sigwart hadde seks jenter. Den yngste, Lilly, var min viktigaste leikekamerat på Heskestad. Me laga kyr og sauver av kongler, og dreiv heile «gardsbruk». Det var også andre ungar på Heskestad som det var kjekt å vera saman med.

Eg hugsar spesielt då me var på Heskestad ettersommaren 1939. Bror til mor, Lars, hadde kjøpt seg ny bil, og tanken var at me skulle køyra til Lista der syster til mor, Margrete, var lærar. Like før me skulle ta ut, fekk Lars melding om at på grunn av krigen i Europa skulle bensinen rasjonerast. Bilen måtte difor stå att på Heskestad. Bestemor, mor og eg tok toget til Flekkefjord, og ein liten rutebåt som heitte *Alf* vidare til Lista. Margrete budde i andre etasje i ein lærarbustad. Eg stod om kveldane og såg utover det flate Listalandet og på fyren som blinka, og havet som glitra langt der ute.

### Endeleg kom freden

Vinteren og våren 1945 var far og brørne mine kvar dag i hønsehuset og høyrde nytt frå London. Dei hadde eit stort Europakart der dei følgde med korleis frontane utvikla seg. I aprildagane blei det etter kvart klart at krigen snart var slutt. Flaggstonga som hadde hengt i løa under heile krigen, blei kvitmåla og sett på plass. 7. mai var eg på åkeren nedanfor huset og harva. Brått såg eg flagget veia frå flaggstonga. Det var Endre som hadde hørt på fransk radio at Tyskland hadde kapitulert, og som hadde heist flagget. Eg gløymer aldri dei

*Huset heime*



kjenslene som for gjennom meg då eg for første gong på fem år såg det vakre norske flagget veia i vinden. Eg takka Gud for at krigen var slutt, for heimen og foreldra mine og for at eg fekk veksa opp på ein slik stad og i eit slikt vakkert land. Eg var tretten år, og såg for meg at eg åra framover skulle få vera med på og byggja landet og utvikla det vidare. Eg slutta harvinga, sela av hesten og let han få fri resten av dagen.

Seinare på dagen kom folk stormande for å ta ut radioapparata som stod på loftet i det gamle skulehuset. Eg trur det var far som hadde låst opp. Mange var veldig i farten. Eg såg ein mann sykla i full fart med radioapparatet på bagasjebrettet forbi huset vårt oppover mot Lisaskogen. Brått for både han, sykkelen og radioapparatet i grøfta. Han kom seg opp, og sykla vidare. Korleis det gjekk med radioapparatet, veit eg ikkje. Det var lenge sidan radioapparata hadde vore i bruk. Mange var

uforsiktige og sette berre i kontakten, fann radiokanaLEN og gav full styrke. Dette tolte ikkje lampane, og eg hørde om fleire som måtte ha nye lampar før dei kunne bruka apparatet sitt. Då var gilde naboar gode å ha. Folk samla seg i hus der radioen virka. Radioen vår blei ikkje flytta frå hønsehuset og inn i stova før dagen etter. Om kvelden 7. mai sat eg i hønsehuset og hørde jubelbruSET frå København medan hønene kroa seg på vagla.

Det var ca. 350 000 tyske soldatar i Noreg, og landet vårt var ikkje med i kapitulasjonsavtalen 7. mai. Eg forstod at far og brørne mine var urolege for om dei tyske styrkane også ville kapitulera, eller om dei ville fortsetja krigen. Hitler hadde teke livet sitt. Eg har seinare lese at rikskanslar Joseph Terboven ville halda fram med krigen mot dei allierte med dei tyske soldatane som var i Noreg. Heldigvis hadde general Böhme som var øvste sjef for dei tyske styrkane, betre vett.

*Lars Ramndal blir helsa velkommen heim. Far til høgre. Lars midt på biletet. Mora, Oline, står til venstre for han.*



Etter forhandlingar med ein alliert militærkommisjon på Lillehammer 8. mai, ga han ordre om at dei tyske soldatane skulle leggja ned våpna og overgi seg til allierte og norske heimestyrkar.

Då sjefen på Fjøløy fort fekk denne orden, tok han soldatane med seg og oppretta ein teltleir i skogen like ovanfor den gamle kaien på Utstein Kloster. Det gjekk nokre dagar før det kom vaktmannskap til fortet, og før dei tyske soldatane blei henta og førde til Stavanger. Det betydd at fortet stod ope for kven som helst. Eg og ein kamerat, eg trur det var Bernhard Kåda, sykla ut for å sjå korleis det såg ut på fortet. Det var ein sundag og mykje folk for rundt på anlegget, til og med folk frå Stavanger. Kanskje var det folk som hadde arbeidd på anlegget? Me kika oss rundt. Var mellom anna inne i kanontårn, messa og kommandotårnet. Me såg våpen, ammunisjon og flott utstyr. I kommandotårnet var det gode kikkertar og fine instrument med meir. Eg trur at det nok forsvann mykje fint og verdifullt utstyr i dagane før vaktmannskap kom og tok over.

Eg trur ikkje det var skule fredsdagane. 9. mai samlast bygdefolk til fredsfest på haugen ovanfor husa til Erling Sokn på Hodnefjell. Her var fin utsikt til byen. Far snakka om krigen og freden, fortalte mellom anna om det han hadde stelt med under krigen, mellom anna besøket av Bernhard Håvardsholm. Elles kom hendingane slag i slag:

Skuleelevane var på Vodlakaien og tok mot Lars Ramndal. Han kom med *Vaulaskøyta*, far helsa han velkommen heim og me elevane vifta med flagga og ropa hurra. Lars spurde om me ville ha han til sundags-skulelærar nå når han hadde vore i fengsel? Me elevane var blyge og prega av alvoret i stunda, og eg hugsar ikkje om me sa ja høgt, men alle tenkte nok det inni seg. Etterpå gjekk me samla opp til Edlandsgarden. Her kom Kristian ut og helsa Lars velkommen heim. Det var ein avtroppande og ein påtroppande stortingsmann som omfamna kvarande. Saman sytte dei for at Mosterøy hadde ein mann på Stortinget i tretti tre år. Seinare ein kveld var det samling på bedehuset der Lars

fortalte ein fullsett sal om arrestasjonen, forhøyret og opphaldet på Berg fangeleir ved Tønsberg.

Johan Vaula blei henta i Stavanger av broren, Martin, som hadde motorbåt. Dei kom til bryggja til Lars Ramndal og broren Arne. Det var mange av naboane som var møtte fram, og far helsa han velkommen heim, og takka han for innsatsen. Sverre Haugvaldstad kom til kaien på Utstein Kloster, men eg var ikkje med på mottakinga for han.

Ein dag reiste eg til byen for å sjå dei engelske soldatane. Winston Churchill var min store krigshelt. På gata utanfor Strong-huset stod ein jeep med fire soldatar med stenguns. Folk trengde seg på for å beundra soldatane og å koma så nær jeepen som råd. Eg tenkte det måtte vera kjekt å vera soldat.

Då eg seinare tok førstegongstenesta, fekk eg tilbod om å ta befalsutdanning. Eg sa ja, og hadde eit flott opphold i ni månader på befalsskulen på Gimlemoen ved Kristiansand. Etterpå var eg i lang tid ute kvart fjerde år ein månad med repetisjonsøving. Eg avanserte raskt i gradene og blei transportoffiser med löytnantsgrad. Repetisjonsøvingane var ei fin avveksling for arbeidet med skulen. Eg sa gjerne at dette var den beste ferien eg hadde, men at eg ikkje kunne tenkja meg å vera yrkesmilitær.

På denne byturen var eg også oppe i enden av Kirkegata ved domkyrkja og såg på restane etter herjingane der 7. mai. Rutene i vindauge til nazikontoret hadde blitt knuste, og papir frå arkivskapa hadde blitt kasta ut på gata. Det blei sagt at det var såkalla «stripete», dvs. folk som hadde hatt visse fordelar av okkupasjonen som var ivrigast i øydeleggingane. Kanskje ville dei på denne måten visa at dei var gode nordmenn? Det var også somme som sa at her blei det øydelagt papir som kunne vore viktige i landssvikoppgjeret. På Domkirkepllassen hadde også jenter som hadde vore saman med

tyske soldatar, blitt klypte. Dette skjedde også andre stader i byen.

Lingesoldatane Magne Bakka og Ernst Askildsen hadde på slutten av krigen tilhald på ein holme i Lutsivatnet. Dei blei oppdaga av tyskarane, og like før frigjeringa kom Gestapo med ein hærstyrke for å ta dei. Under skotvekslinga blei gestapisten Wilkers drepen. Då Magne Bakka og Ernst Askildsen ikkje hadde meir ammunisjon igjen, måtte dei overgi seg. Ernst Askildsen blei skoten på stranda. Magne Bakka blei slått og sparka, og teken med til Gestapohuset i Stavanger. Her blei han torturert og forhøyrd, og hadde bitt avretta der som ikkje krigen hadde slutta. Han var med på forhøyra av dei tyske gestapistane, og blei spurd om han ikkje hadde lyst til å gå laus og slå dei som hadde pint og plaga han. Nei, skal han ha svart, det er nett den ideologen som får folk til å gjera slike ting eg har kjempa imot under heile krigen. Han representerte høgare verdiar og andre haldningar enn dei som kom til utrykk på Domkirkepllassen og andre stader i frigjøringsrusen.

Samværet mellom norske jenter og tyske soldatar førte til at det blei fødde ca. 9000 barn – under eller like etter krigen. Etter krigen fekk både mange av mødrene og barna ei krenkjande behandling. Ein politikar meinte til og med at landet burde bli kvitt desse barna ved å senda dei til Australia.

Mange av desse barna vokste opp under vanskelege heimeforhold og opplevde å bli mobba i lokalmiljøet. I klosterkrinsen var det ein gut som hadde ein tysk soldat til far. Eg hørde om at han blei mobba. Ein gong etter krigen var eg på skuleplassen på Utstein Kloster og spela fotball. Då opplevde eg at han blei mobba. Eg syntest synd på guten, var stor og sterkt og kunne ha gripe inn og stoppa mobbinga. Dette gjorde eg ikkje, og trega på det lenge etterpå.

I ettertid ser me at behandlinga dei såkalla «tyskar-

Familien.

Fotoet er teke på slutten  
av 1940-talet.

Bak: Harald, Sigmund,  
Arne, Olav.

Framme: Cesilie,  
Kirsten, Vilhelm.



ungane» og mødrane deira fekk i åra etter krigen, er ein skamplott i norsk historie. Ungane hadde sjølvsagt inga skuld for at dei var komne til verda. Ein annan skamplott er behandlinga av sjøfolka. Dei hadde ofra liv og helse som mannskap på norske skip – mange under heile krigen. Dei hadde blitt utsette for store fysiske og psykiske påkjenningar, opplevd å bli torpedert og hadde gjerne kameratar mellom dei ca. 4000 sjøfolka som omkom. Mange lei av skadane då dei kom heim. Somme fekk lite hjelp, og mange var sjuke og opplevde einsemd og fattigdom.

Fredsdagane hadde me eit fantastisk flott ver. Det

var vindstille med sol frå klår himmel kvar dag. Om kvelden 16. mai blei det omslag i veret. Det kom vind frå nord med regnbyer. For første gong på fem år kunne det feirast 17. mai både i Vaula- og Klosterkrinsen. Eg ser for meg skulehuset og gjerdet rundt pynta med grønt bjørkelauv og norske flagg. Det var far som stod for festen. Eg hugsar ikkje at me gjekk i tog, men det var tale, og det var song, sal av mat, kaffi og brus, og kappleikar med premiar for barn og vaksne. Endre og ein kamerat, Arne Galta, var to sprekingar som tok dei fleste førstepremiane i leikane for dei vaksne.

Om ettermiddagen stod eg ved høvelbenken i kjel-

Endre



Cesilie og  
Vilhelm (1962).



laren då Endre kom ned trappa. Han sa at han skulle til byen saman med Arne Galta. Dei skulle segla med færingen til Karl Galta. Eg ser han ennå for meg då han for ut kjellardøra med regnkleda over armen. Det var det siste eg såg av han. Då eg ei stund etter, var på veg til Einar såg eg ein båt med segl for ut Dysjalandsvågen og runda Giljeberget. Eg blei verande hos Einar ei stund utover kvelden, men gjekk tidleg heim og la meg. Far og mor var på 17. mai fest på Vikevåg der Lars Ramndal skulle tala.

Morgonen etter var senga til Endre tom. Far og mor var i villreie, men vona i det lengste at Endre og Arne hadde stansa att i byen. Far reiste til Stavanger, og snakka med folk som hadde sett dei i Bjergsted. Der var det ein stor folkefest om kvelden 17. mai. Han hadde også snakka med ein mann på Hundvåg. Han hadde vore oppe om natta og sett etter båten sin fordi vinden

hadde auka på. Han hadde då sett ein båt med segl borte ved Kalhammaren. Då far kom heim, gjekk det etter kvart opp for oss at det forferdelege hadde hendt. Endre og Arne måtte ha kollsegla på heimvegen.

Det blei sett i gong leiteaksjonar. Eg var med i motorbåten til Kåre Galta. Kåre drog ein dregg etter båten langs Tastalandet, utan at noko hengde seg på. Andre fann båten, seglet og lua til Endre. Dette var eit sjokk for oss alle. Kristian Edland kom for å trøysta. Han måla eit portrett av Endre som hang i stova til foreldra mine i alle år. I dag har eg dette portrettet. Verst var det nok for mor og far. Mor sa ikkje så mykje, men det var tydeleg at ho tok dette svært tungt. Så lenge ho levde, tok ho vare på lua til Endre som eit klenodium, og ho hadde det tungt kvar 17. mai. Mor var svært flink med blomar. Eg trur at ho særleg sakna ei grav å stella med.

Også far var dette svært vanskeleg. Han har for-

talt at den store depresjonen for han kom om hausten. Men far hadde mykje å gjera. Han tok på seg stadig fleire oppgåver, og eg trur han kompenserte noko av sorga og saknet med hardt arbeid. Me andre i familien kom gjennom det på ulike måtar. Eg trur det var særleg tungt for Olav og Kirsten. Harald var på Voss. For meg var det skule, og vårarbeid saman med Arne som måtte gjerast. Livet gjekk etter kvart vidare.

7. juni sat med i stova og hørde i radioen på jubelen frå Oslo då Kong Håkon og regjeringa kom i land. Olaug Mjånes var hos oss. Ho var rørt til tårer av talane og gleda som strøymde gjennom høgtalaren i radioen. At Kongen nå var tilbake, betydde at krigen var over. Nå kunne gjenreisinga og den vidare oppbygginga av landet vårt byrja.

## Etterord

Barneåra er viktige for kvart menneske si utvikling. Påverknader, opplevingar og erfaringar i barneåra er med på å forma personlegdomen til den einskilde, og gir grunnlag og retning for livsløpet for kvar enkelt av oss. Saman med andre barn i min generasjon fekk eg ein del av mine barneår under krigen 1940 – 1945. Dette gav oss ein del spesielle opplevingar og erfaringar som barn fødde etter krigen ikkje har hatt. På ulike måtar kan dette ha sett eit spesielt preg på oss seinare i livet

Barndomsminna mine er meint å vera ein hyllest til far og mor og heimen på Mosterøy. Eg fekk med meg verdiar som har styrt og prega heile livet mitt. Eg lærde å vera trygg på eigne føresetnader, stola på meg sjølv og å kunne meistra oppgåver og utfordringar eg stod overfor. Seinare var eg heldig og fekk interessante og utfordrande leiarstillingar i utdanningssystemet i 34 år. Eg var aldri i tvil om at eg ville meistra dei stillingane eg fekk tilbod om.

Berre ein gong hugsar eg at eg var litt i tvil om eg ville meistra utfordringa. Det var då eg skulle vera lærar for 28 førsteklassingar ved Jåtten skole. Å læra desse elevane å lesa, skriva og rekna, syntest for meg nesten uoverkommeleg. Men det gjekk betre enn eg frykta. Mykje av den praktiske pedagogikken eg kan, lærde eg av dei. Det var alltid klar tilbakemelding på om det eg hadde å fara med, var noko eller ikkje. Dei åra eg hadde med elevane på Jåtten, såg eg seinare tilbake på med stor glede.

I livet har eg gjort mange feilsteg, og mangt kunne vore gjort annleis. I arbeidet mitt i og for skulen har eg hatt som intensjon at barn og unge skulle få god skule slik at dei kunne bli «gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn», jfr. føremålsparagrafen i grunnskulelova 1969.

Eg har fått mange sjansar i livet. Når eg ser tilbake, er det nok dei sjanske eg ikkje nyttar meg av og det ugorde som først kjem fram i tankane mine.

Eg var heldig med den tidsperioden eg fekk leva i. Krigstida var ei spesiell tid som sette krav til nøysemd og til varsemd med kva du sa og gjorde. Det var ei tid som kravde samvær og samarbeid, og vilje til å ta vare på kvarandre og hjelpe dei som trong hjelp. Me måtte setja tæring etter næring. Materielle krav kunne ikkje vera store.

Tiåra etter krigen var prega av optimisme og framtidstru. Landet skulle byggjast oppatt og utviklast vidare. Det var ingen vanske for den som ville å få seg jobb.

Me som fekk leva her i landet på slutten av 1900-talet og byrjinga av 2000-talet, fekk oppleva den mest spennande utviklingsperioden så langt i vårt lands historie. Det fysiske slitet som følgde med arbeid på gard eller i andre praktiske yrke, blei i høg grad overteke av maskinar. I staden for å arbeida ute i all slags ver,

fekk mange nå sin arbeidsplass inne. Yrkeslivet blei endra, og me fekk mange nye yrke innan oljesektoren, økonomi, data, utdanning, helsestell, omsorgsarbeid, hotell- og reiseliv og kultursektoren. Frå å vera heimeverande blei det vanleg at kvinnene gjekk ut i arbeidslivet. Me var ikkje lenger eit mannsdominert, men eit meir likestilt samfunn.

Frå å vera eit av dei fattigaste landa i Europa, blei me på slutten av hundreåret eit av dei rikaste. Me blei kåra til eit av dei beste landa å veksa opp og bu i. At me på 1970-talet blei ein oljenasjon, gjorde oss til eit velferds-samfunn og velstandssamfunn med relativt gode livsvilkår for dei fleste. Utviklinga gjekk frå jordbruks- og industrisamfunn til kunnskapssamfunn og postindustrielt samfunn basert på ny teknologi og data. Me fekk ei rivande utvikling innan dei fleste samfunnsområda, mellom anna innan næringsliv, utdanning, helsestell og sosial omsorg. Også innanfor kulturfeltet skjedde det mykje. Det kom kulturbrygg og kulturlivet blomsta i bygd og by, og me fekk framståande kunstnarar mellom anna innanfor musikk, litteratur og ulike former for kunst, til dømes målarkunst. Også når det galdt sport, har me som nasjon gjort oss sterkt gjeldande og hatt dugande utøvarar, til dømes innan vintersport.

Også globalt fekk me oppleva store endringar. På 1900-talet auka folkemengda i verda frå 2 – 3 milliardar til 7 – 8 i dag. Det er blitt eit spørsmål om kor mykje folk og menneskeleg aktivitet jordkula til slutt kan tola? Me har vore heldige og unngått verdsomspen-nande krigar, men mange lokale krigar har skapt store øydeleggingar og straumar med flykningar. Spørsmål som gjeld handtering av flyktingar og folk som vil flytta frå fattige til rikare land, har skapt politiske spenningar både i vårt og i andre land. I globalt perspektiv er det blitt færre fattige, fleire får utdanning og helse- og omsorg er for mange blitt betre. Ulike økonomiske

og sosiale forhold både mellom land og innan enkelte land skaper likevel spenningar og er årsak til konfliktar.

Særleg i dei vestlege landa har den store drivkrafta på slutten av 1900-talet og byrjinga av 2000-talet vore vekst og utvikling. Krav om omstilling og nyskaping har stått sterk, og jakta på meir rikdom og ære har prega vår tid. Dette har endra folk sine haldningar og innstil-lingar. Materielle verdiar er kome i høgsetet framfor meir åndelege verdiar og mellommenneskelege kvali-tetar som går på omtanke og solidaritet med folk i inn- og utland som treng omsorg og hjelp. Ønskje om profit og luksus har stått sterkare enn ideelle og immaterielle verdiar.

Alt kan ikkje veksa inn i himmelen, heiter det. Pro-blema har etter kvart meldt seg, mellom anna når det gjeld forureining, miljø og klima. Her står alle land overfor store utfordringar. Kravet om vekst og for-teneste har ført til rovdrift på naturen. Naturressursane er blitt utnytta til det ytste, naturområde er blitt øyde-lagde og matjord bygt ned. Etterkrigsgenerasjonane i si jakt etter økonomisk vinning og velstand har overlate til kommande generasjonar å løysa mange av dei pro-blema dette har skapt. Det er blitt sagt at folk i mi leve-tid har fått vore med på «festen», men let våre etter-komrar ta «oppvasken». Mykje tyder på at dei unge i dag ikkje ser så optimistisk på framtida som me i min ungdom gjorde.

I mi barndoms- og ungdomstid då landet vårt var fattigare, var folk meir innstilte på å stå saman og hjelpa kvarandre. Me hadde eit meir solidarisk sam-funn. Velstanden har ført til meir individualisme. Den enkelt er blitt meir oppteken av seg sjølv og kva som tener den enkelte best. Dette er noko som pregar oss mellom anna når det gjeld synet på flyktingar og inn-vandrarar, og solidaritet med andre land og folk som ikkje har det så godt som oss.

I 2020 har koronapademien/Covid 19 herja dei fleste land i verda. I Stavanger Aftenblad 21. november står det at i verda er over 37 millionar smitta og over 3 millionar er døde. I Noreg er over 31 500 smitta og over 300 døde. Dei tilsvarande tala for Rogaland er over 1200 smitta og 7 døde. Det er blitt sagt at pademien er jorda/naturen sin måte å forsvara seg mot menneska på.

Konsekvensane har vore store både for land og for enkeltindivid. Det blei til dømes brått slutt på all turisttrafikk med fly, og forretningsreiser og andre reiser blei sterkt reduserte. Dette førte til store konsekvensar for mange i reiseliv-, hotell- og servicenæringane. Stenging av barnehagar, skular, utdanningsinstitusjonar, idrettsanlegg, kino, konsertlokale med meir førte til vesentlege endringar i folks levevis. Det kom restriksjoner for å reisa med offentleg transport, og mange måtte ha heimekontor i staden for sin vanlege arbeidsplass. Ikkje minst har helsestellet møtt store utfordringar. Innan mange yrke har folk blitt permiterte eller mista jobben. Reglar om smittevern har endra livet og ført til isolasjon for mange.

I mars blei landet vårt stengt ned, men gradvis opna att før ei ny smittebølgje kom i oktober då styresmaktene igjen måtte til med råd mot smitte og strenge restriksjonar. Vårt land var på mange måtar heldig som hadde eit Oljefond å ty til. Mange næringar har fått god hjelp frå staten til å halda verksemda gåande. Vi har også eit godt utbygd helsestell. Covid 19 har ført til at mange samfunnsområde og enkeltindivid er blitt

skadelidande. Mange lever i isolasjon og er engstelege for kva framtida vil bringa. I denne månaden kom den glade meldinga om at det er utvikla ein vaksine mot Covid 19. Mange håpar at vaksinen kan slå pademien tilbake, men ingen veit kva slag verd vi får att når pademien er over. Utfordringane blir i alle fall store.

Historia lærer oss at tidene skifter. Stormakter kjem og fell frå. Me har oppgangs- og nedgangs tider, gode tider og tider med krig og ulykker, også pademiar. Verda går likevel vidare. Sola går opp og ho går ned. Det er mange meininger om kva lykke er. I vårt land trur eg at mange av oss som var barn under krigen og i tiåra etter, var heldige og kan vera takksame for den tida me fekk leva i. Kanskje vil ikkje våre etterkomrarar vera like heldige?

## Kjelder

Birger Lindanger: Rennesøy. Bygdesoga 4. Rennesøy kommune 2006.

Vilhelm Sunnanå: Livssoga mi. Lydband.

Leiv Brynjulf Aartun og Sigurd Aartun: Motstands-kampen i skolene 1940 1942. Lærerstriden mot nazifiseringen. Orion forlag 2003.

Svein Helgesen: Vandring mot varden. Sigmund Sunnanå – liv og virke. Forlaget horisont 2012.

# Mine første skoleår på Bjølsen skole i Oslo

AV SISSEL ØSTREM

Jeg kan godt huske min første skoledag. Det er kanskje fordi Terje, min verste fiende i nabologet, sa til meg at jeg var fin. Vanligvis pleide han bare å terge meg og få meg sint, men akkurat denne første skoledagen fortalte han altså med alvor at jeg var fin. Det er kanskje derfor jeg husker at jeg hadde på meg en rød pjekkert med «gullknapper» og en tilhørende hatt. Jeg hadde helt sikkert kjole eller skjørt på også, for langbuksene var bare til turbruk for oss jenter den gangen. Sannsynligvis hadde moren min sydd plaggene av noen plagg hun hadde fått fra en eller annen, for min mor var en kløpper til å snu enhver stoffrest slik at den minst slitte siden kom fram. Det var nok derfor det ofte kom folk til henne med skjorter, dresser, kjoler og frakker for å få plaggene omsydd. I etterkrigstida var slikt en nødvendighet, og jeg vil tro at min mor tjente seg noen ekstra kroner på grunn av sitt sy-talent. For øvrig var det i min barndom en udiskutabel sannhet at det var fedrene som tjente pengene, og at mødrene var hjemme for å ta seg av hus og eventuelle barn.

Jeg husker lite av hva som foregikk på skolen denne første skoledagen min. Men jeg husker tydelig at jeg fikk femti øre av faren til ei klassevenninne etter at vi to kom hjem. Det var et stort beløp for en sjuåring den gangen, og jeg kunne kjøpe meg to enorme potetlefser i kolonialbutikken, eller jeg kunne kjøpe meg 10 smør-bukk-karameller. Jeg likte begge deler, men kan ikke

huske hva jeg valgte den gangen. Sannsynligvis sparte jeg ikke femtiøringen, sjøl om vi tidlig lærte gjennom skolesparingen at «mange bekker små gjør en stor å». Foreldrene mine sendte med oss to kroner til skolesparingen, og frøken skreiv sirlig ned beløpet i bankbøkene våre. Skolen er pålagt mange nye oppgaver, men skolesparing slipper i hvert fall lærerne nå å befatte seg med.

Jeg gikk i en klasse med 28 jenter, og til å begynne med var det helt naturlig for meg at jenter (eller piker som det) var samla i en klasse med ei kvinnelig lærerinne, mens guttene var samla i en annen klasse med en mannlige lærer. På skolen hadde de også både jentekorps og guttekorps, og ingen hadde tidlig på femtitall funnet det formålstjenlig å slå korpsene sammen.

Da min kusine begynte på skolen et år etter meg, oppdaga jeg at i Odalen gikk gutter og jenter i samme klasse og kunne ha både kvinnelige og mannlige lærere. Dermed var kjønnsdelinga ikke fullt så naturlig for meg lenger.

Min frøken var en dyktig lærer som til og med hadde gitt ut bøker om undervisningspraksis. Bøkene blei jeg kjent med da jeg begynte på lærerskolen og snokte rundt på biblioteket der. Da oppdaga jeg at hun skreiv om det hun praktiserte overfor oss elever, og hun var nok ganske moderne med blant annet anbefalinger om gruppearbeid og viktige begrunnelser for dette. Hvis

jeg hadde kjent til betegnelser som progressiv- eller reformpedagogikk den gangen, ville jeg nok plassert henne i disse retningene. Frøken hadde oss i alle fag og styrte oss jenter med mild og bestemt hånd. Hun heva sjeldent stemmen og lo ofte sammen med oss i timene.

Jeg kan bare huske at hun var sint en gang. Det var da Ingrid kom på skolen med rød neglelakk på fingrene. Frøken refsa Ingrid med et raseri som skremte meg, og sendte henne så hjem for å få av seg «svineriet». Plutselig kjente jeg en enorm takknemlighet til min mor som nekta oss barn å røre noe på toalettbordelet hennes. Der visste vi at det fantes både neglelakk, leppestift og pudder, og vi kretsa rundt disse hemmelighetene med stor nysgjerrighet. Gjennom frøkens raseri gikk det virkelig opp for meg at slikt ikke var noe for skolebarn.

Kan hende at Ingrid var spesielt utsatt, siden mora hennes var såkalt *tyskertos* – et ord vi barn tidlig ble kjent med den gangen. Det kan ikke ha vært lett å være barn av foreldre på feil side under krigen, noe historien også forteller mye om. Når jeg tenker tilbake, tror jeg kanskje at frøken var mer krass overfor Ingrid enn overfor meg. Vi visste alle at frøken hadde sittet på Grini under krigen. Hun snakket aldri om dette sjøl, men blant foreldregenerasjonen i min familie var det et tydelig skille mellom de menneskene som hadde valgt rett og de som hadde valgt feil side i krigsårene. Frøken var slik sett ei heltinne i mine øyne fordi hun hadde nekta å underkaste et regime hun tok avstand fra, vel vitende om at da måtte hun ta sin straff.

Da familien min seinere flytta fra Oslo til en nabokommune, fikk jeg nok en lærer som hadde sittet på Grini. Ei stund i barndommen trodde jeg derfor at alle lærere hadde kjempet på rett side under krigen. Nå veit jeg at bildet er mer sammensatt, og i voksen alder har jeg ofte lurt på hvordan mine foreldres forhold til skole ville vært dersom jeg hadde fått lærere fra feil side.

Etterkrigstida preget altså mine første skoleår i Oslo, og mat var et problem lenge etter krigen for by-beboere. Jeg kan godt huske at de voksne i familien kritiserte bestemte bønder som tjente seg rike på matmangelen, og jeg husker godt rasjoneringeskortene. Oslo-frokosten var da et godt tilbud for mange familier, og der fikk vi barn sunn mat og måtte sitte lydige ved lange bord for å innta tran, kålrabi og grove skiver med ost eller leverpostei. Og vi fikk melk i uknuselige blikk-krus. Damene som passet på oss gikk rundt i kvite forklær og passa på matro under frokosten.

Noen ganger kom det Amerika-pakker til skolen og forskjellige nyttige ting ble delt ut til elevene. Det kunne være tannbørster, sokker eller votter. Jeg fikk et par grønne votter i akryl, et materiale som egner seg dårlig for kalde vintre. I stedet blei selbuvottene som mor og mormor strikka av opptrekks-garn flittig brukt. Dessuten fikk vi også hver jul Amerika-pakker hjem fordi min mor hadde to tanter som bodde der. Lukten av rosiner, fiken, dadler og aprikosser var himmelsk og innbød til lettsindige utskeiselser. Det mest fantastiske var likevel tyggegummien.

Min familie var kanskje privilegert siden min far hadde vært i dekning på en gård i Valdres under krigen. Av og til sendte bøndene oss mat når de hadde slakta, tatt opp poteter eller kålrabi. Da var det fest i familien, og noen ganger i året kunne vi spise oss mette på kjøtt. Ellers var poteter med saus det vi kunne spise oss mette på, og når vi hadde pølser var det en halv pølse per person. Ingen forskjell mellom voksne og barn i slike saker som mat. Jeg liker fortsatt pølser, og nå eter jeg så mange som jeg orker. En utrolig forskjell har skjedd, og siden jeg har sammenligningsgrunnlag, er jeg utrolig takknemlig over å kunne spise meg mett på pølser.

Jeg husker også godt streiken blant Oslo-lærerne den gangen. Da fikk frøken jobb i firmaet der min far

arbeidet. Jeg tror nok aldri han ville skaffa henne jobb hvis hun hadde vært på feil side under krigen. Motsettingene var nok så sterke den gangen at sjøl min milde far kunne forsøre hen retting av nazister. Når jeg i ungdommen klandra foreldregenerasjonen for deres ugjerninger i etterkrigstida, og særlig for bruk av dødsstraff, svarte mine foreldre alltid: Du må forstå dette i lys av den historien handlingene var en reaksjon på.

Jeg har aldri forstått dette, ei heller ikke hvordan vi forholdt oss grusomhetene mot jødene.

Min snille mormor snakket om *Jødebutikker*, og det var visstnok butikker der innehaveren snøyt kundene. I år leser hele Rogaland om Rabinowitz i Haugesund og hans skjebne. For de av dere som er interessert i vår behandling av jødene, anbefaler jeg på det sterkeste Marte Michelett si bok: *Den største forbrytelsen*.

Verken frøken eller den mannlige læreren min gjorde krigen til tema i sin undervisning, til tross for at de nok måtte ha sterke opplevelser under huden. I stedet fortalte frøken bibelhistorier som vi tegnet fra etterpå, hun fortalte om katolisismen i Italia der hun hadde venner, og hun lærte oss Lucia-sangen på italiensk. Den kan jeg fremdeles. Dessuten var hun venninne med barnebarnet til Arne Garborg, så slik blei 28 Oslo-jenter kjent med Jæren, dikteren Garborg og framfor alt tekstene i Haugtussa. Jeg kan aldri huske at vi jenter fant nynorsk problematisk, for historien til Veslemøy tok overhånd og berørte oss stort ved hjelp av frøken og venninna hennes. Jeg kan fortsatt mange av diktene fra Haugtussa utenat. Det som berørte meg mest, var nok diktet om Veslemøy som sitter og gråter

ensom under en busk etter å ha venta på han som hadde lova å komme. «*Ho reknar dag og stund og seine kveld til sundag kjem, han hev så trufast lova ...*». Men han kom ikke. Gjett om vi Oslo-jenter hadde sympati med Veslemøy og hata denne svikefulle gutten! Foreldrene våre blei også kjent med Haugtussa og Garborg ved sommeravslutninga der vi 28 jenter gikk gjennom historien til Haugtussa ved å deklamere dikt utenat.

På skolen hadde guttene sløyd og jentene håndarbeid. Vi jenter sydde poser til gymtøyet vårt og forklær til heimkunnskapen, og vi lærte oss samtidig korssting, hullfall og engelsk som. Guttene hadde ikke heimkunnskap, men i stedet mer regning enn oss jenter. De skulle jo passe på familieøkonomien, mens vi jenter skulle bli husmødre og lage mat og sy klær til familiene våre.

Da jeg som voksen begynte på lærerutdanning, fikk jeg innblikk i skolehistorie og skjønte at jeg hadde gått etter Lov om folkeskolen i byen, mens min kusine i Odalen hadde gått etter Lov om folkeskolen på landet (begge fra 1936). Det forklarer noen av forskjellene i vår skolegang. For øvrig tror jeg ingen av oss har dårlige minner fra skolen, og det eneste plagsomme jeg kan komme på er doene på Bjølsen skole. De lå i kjelleren med bås etter bås på lang rekke for jentene, og likedan var det visst på guttedoen. Det var ingen låser på bås-dørene, og da kunne du risikere at de eldre elevene åpna døra og håna deg mens du satt på do. Ordet mobbing var ikke oppfunnet den gangen, men det var like fullt plagsomt og ytterst pinlig å bli gjort til offentlig skue mens du satt på do. Jeg tror mange av oss i småskolen var uhyre tissetrengte etter endt skoledag.

# Kort omtale av forfattarane

**GUNNAR BERGE** (f. 1940) hadde sine barne- og ungdomsår i Etne. Han tok fagutdanning i Stavanger, og arbeidde på Rosenberg Mek. Verksted. Han representerte Arbeidarpartiet i Stavanger bystyre 1963 – 1967 og fra 2015 – 2019. Frå 1969 til 1993 var han stortingsrepresentant, og var mellom anna parlamentarisk leiar og medlem i fleire komitear og varapresident i Lagtinget. Dessutan hadde han fleire styreverv i partiet. I regjeringar til Gro Harlem Brundtland var han finansminister 1986 – 89 og kommunal- og arbeidsminister 1992 – 96. I 1990 blei han utnemnd til sjef for Oljedirektoratet, men tok ikkje til i denne stillinga før han gjekk ut av regjeringa. Han hadde denne stillinga til 2007, då han blei styreleiar i Petoro A/S. I åra 1997 – 2002 var han medlem i nobelkomiteen, og var leiar for komiteen 2000 – 02. Han er æresmedlem i Arbeidarpartiet. Gunnar Berge har gitt ut sjølvbiografien: *Til Kongen med fagbrev*.

**MARIE REIN BORE**, (f. 1942). Gikk på Orkdal Landsgymnas, studerte ved Universitetet i Oslo, tok norsk hovedfag. Arbeidet som lærer på realskole og videregående noen år. Deretter arbeidet jeg som journalist, først i avisas Vårt Land og så i Stavanger Aftenblad fra 1983 til 2012.

**INGE BØ**, (f. 1934). Lærarutdanning, befalsskole, magistergrad i pedagogikk, doktorgrad i sosialpedagogikk. Lærar i folkeskule, lærarskule, sosialhøgskule og distriktshøgskule. Professor ved Høgskolen i Stavanger. Fag- og forskingsområde: utviklingspsykologi, sosialpsykologi, miljørbeid og sosiale relasjonar. Har skrive lærebøker og artiklar i dagspresse og fagtidsskrift. Pensjonist.

**REIDAR FRAFJORD**, (f. 1939). Befalsutdanning, lærarutdanning, cand.mag. grad. og vidareutdanning i kristendomskunnskap, norsk, pedagogisk rettleiing, førebuande prøver i filosofi, gresk, latin og hebraisk. Undervisningsinspektør, øvingslærar, praksisrettleiar i norsk. Undervist i pedagogikk ved Misjonshøgskolen. I fleire år redaktør av Byhistorisk forenings tidsskrift, "Stavangeren". Skrive ei rekke bøker og artiklar i tidskrift og dagspressa om lokalhistoriske emne. Pensjonist.

**SIGMUND HARBO**, (f. 1937). Dr. theol. fra Universitetet i Oslo 1987. Faglitterær produksjon: *Religionspsykologi. Faktorer som påvirker religiøs holdning*. Stavanger Lærerhøgskole 1982. *Barndomserfaringer og voksentro. En religionspsykologisk undersøkelse av*

*forholdet mellom tidlig påvirkning og seinere holdning til kristendom.* Oslo, Universitetsforlaget 1989.

En rekke andre vitenskapelige og populærvitenskapelige artikler.

Yrkesfaring bl.a.: Dosent Stavanger lærerhøgskole. Medredaktør i tidsskriftet Prismet. Leder Kirkerådets nemnd for undervisning.

**KJELL A. JENSEN**, (f. 1933). Lærarutdanning og vidareutdanning i pedagogisk rettleiing, forming, engelsk og musikk. Lærar i grunnskolen, øvingslærar, metodikk-lærar, konsulent hos Skoledirektøren i Rogaland, rektor. Skrive diverse metodehefte og artiklar om skolespørsmål og undervisning. Pensjonist.

**MAGNHILD MELTVEIT KLEPPA** (f.1948) er utdanna lærar med vidareutdanning i historie med samfunnsfag, spesialpedagogikk og biologi. Ho har vore lærar i Strand og lærar og rådgjevar i Hjelmeland, stortingsrepresentant 1993-2013, statsråd i sosial- og helsedepartementet 1997-2000, leiar i Stortingets kommunalkomite 2001-2005, parlamentarisk leiar i Senterpartiet 2005-2007, statsråd i kommunal- og regionaldepartementet 2007-2009, statsråd i samferdselsdepartementet 2009-2012 og fylkesmann i Rogaland 2013-2019.

**ENOK LAUVÅS**, f. 1939 i Riska, nå Sandnes kommune. Var «erstatningslærar» nokre år før 4-årig lærarutdanning i Stavanger. Allmennlærar 1968. Mest praksis frå ungdomsskolen. Timelærar i samarbeid med prosjektet «arbeidslivskunnskap i skulen». Pedagogisk embeteksamen 1987. Fast tilsett frå 1994 ved Stavanger lærarhøgskole som lektor ved praktisk-pedagogisk utdanning. Pensjonist 2004. Interesse/hobby: lokalhistorie.

**NILS MÆHLE**, (f. 1941). Har embeteksamen i filologi (norsk hovudfag) frå Universitetet i Bergen. Har undervist i norsk ved Stord lærarhøgskule i allmennlærar- og førskulelærarutdanninga og i vidareutdanninga (norsklinja, eittårig). Har også undervist i samfunnsfag og mediekunnskap og i sosialfag i førskulelærarutdanninga. Var tilsett i Lærarutdanningsrådet der hovudoppgåva var arbeidet med ny studieplan for allmennlærarutdanninga (1980). Var tilbake som norsklærar på Stord og var dessutan fagrettleiar i norsk i Lærarutdanningsrådet. I ein periode var han rektor ved Volda lærarhøgskule, og var høgskuledirektør ved Høgskolen i Bergen til han vart pensjonist i 2009. I tida 1990 – 1994 var han direktør ved to høgskulestyre, først i Møre og Romsdal, deretter Hordaland (1992- 94).

**SIGMUND SUNNANÅ**, (f. 1932). Lærarutdanning, magistergrad i pedagogikk. Lærar i folke- og framhaldsskole, øvingsskole og lærarskole. Dagleg leiar i Lærarutdanningsrådets sekretariat, rektor ved Stavanger lærarhøgskole, skoledirektør/utdanningsdirektør i Rogaland. Formann i Lærarutdanningsrådet. Utgreiingsarbeid og artiklar i aviser og tidsskrift. Pensjonist.

**SISSEL ØSTREM**, (f.1944–d.2021). Lærerutdanning, doktorgrad i pedagogikk. Var førsteamanuensis i pedagogikk ved UiS. Har arbeidet i lærerutdanninga siden 1989 og undervist på PPU, i allmenn-/grunnskolelærerutdanning, veilederutdanningene og spesialpedagogikk. Hadde mange års erfaring som lærer i grunnskolen, også som øvingslærer.

**Årsmelding**  
**for Skolemuseumslaget i Rogaland 2020.**

Årsmøtet for skolemuseumslaget i 2020 blei halde 24. september på Stavanger Museum. Sju personar møtte. Årsmelding og rekneskap for 2019 blei lesne opp og godkjent.

Valet fekk følgjande utfall:

Leiar: Sigmund Sunnanå.

Kasserar: Marta Gudmestad.

Andre styremedlemmer: Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne.

Varamedlem: Sissel Østrem hadde bedt om fritak. Som nytt medlem blei valt Dan Dyrli Daatland.

Revisor: Kåre Tysland.

Redaksjonsnemnd: Sigmund Sunnanå, Marta Gudmestad, Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne, Dan Dyrli Daatland..

Årsmøtet starta med at Hege Stormark orienterte om Skolemuseet.

På grunn av koronasituasjonen blei det i 2020 ikkje arrangert møte med foredrag i samarbeid med Stavanger Museum.

Styret har hatt to møte. Styret har arbeidd vidare med å utvikla heimesida for skolemuseumslaget. Fleire nye artiklar er lagt ut. På heimesida ligg nå 9 skolehistoriske årbøker, 35 artiklar, av dei 27 i arkivet) og 10 skoleminne. Statistikken viser at heimesida i 2020 hadde 16011 besök.

Adressa til heimesida er [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no).

Skolemuseumslaget hadde i 2020 121 adresser på medlemslista. Dette er 7 færre adresser enn i 2019 (utmeldingar/dødsfall). Laget har fått ein ny medlem. Vi har 57 e-postadresser til medlemmer, av desse er 11 nye. E-post og brev (76 brev) om innbetaling av årskontingenten blei sendt til medlemmene 1. des. 2020. Ved årsskiftet hadde 45 medlemmer betalt. Vi sender ikkje lengre brev til 11 skolar i Sola og 38 skolar i Stavanger. Fordi vi ikkje har e-postadresse til alle medlemmene, vil framleis korrespondanse pr. post vera nødvendig.

Laget fekk i 2020 eit tilskot frå Utdanningsforbundet på kr 5000.- til drift av heimesida.

SKOLEMUSEUMSLAGET FOR ROGALAND

REGNSKAP FOR 2020

INNTEKTER :

SR-bank 31.12.2019	29.357.80
Kontanter	212.00
Kontingent	11.000.00
Renter	6.00
Bidrag – Utdanningsforbundet	5.000.00
	-----
	45.575.80
	-----

UTGIFTER :

Porto	1.292.00
Kontorrekvisita	536.00
Kontingent	250.00
Web -side , endring/vedlikehold	12.500.00
Banktjenester	312.00
Balanse	30.685.80
	-----
	45.575.80
	-----

BEHOLDNING 31.12.2020

SR-BANK	30.473.80
KONTANTER	212.00
	-----
	30.685.80
	-----

Stavanger 02.02.2021

Marta Gudmestad  
kasserer

*Er du interessert i skolehistorie?*



## Bli medlem i Skolemuseumslaget for Rogaland

Skolemuseumslaget for Rogaland har til oppgåve  
å samle inn skolehistorisk stoff av eldre og nyare dato,  
spesielt frå Rogaland. Stoffet blei frå 1984–2017 presentert i  
Skolehistorisk Årbok for Rogaland.

Styret er interessert i tips til emne og tema som  
kan vere aktuelle for heimesida.

Medlemmer i skolemuseumslaget er enketpersonar  
og skolar. Medlemskontingenten er p.t. kr 200,-.

### **Skolemuseumslaget har adresse:**

Skolemuseumslaget for Rogaland  
v/Marta Gudmestad,  
Lyngvollveien 7, 4017 Stavanger.  
Tlf. 51 58 84 05 / 913 50 806  
Kontonr.: 3201.13.54792

Leiar av styret, Sigmund Sunnanå,  
Øvre Stokkav. 44, 4023 Stavanger.  
Tlf. 51 56 03 20 / 971 91 891.

**SKOLEMUSEUMSLAGET I ROGALAND**  
[skolehistorie.no](http://skolehistorie.no)